

Giske kommune

– Historisk og framtidsretta –

Årsrapport 2022



Greitt å vite

Befolkning



Innbyggarar i Giske kommune

8 692

Kommunen sin økonomi



Netto driftsresultat av brutto driftsinntekter



Netto driftsresultat


32,6 mill. kr

Arbeid og utdanning

Antall tilsette 643 / Antall årsverk 528



	Menn	Årsverk
	121	103
	Kvinner	Årsverk
	522	425



Gjennomsnittlig stilingsbrøk for tilsette



Sjukefråvær 7,3%

Kilde: Statistikkpakken frå KS sitt pai-register

Barn og utdanning



Tal på skuleelevar

1227

Tal på barn i SFO

255

Full plass 128





563 barn i barnehagar fordelt på



110
Kommunale barnehagar



453
Private barnehagar

Brann og utrykking

Utrykking på ulike hendingar i 2022

87

Inklusiv øvingar, falsk/feil på alarmar



Pleie og omsorg



Antal brukarar innan pleie og omsorgstenester **1024**

Sjå meir her: www.ssb.no/kommunefakta/giske



Kommunedirektøren har ordet

BUDD FOR FRAMTIDA

I april 2022 vart Giske kommune meld ut av ROBEK-lista. Dette skuldast ein kombinasjon av tidlegare sparetiltak og høg skatteinngang i 2021. Resultatet for 2022 syner eit netto driftsresultat på 32,6 mill kr og ei avsetjing til disposisjonsfondet på 24 mill kr. Det samla disposisjonsfondet har auka til 36,7 mill kr. To gode år på rad betyr at kommunen har ein vesentlig betre buffer til å tåle uventa svingingar i drifta. Årsaka til det gode resultatet skuldast framleis god skatteinngang, fokus på effektiv drift og frigjering av fond etter endringar i pensjonsporteføljа. Av desse faktorane er det kun fokus på drift som vi har råderett over og som vil gje årleg verknad på økonomien i Giske kommune. Det er difor framleis naudsynt å gjere endringar i tenestemodellane, bruke digitale verkty og utvikle medarbeidarar og leiarar.

Framleis er gjelda i kommunen altfor høg og vi er sårbar for auke i rentenivået. Men vi er no i vesentlig betre stand til å kunne handtere uventa hendingar, som til dømes eit dårleg skatteår.

Mudringsprosjektet i Gjøsundet vert ferdigstilt i mars -23 og har gjeve fiskerinæringa ein framtidsretta stad å utvikle seg. Mudringsmassen som er deponert på Gjøsundneset kan utviklast til å skape mange nye arbeidsplassar i kommunen. Vi merker stor interesse frå mange ulike aktørar som ser verdien av den sentrale lokaliteten dette området har. I arbeidet med mudringa viste det seg å være adskillig meir harde massar enn grunnundersøkinga skulle tilseie, i tillegg vart prisveksten også betydeleg høgare enn forskoteringsavtalen la til grunn.

Framover viser alle prognoser at kostnadane til Helse og omsorg vil auke. Kommunen må difor halde fram arbeidet med å tilpasse drifta for å kunne handtere denne endringa på ein god måte. På dette området har kommunen lagt ned eit stort arbeid med å skaffe godt kunnskapsgrunnlag, måle seg mot andre kommunar og lage ein strategi for omstilling. Vi må i mykje større grad enn før legge opp til variert tilbod med meir tenester knytt til førebygging og i bustaden til brukarane. Dei romma vi har til heildøgns omsorg vil det verte bruk for i framtida, men vi må tildele dei etter klare og like kriterium slik at vi kan greie å handtere den veksten som kjem.

Dei siste åra har vi møtt utfordringar som krever rask respons og evne til å løyse komplekse problem. Siste året har Giske kommune busett 49 flyktningar, dei aller fleste frå Ukraina. Dette har vore krevjande sidan vi ikkje har nok kommunale boligar til å dekke behovet. Digitale trugsmål er ei aukande sårbarheit for alle, og kommunar har vore mål for mange angrep. Vi har på ei rekke område styrka sikkerheita for slike angrep, i samarbeid med E-kommune Sunnmøre.

Samfunnsplanen er det viktigaste styringsverktøyet i ein kommune. Vi har gjort eit stort arbeid med å rullere den, samtidig som vi har samordna den med Strategi for Helse og Omsorg og den interkommunale Planen for Klima, Areal og Transport(PAKT) Gjennom denne samordninga har vi eit planverk som både gjev retning for korleis vi utviklar infrastrukturen, areala våre og tenestene i ei berekraftig retning.

Ein kommune er ein politisk styrt tenesteprodusent, og for å lukkast må vi ha engasjerte politikarar som vil bruke fritida si på å skape eit betre lokalsamfunn og tilsette som finn meining i å gje gode tenester til innbyggjarane. Trass enkelte utfordringar trur eg dei fleste i Giske kommune set pris på å bu i kommunen og opplever at dei får gode tenester. Eg vil rose både dei tilsette og politikarane i Giske for den store innsatsen dei legg ned i å skape eit godt samfunn.



Overordna mål og satsingar

Overordna mål

Dei overordna måla til Giske kommune blir gitt i kommuneplanens samfunnsdel. Det vert arbeidd etter Samfunnsplanen for åra 2014-26. Den legg til grunn at Giske skal vere ei samspelkommune. I samspelkommunen ligg at eige ansvar, frivillig innsats og profesjonelle tenester spelar på lag på nye og kreative måtar. Dette er viktig i dag og i framtida, og særleg når ein ser korleis demografien i kommunen vil utvikle seg i same periode.

Satsingsområda som er valt for perioden er følgande:

- Vere ein god plass å bu - der alle vil bu
- Ha gode levekår
- Vere ein god næringskommune
- Ha eit rikt kulturliv

Satsingar

Basert på satsingsområda i samfunnsplanen har kommunen i 2022 arbeidd med følgande hovedområde:

- Sikre god økonomisk styring og kontroll, og endre tenestetilbodet i tråd med samfunnsutviklinga. Giske kom ut av ROBEK i april 2022. Skal kommunen få ein berekraftig økonomi må den fortsette med endring og tiltak for å ta ned drifta. Omstillingsarbeidet som er set i gang i pleie og omsorgstenestene er ein kritisk suksessfaktor for å oppnå ei berekraftig økonomisk utvikling og møte framtidas utfordringar med vekst i helse og omsorgstenestene.
- Omstillingsprogrammet «Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi»: fokus i 2022 har vore å ta i bruk eksisterande verktøy og arbeide med arbeidsprosessar knytt til dette. Nettbaserte løysingar for intern kommunikasjon og informasjon må vidareutviklast, overgang til digitale timelister, digital besøksregistrering i bygga, og ikkje minst forbetra digital søknadsprosess knytt til byggesak.
- samhandle slik at det blir levert tenester til flest mogleg i samspel med innbyggarane, dei frivillige og dei tilsette.
- samhandle med næringslivet, og legge til rette for vidare vekst, utvikling og nye næringar.
- samarbeide med nabokommunane våre, særleg Ålesund kommune og Sula kommune for å bygge ein sterk region.
- ha fokus på og vere pådrivar til vidareutvikling i bruk av digitale verktøy for å møte den veksten som kjem blant anna knytt til eldrebølgja.
- arbeide for FN's berekraftsmål for å ivareta miljøet, bruke mindre, gjenbruke, og ha eit spesielt fokus på havet og søppel i havet.
- ferdigstille marine grunnkart saman med nabokommunane og ta det i bruk i hamneutvikling og i planlegging av sjøområda.
- endre organisering og struktur ut ifrå samfunnsutviklinga.
- bidra til felles utvikling av Ålesundsregionen gjennom viktige samspelsprosjekt som Smart-by, Plan for klima, areal og transport (PAKT) og handlingsplan for førebygging av vold og seksuelle overgrep.

Hovudmål 1: Giske kommune skal vere ein god plass å bu

6aup3jakT202	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2022
Kommuneplan-samfunnsdel	Tilrettelegge for bustadutvikling	Reguleringsplanar blir behandla innan frist	I planperioden	Innanfor budsjett	I planperioden.

6aup3jakT202	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2022
		Byggesaker vert behandla innan frist	Fortløpande	innafor budsjett	Fortløpande
	Utvikle infrastruktur i tråd med bustadutviklinga	Kommunal utbygging	Ikkje prioirtert i denne planperioden på grunn av den økonomiske situasjonen	Krev investering	Ikkje prioirtert i denne planperioden på grunn av den økonomiske situasjonen
		Privat utbygging gjennom bruk av utbyggingsavtale med kommunen	I planperioden	Auka kostnadar til drift og vedlikehald etter utbygging	I planperioden
Rullering samfunnsdel	Oppdatere samfunnsplanen for neste planperiode.	Fullføre rullering av samfunnsdel	2022 - 23	Innanfor budsjett	Til godkjenning april 2023
Rullering arealdel	Oppdatere arealdelen for neste planperiode.	Vurdere rullering av arealdelen i 2022 - 2023	2023	Innanfor budsjett	Oppstart arbeid i 2023

Hovudmål 2: Giske kommune skal ha gode levekår

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2022
Kommuneplan		Reduserte kostnadar	2022	Innanfor budsjett	Leanprosjekt Pleie og omsorgstenester i takt med framtida. Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050
	Definere kva tenester kommunen skal tilby og nivået på desse	Avklart tenestenivå	2022	Innanfor budsjett	Strategi bu- og tenestetilbod pleie og omsorgstenester i takt med framtida. Leanprosjekt, Pleie og omsorgstenester i takt med framtida.
		Avklart ansvarsdeling mellom kommunen og innbyggarane, mellom anna gjennom å arbeide med serviceerklæringar og med basis i "kommune 3.0-tankegang"	2022	Innanfor budsjett	Leanprosjekt Pleie og omsorgsteenster i takt med framtida.. Tildelingskriterier for heimebasert teneste og heildøgn institusjon, bukollektiv, psykiatri og rus er på plass.
	Innføre ny struktur innafor oppvekstområdet	Likeverdige tenester for alle brukarar, reduserte kostnadar	2022	Med eigne ressursar innanfor budsjett	Skulestrukturen vart fullført etter vedteken plan hausten 2021. Auka elevtal medførte auka kostnader.
	Utvikle omsorgstenester i tråd med samfunnsutviklinga i samspel med brukarane, pårørande og innbyggarane	Tilpassa tenestetilbod til rett kvalitet til den enkelte brukar, reduserte kostnadar	2022	Med eigne ressursar innanfor budsjett	Oppstart lean-prosess 2022. Ferdig 2023

Hovudmål 3: Giske kommune skal vere ein god næringskommune

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2022
Strategisk næringsplan (SNP) 2016-25	Starte utbygging av Gjøsund nasjonale fiskerihamn	Starte mudringsarbeid	Fullføre mudringsarbeid 2023	Stat-/fylkesfinans	Mudringsarbeidet fullført mars-23. Vidare plan for Gjøsund hamn og næringsområde vert arbeidd med.
	Legge til rette for næringsutvikling	Samarbeid med næringsaktørar i Giske kommune	2022 - 23	Innanfor budsjett	Under arbeid.
Etablerar-satsing	Fleire etablerarar på kurs	Satsing på hoppid-kontoret	2022	Innanfor budsjett	Under arbeid.
Landbruk og viltforvaltning	Betre kunnskap om landbruksnæringa i Giske kommune.	Gjennomført synfaringar og gardsbesøk ved behandling av søknader og spørsmål om areal-forvaltning	2022	Innanfor budsjett	Utført.
	Omorganisere viltområda	Organisert hjortevalda i eit bestandsplan-område	2022	Innanfor budsjett	Under arbeid.

Hovudmål 4: Giske kommune skal ha eit rikt kulturliv

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2022
Kommuneplan	Legge til rette for ein berekraftig frivillig sektor som kan samspele med profesjonelle og kommunen	Ein aktiv kulturkommune	Årleg 2020-23	Innanfor budsjett	
	Bidra til at ungdommen finn sin plass i kommunen ved at dei får delta i og vere med på ulike aktivitetar og fritidstilbod	Arrangere UKM og ulike verkstadsaktivitetar	Årleg 2020-23	Innanfor budsjett	
	Sikre og merke turstiar frå fjell til fjøre, samt ta vare på kulturminne og kulturmiljø	Betre tilrettelagt turområde for alle	2023	Innanfor budsjett	I 2022 er Stikk ut skilt set opp i samråd med Friluftsrådet. Kommunen har delteke i planlegging og arbeid knytt til tursti Vigrastova til Blindheimsvika gjennom Frivillegsentralen.

Oppfølging av kommunen sin planstrategi og tidlegare vedtekne planar

Kommunale planar - oversikt med status og planlagt prioritering

Tenesteområde/plan	Type	Vedtatt	2022	2023	Stipulert kostnad
Sentraladministrasjonen:					
Kommuneplanens samfunnsdel 2023-2033	KP	2014		Ny	-
Kommuneplanens arealdel 2018-2030	KP	2018		Rull	-
Kommunedelplan naturmangfald	KD	2018		Rull	-
- handlingsdelen				Ny	-
Økonomiplan 2022-2025	KP	2022	Årleg rullering	Rull	-
Digitalisering og omstilling	TP	2016			-
Stab:					
Strategisk næringsplan 2016-2025	KD	2016		Rull	-
Beredskapsplan	TP	2019	Rull	Rull	-
Oppvekst:					
Kompetanseutvikling for grunnskulen	TP	2019	Rull	Rull	-
Kompetanseutvikling for barnehagen 2014-2017	TP	2015		Rull	-
Barnehageplan 2008-2011	TP	2008			-
Kvalitetsplan for oppvekst 2022-2026	TP	2022		Rull	-
IKT plan - pedagogisk bruk	Tp	2020			
Helse, sosial og omsorg:					
Helse- og omsorgsplan 2021-2025	TP	2021			-
Strategi helse og omsorg 2050	TP	2022	Ny		-
Alkoholpolitisk handlingsplan	TP				-
Kompetanse og rekrutteringsplan 2019-2022	TP	2019			-
Pandemiplan 2020-2024	F	2020			-
Smittevernplan 2020	F	2020			-
Teknisk:					
*Kommunedelplan avløp	KD	2012			
Hovudplan vatn og avløp	KD		Ny		-
**Klima- og energiplan	TP	2010			-
Kommunedelplan trafikktrygging	KD	2012		Ny	250.000
Områdeplan for Roald (delsenter)	O			Ny	500.000
***Områdeplan Sætra og Gjøsund	O			Ny	50.000
Miljø og kultur:					
Kulturplan 2016-2026	TP	2016			-
Museums-/kulturminneplan	TP		Ny		-
Plan for friluftslivets ferdselsårer	TP			Ny	-
Landbruk:					
Landbruksplan	TP	2009			-
Interkommunale planar:					
Plan for areal, klima og transport i Ålesundsregionen (PAKT)	R		Ny		-
Interkommunal sjøarealplan for Sula, Giske og Ålesund (oppstart 2022)			Ny		-

* Integrerast som del av ny hovudplan for vatn og avtløp 2022

** Klima- og energiplanen vert av resursmessige grunnar ikkje fullført i denne planperioden. Planen skal integrerast i kommuneplanen sin samfunns- og arealdel.

*** Planarbeidet stoppa opp gå grunn av uavklart framtidig hovudkryssløysing.

KP: Kommuneplan, KD: Kommunedelplan, TP: Temaplan, I: Interkommunal plan, R : Regional plan, O: Områdeplan, F: Fagplan



Kvalitet, internkontroll og beredskap

Kommunelovas § 25-1 set krav til kommunedirektøren si oppfølging av internkontrollen. Fokus på kvalitet, internkontroll og beredskap er styrka dei siste åra. Stillinga til seniorrådgivar kvalitet og beredskap har 1 årsverk.

Hovudoppgåver innafor kvalitet og internkontroll har i 2022 vore:

- oppbygging av kommunen sitt heilskaplege kvalitetssystem; Compilo:
  - utprøving av ny modul; Årshjul
  - ny modul: Offentleg innsyn

- opplæring og implementering av Compilo:
  - auke generell bruk av Compilo. Har auka frå ca 1100 påloggingar i 2020, til ca 10100 i 2021 og 12300 i 2022.
  - auke melding av avvik: Har auka frå ca 700 i 2021 til ca 1000 i 2022
  - auke bruken av dokumentmodulen. Har auka frå ca 2700 leste dokument i 2020, til ca 16000 i 2021 og 17100 i 2022.
  - opplæring i dokumentmodulen, lage dokument og revidere dokument
  - støtte einingsleiarar ved utarbeiding av ROS-analyser
  - lage brukarrettleiingar og opplæringsvideoar om Compilo

- planlegging, gjennomføring og etterarbeid etter leiinga sin gjennomgang
- samarbeid med personvernombod i IKA Møre og Romsdal:
  - handtering av personvernavvik
  - innsynskrav
  - opplæring av tilsette i personvern med nanolæring med Junglemap

- revisjon av "Mål og strategi for arbeid med internkontroll og kvalitet i Giske kommune 2021-2024" i kommunestyret
- lean "Pleie og omsorg - I takt med framtida"
- lean-arbeid med legemiddelhandtering
- avslutning av Kompetanseløft med Digi Møre og Romsdal
- rettleiing og støtte til einingsleiarar ved ulike tilsyn med Giske kommune frå Statsforvaltar og Arbeidstilsynet

Hovudoppgåvene innafor beredskap har i 2022 vore:

- handtering av covid-19
- handtering av flyktningsituasjoenen som følgje av krigen i Ukraina
- fire andre kortvarige krisehandteringar
- samarbeid med omkringliggande kommuner, statsforvaltar, politi m.fl.
- rapportering til Statsforvaltar
- revisjon av beredskapsplan

- oppfølging av tilsyn frå Statsforvaltar på kommunal beredskapsplikt

Giske kommune er ein lærande organisasjon der vi saman jobbar med å utvikle kapasitet til å levere tenestene våre i tråd med verdiane våre; respekt, løysingsvilje, engasjement og kvalitet.



Etikk

Med hjarte for Giske

Giske kommune har sett etikk i system. Dei etiske retningslinjene gjeld for tilsette og politikarar. Retningslinjene vert gjennomgått årleg i leiarsamlingar, i arbeidsfellesskapet og i rettleiing av tilsette. Etikk er på agendaen i opplæring for nye leiarar, og i alle tilsettingsprosessar. I 2022 har refleksjon over etiske dilemma vore på saklista i kommunedirektøren sitt leiarforum, og i dei regelmessige møta mellom kommunedirektør og tillitsvalde.

Både verdidokumentet og dei etiske retningslinjene er rettesnor i møte med innbyggjarane, samarbeidspartnarar, og mellom dei tilsette. Dei skal hjelpe oss til å nytte hjartet i beslutningane våre, og i korleis vi opptrer.

Giske kommune har blant anna gjennom rutiner og prosedyrer fokus på antikorrupsjonsarbeid. Økonomirutiner har fokus på delt ansvar i bestilling, fakturahandtering, begrensing i beløpsgrenser ved godkjenning.

Vesentlege avvik frå kommunestyret sine premiss for bruk av bevillingane

Utgangspunktet for arbeidet med handlings- og økonomiplanen for 2022 - 2025 var å utarbeide konsekvensjustert budsjett for 2022 for kva det vil koste å drive kommunen sitt tenestetilbod ut frå den standarden og det volumet som er etablert, og med full årseffekt av endringar og sparetiltak som vart sett i gong i løpet av 2021.

Ved utarbeiding av handlings- og økonomiplanen for 2023 - 2025 var Giske kommune innmeldt i ROBEK, underskotet til framføring var kr 26 645 683, og budsjettert inndekning i 2022 var 7,4 mill.kr. På grunn av den gode skatteinngangen i 2021, fekk kommunen eit netto driftsresultat på 33 mill.kr og kunne då dekkje heile underskotet. Giske vart difor utmeldt frå ROBEK 28.4.2022.

For å få eit budsjett i balanse, vart det i tillegg utarbeidd tiltak. Ein del av dei vedtekne viste se å ikkje vere gjennomførbare, andre kom så seint i gang at det ikkje vart ønska effekt i 2022. Det vart gjennom heile 2022 lagt fram saker og rapportar for formannskap og kommunestyret som viser statusen og effekten av tiltaka. Tiltaket "Leanprosessar og endring i turnus" vart starta i 2022. Tiltaket er vidareført og utvida til 2023 i eit nytt tiltak - "Pleie og omsorgstenester i takt med framtida", og effektane av tiltaket vil først kome frå 2023 og framover.

Skatteinngangen vart kr 37 317 000 høgare enn det som vart lagt til grunn i budsjettet. Ved budsjetteringa var det forutsatt at kommunen ville ha skatteinntekter med 88,4% av landsgjennomsnittet og motta 18,1 mill.kr i inntektsutjamning. Ved avslutninga av året var Giske kommune sin skatteinngang 92,2% av landsgjennomsnittet, og inntektsutjamninga vart 10,7 mill.kr. Skatteinngangen har vore god gjennom heile året, og budsjettet har vorte auka med 25 mill kr gjennom budsjettendringar på grunn av skatteinngangen. Ein stor del av skatteinngangen kom imidlertid så seint at det ikkje vart tid til å justere budsjettet.

Korona-pandemien var naturleg nok ein premiss som også i år medførte endringar i høve til budsjettvedtaket. Dette har utfordra tenestene, og sjølv om staten overførte meir midlar for å dekkje meirutgiftene, var året prega av usikkerheit om storleiken på tilskotet. Tilskotet for korona vart først kjent i desember 2022, Gjennom heile året har tenestene måtte halde seg til vedteke budsjett, sett i verk tiltak og hatt ei streng prioritering for ikkje å få overskridingar.

PREMIEAVVIK

Giske kommune har vore på ROBEK sidan 2016, og utgangspunktet for investeringar i 2022 var stort sett lånegodkjenning til investeringar i VAR sektoren, samt lån til vidare utlån. Øvrige investeringar vart finansiert ved ubrukte lånemidlar, og strengt prioritert. Det var knytt usikkerheit til om Giske kommune i det heile teke fekk lån, og arbeid med prosjekt vart derfor ikkje starta før frå 1. april, då det var klart at Giske ville bli utmeldt av Robek. Detaljert oversyn over avvik per prosjekt ligg i del 3, Investeringar - oversikt over prosjekt.

I investeringsrekneskapen er det eit avvik på bruk av lån med 66,9 mill. kr. i høve opprinneleg budsjett. Det har vore ei budsjettendring med **auke** i låneramme:

- Budsjettendring k.sak 67/22. Auke i låneopptak vedr prosjekt 5857 Mudring Gjøsundet

Øvrig endring i bruk av lån kjem av bruk av utbrukte lånemidler, og i høve justert budsjett har kommuna brukt 32,5 mill. kr mindre i lån enn budsjettert.

Giske kommune var på ROBEK i starten av året, usikkerheit kring låneopptak medførte at arbeid med nye investeringsprosjekt ikkje vart starta før budsjettet vart godkjent i april 2022. Dette har hatt konsekvenser for framdrifta av prosjekta og fleire prosjekt har vorte utsatt på grunn av kapasitetshensyn. Hovudplan vatn- og avløp 2023 - 2033 vart godkjent i slutten av 2022 og har b.la lagt føringar for ei endring i prosjekt 6373 Leidningsnett og pumpestasjonar, denne endringa er lagt inn i handlings- og økonomiplanen for 2023 - 2026.

Prosjekt 5857 Mudring Gjøsundet var ein premiss som har medført endringar i høve investeringsbudsjettet. Målsettinga for området - *nasjonal fiskerihamn* - er politisk avklart i gjeldande reguleringsplan for området. Mudringsprosjektet er no i sluttfasen etter store utfordringar når det gjeld grunnforhalda våren 2022. Fristen måtte forlengast og blir fullført våren 2023. Dei vanskelege grunnforhalda samt ekstraordinær lønns- og prisstiging har ført til overskridingar i forhald til ramma i forskutteringsavtalen på over 50 million kroner og auka låneopptak på 55 mill.kr.

Arbeid med utvikling av Gjøsund hamne- og næringsområde har vore kapasitetskrevjande og internt arbeid med dette er ført i driftsbudsjettet. Dette arbeidet har og bidrege til at øvrige prosjekt har blitt forsinka eller utsatt.

Krigen i Ukraina har og påverka investeringane og ført til utfordringar knytt til levering frå leverandør, både prosjekt 6212 Transportmidlar og maskiner til uteseksjonen, 6256 Bytte av generator og 6257 Naudstraumsagregat på hengar er utsat til levereingssituasjonen betrar seg.



Organisasjon

TILSETTE

I alt 623 personar var tilsett i Giske kommune ved utgangen av 2022. Av desse er 510 kvinner og 113 menn. Dei 623 tilsette er fordelt på 528 årsverk.

Tilsette fordelt på sektor og kjønn

	2020			2021			2022		
	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt
Totalt	508	119	627	523	111	634	510	113	623
Sentraladministrasjon	17	4	21	19	3	22	20	3	23
Oppvekst	220	50	270	211	43	253	219	44	263
Helse/sosial	251	37	288	272	37	309	262	44	306
Kultur	3	3	6	2	3	5	2	3	5
Teknisk	10	20	30	8	19	27	7	19	26
Anna	7	5	12	11	6	18			

Lærlingar

Giske kommune hadde også i 2022 eit godt samarbeid med Sunnmøre kommunale opplæringskontor. Vi hadde 6 lærlingar fordelt på faga helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidar og institusjonskokk. Det var er eit ønskje å auke talet på lærlingar, men på grunn av svært stram økonomi er det ikkje gjort.

Sjukefråvær

Giske kommune får kvart år fråværsopplysningar frå Statistisk sentralbyrå. Her får vi ikkje informasjon om fråværet for heile året, men **legemeldt fråvær for siste kvartal 2021** var 7,4 % , mot 6,5 i fjor.

Sjukefråværet for 4. kvartal (2022: 3. kvartal) fordelt på sektor - Giske kommune (Kjelde: SSB)

Næring	2018	2019	2020	2021	2022/3
Alle næringer	7,0	6,5	6,5	7,3	6,6
Offentlig administrasjon mv.	6,6	5,7	6,6	3,3	8,1
Off. adm., undervisning, helsetj. samt pleie og omsorg	6,7	6,7	6,2	7,1	6,6
Undervisning	6,4	8,0	3,9	7,1	6,5
Grunnskoleundervisning	6,9	8,3	4,0	7,1	6,2
Helsetjenester	6,1	3,0	6,1	8,1	7,1
Pleie og omsorgstjenester i institusjon	3,9	5,0	3,0	6,8	5,9
Andre omsorgsinstitusjoner samt bofellesskap	7,7	7,9	8,7	7,9	7,5

Næring	2018	2019	2020	2021	2022/3
Sosiale omsorgstj. uten botilbud, ekskl. barnehager	4,4	4,8	9,1	10,3	2,7
Barnehager	8,6	7,1	5,4	3,7	4,3
Barnevernstjenester	1,4	2,5	7,9	13,3	4,7
Kommunale sosialkontortjenester		18,9			

Tal for sjukmelde i 4. kvartal 2022 var ikkje tilgjengeleg i SSB-statistikken då tabellen vart lagt inn i årsmeldinga. Tala for 2022 er difor henta frå 3. kvartal.

Heiltid

Mest mogleg heile stillingar er viktig for kontinuitet, stabilitet og samla kompetanse. Det betyr mykje for arbeidsmiljø, likestilling og kvaliteten på tenestetilbodet.

Talet på heiltidstilssette har auke siste åra, og det er bra!. I 2022 arbeidde 52 % av alle tilsette i Giske kommune heiltid. I helse/pleie/omsorg var det 33 % som arbeidde heiltid, ein auke frå 30 % i 2021. I undervisning var andelen 67 % mot 62 % i 2021. I barnehage var 52 % heiltidstilsette, mot 48 % i i 2021.

75 % av alle tilsette jobber 75 % eller meir. I fjor var andelen 72 %.

Gjennomsnittleg stillingsbrøk i Giske kommune var 82 % mot 80 % i 2022 og 79% i 2021.

Likestilling

Kjønnsbalansen i Giske kommune er 82% kvinner og 18 % menn. Fordeling mellom kvinner og menn i oppvekst er 83 % kvinner og 17 % menn, i helse/pleie /omsorg er fordelinga 88 % kvinner og 12 % menn. Lønsutvikling kvinner og menn kjem fram av tabellen under.

Av 21 leiarar i kommunedirektøren sitt leiarforum var 3 menn og 18 kvinner. Kvinnene si snittløn var kr 860 040,- og mennene si snittløn var kr 812 124. Kommunedirektør og 3 kommunalsjefar er ikkje med her.

Omsyn til likestillingslovgivinga sine krav er nedfelt i arbeidsgivarpolitiske dokument som lønspolitisk plan, prosedyre for rekruttering, handtering av mobbing og trakassering o.l. og tydeleg belyst i all leiaropplæring. Vi oppfordrar det underrepresenterte kjønn til å søkje ledige stillingar, - Giske kommune er som alle andre kommuner sterkt kvinnedominert. Tilrettelegging for seniorar og tilsette med funksjonsnedsettelse er tema i medarbeidar- og oppfølgingssamtaler. I helse og omsorgstenesta er uønska deltid kartlagt, og resultatet har vore eit nyttig utgangspunkt i arbeidet med å redusere uønska deltid.

Lønsutvikling kvinner og menn 2018 - 2022

	Årsløn 2018	Årsløn 2019	Årsløn 2020	Årsløn 2021	Årsløn 2022
Kvinner	472 740	491 940	529 008	552 216	572 304
Menn	486 660	503 892	525 024	552 300	575 688

Heiltid og deltid i Giske kommune (oppgitt i %) - fordelt på sektor 2020 og 2021

		2020	2021	2022
Alle	Deltid	56	52	48
	Heiltid	44	48	52
Administrasjon	Deltid	57	55	49
	Heiltid	43	45	51
Undervisning	Deltid	46	38	33
	Heiltid	54	62	67
Barnehagar	Deltid	56	52	47
	Heiltid	44	48	53
Helse/pleie/omsorg	Deltid	73	70	67
	Heiltid	27	30	33
Samferdsel og teknikk	Deltid	50	20	19
	Heiltid	50	80	81

		2020		2021		2022	
Stillingsstorleik per tilsett	Kjønn	Tal på tilsette	Prosent	Tal på tilsette	Prosent	Tal på tilsette	Prosent
0 - 24,9%	Kvinner og menn	42	6,7	46	7,3	44	6,8
	Kvinner	35	6,9	36	6,9	35	6,7
	Menn	7	5,9	10	9,0	9	7,4
25 - 49,9%	Kvinner og menn	47	7,5	39	6,2	36	5,6
	Kvinner	39	7,7	30	5,7	29	5,6
	Menn	8	6,7	9	8,1	7	5,8
50 - 74,9%	Kvinner og menn	101	16,1	96	15,1	81	12,6
	Kvinner	84	16,5	90	17,2	70	13,4
	Menn	17	14,3	6	5,4	11	9,1
75 - 99,9%	Kvinner og menn	160	25,5	152	24,0	150	23,3
	Kvinner	150	29,5	140	26,8	137	26,2
	Menn	10	8,4	12	10,8	13	10,7
100%	Kvinner og menn	277	44,2	301	47,5	332	51,6
	Kvinner	200	39,4	227	43,4	251	48,1
	Menn	77	64,7	74	66,7	81	66,9

Rekruttering

Giske kommune har som dei alle fleste kommuner store utfordringar når det gjeld å rekruttere helsepersonell, dette gjeld i særleg grad sjukepleiarar og vernepleiarar, men vi ser også ei aukande utfordring i å få rekruttert nok fagarbeidarar. Vi ser dessverre også at det er vanskeleg å få tilsett tilstrekkeleg kvalifiserte personar i ledige undervisningsstillingar, -vi har for mange ufaglærte i oppvekstsektoren. I teknisk sektor er heller ikkje søkjarlistene lange, men vi har kvalifiserte søkjarar.

Innan oppvekstsektoren er det ikkje innført ekstra rekrutteringstiltak i særleg gra. For pleie og omsorgstenestene er fleire rektrutteringstiltak sett i verk for å betre på situasjonen. Det er nytta stipendordning for sjukepleiarar og vernepleiarar, det er etablert dagstillingar innan sjukepleie, og det er gjort ein god jobb i å endre arbeidsfordelinga til sjukepleiarar, fagarbeidarar og assistentar slik at sjukepleiarar får brukt kompetansen sin hovudsakleg til reine sjukepleiefaglege oppgåver. Det er vidare innført ordning med kjøkkenvert, og alle omsorgsdistrikt har, i samarbeid med NAV, personar på arbeidspraksis. Løn godt over tariff er også brukt som eit rekrutteringstiltak.



MÅL

Giske kommune skal ha ein bærekraftig kommunal økonomi

MÅL	Giske kommune skal vere ute av ROBEK i løpet av 2022	Det skal vere økonomisk balanse i drifta kvart år i planperioden	Netto driftsresultat skal vere 1,75% av brutto inntekter frå 2022	Det skal avsetjast til disposisjonsfond kvart år i perioden.	Disposisjonsfondet skal vere 10% av brutto driftsinntekter innan 2027.
Korleis lukkast	Følge forpliktande plan	Alle einingar må tilpasse tildelt budsjettramme		Alle einingar må tilpasse tildelt budsjettramme	
Korleis måle	Bokført dekning av tidlegare års rekneskapsmessige underskot skal følge forpliktande plan	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter		Av Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk skal 1,75% av brutto drifsresultat setjast av til disposisjonsfond	
Resultatmål 2022	kr 7 403 057	0,5 %	0,5 %	kr 2 004 914	0,59 %
Resultat 2022	heile underskotet kr 26 645 683 vart dekt inn ved rekneskapen for 2021	4 %	4 %	kr 33 828 694	4,57 %

**Henta frå budsjett, alle tal i heile 1 000.*

Giske kommune har handlingsregel for økonomiskberekraft, jf. tabell under, som viser måla som er fastsett i økonomiplan og indikatorar for rekneskap 2022.

Handlingsreglar, retning for dei kommunale tenestene i planperioden

Nøkkeltall	Vedteke nivå	Resultat 2022	Resultat 2021
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	Minst 3-5%	4 %	4,31 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	Minst 5-10%	4,57 %	0,52 %
Netto finansutgifter i % av driftsinntekter	Maks 2-3%	8,1 %	6,14 %
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Maks 100%	147,8 %	147,54
Avvik frå budsjett (netto driftsresultat)	Maks 0,5-1%	469 %	341 %

Måltal vedteke i k.sak 52/19

Modellen for økonomisk berekraft set krav til langsiktig økonomistyring av kommunen. Handlefridom og robustheit er berande element i modellen. Kommuneøkonomien skal kunne handtere uforutsette hendingar utan at det får konsekvens for tenestetilbodet samtidig som generasjonsprinsippet vert ivareteke.

Kommunen har auka disposisjonsfondet, og Giske kommune er dermed mindre sårbare overfor svingningar.

Rekneskapsmessig resultat

Drift:

Økonomisk oversikt drift viser:		
Brutto driftsresultat	kr	57 079 989
Netto driftsresultat	kr	32 594 647
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	kr	0

Rekneskapen til Giske kommune for 2022 vert avslutta med eit netto driftsresultat på 32,5 mill. kr. Kommunelova § gir føringar for korleis dette skal disponerast slik at rekneskapsresultatet vert kr 0.


Dette skjer etter at pliktige strykningar ved rekneskapsavslutninga er gjennomført.

Det var budsjettert med overføring frå drift til investering med kr 1 500 000. I budsjettet for 2022 var det og lagt inn ei avsetning til disposisjonsfond på kr 2 004 914 og dekning av tidlegare års meirforbruk med kr 7 403 057. På grunn av det gode resultatet for 2021 vart heile meirforbruket dekt i 2021, og budsjettet vart endra.

Investering:

Økonomisk oversikt investering for 2022 viser udekka / udisponert resultat = 0.

Finansieringsbehovet var kr 149 180 398, av dette er kr 112 672 748 finansiert ved lån, dvs. ein låneandel på 75,5 % og ein nedgang frå 2021 der låneandelen var 84,55%.



Økonomiske hovudtal

Nedanfor er det presentert nokre hovudtal frå Giske kommune sin rekneskap for 2022

Alle tal i heile 1 000

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Regnskap i fjor	Avvik frå
	2022	2022	2022	2021	opprinnelig budsjett
9 Sum driftsinntekter	803 398	737 306	714 606	766 307	88 792
15 Sum driftsutgifter	746 318	705 967	690 427	725 721	55 891
16 Brutto driftsresultat	**57 080**	**31 339**	**24 179**	**40 586**	**32 901**
	-	-	-	-	-
22 Netto finansutgifter	- 65 136	- 66 832	- 57 832	- 47 060	- 7 304
	-	-	-	-	-
23 Motpost avskrivninger	40 650	40 650	39 503	39 503	1 148
	-	-	-	-	-
24 Netto driftsresultat	**32 595**	**5 157**	**5 850**	**33 029**	**26 745**

Kommunen sine driftsinntekter var 803,4 mill. kr mot justert budsjett på 737,3 mill.kr. Ein auke på 88,8 mill.kr i høve det opprinnelige budsjettet. Av dette kjem 36,8 mill. kr av meir inntekter frå overføringar med krav til motytelse (statlege tilskott, sjukepengerefusjon mm.) som har motposter i driftsutgiftene.

Kommunen sine driftsutgifter var 746,3 mill.kr mot justert budsjett på 705,9 mill. kr. Auken på kr 40,3 mill.kr skriv seg i stor grad frå auke i lønsutgifter med 29,7 mill.kr. Auka lønsutgifter må ein sjå i samanheng med sjukelønsrefusjon som er ein del av kommunen sine driftsinntekter. Tilskott som ikkje er brukte i året vert overført til bundne fond.

Kjøp av varer og tenester blei 223,9 mill. kr mot justert budsjett på 219,8 mill.kr. Ein auke på 6,8 mill.kr.

Overføring og tilskott til andre vart 29,4 mill.kr og var budsjettert med 21,9 mill. kr. Auken på 7,6 mill. kr kjem av auka overføring til private lag og organisasjonar gjennom spelemiddelutbetalingar og koronastøtter til næringslivet.

Kommunen sine netto finansutgifter vart kr 65,1 mill. kr og var budsjettert med 66,8 mill.kr. Det vart eit tap på finansane på 3,9 mill.kr mot budsjettert tap på 3 mill.kr. Renteutgiftene vart kr 900 000 lavere enn budsjettet.

Endeleg beregning av minsteavdrag viser at Giske kommune har budsjettert med 1,8 mill.kr i for mykje i avdrag.

Giske kommune hadde i 2022 eit netto driftsresultat på 32,5 mill. kr. Til samanlikning var netto driftsresultat i 2021 på 33 mill. kr, dvs. ein nedgang av netto driftsresultat på kr 434 000.

Nøkkeltall

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	7,1	5,3	1,90	0,73	2,86	3,80	3,58

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,06	4,31	-0,85	1,06	-0,51	2,24	0,86

Brutto driftsresultat (BDR)

Brutto driftsresultat viser resultat av ordinær verksemd inkludert avskrivingar. Resultatet uttrykker kommunen sin evne til å betene gjeld, finansiere investeringar og setje av midlar til fond. Brutto driftsresultat i andel av brutto driftsinntekter er på 7,1 prosent i 2022 mot 5,3 prosent i 2021.

Netto driftsresultat

Den viktigaste indikatoren på handlingsrommet for ei kommune er netto driftsresultat. Netto driftsresultat viser resultat etter at renter, avdrag og utlån er belasta rekneskapen og er den delen av overskotet som er disponibelt som egenkapital til investeringar, avsetningar og dekning av tidlegare års underskot.

Netto driftsresultat i perioden 2014 – 2022: %)

Teknisk berekningsutval anbefaler at netto driftsresultat er 1,75%. Giske kommune har som mål eit driftsresultat på minst 3 - 5% for å bygge opp disposisjonsfondet slik at kommunen kan få ein berekraftig økonomi. Giske kommune har no hatt to gode år der nivået har vore over det anbefalte nivået og har klart å styrke disposisjonsfondet som no er 4,57 prosent av driftsinntektene. Giske sitt mål er 5 - 10% av driftsinntektene. På grunn av høg lånegjeld bør nivået vere nærmere 10% for at kommunen skal ha ein robust økonomi. Det er derfor behov for å styrke disposisjonsfondet ytterlegare i åra framover.

Dersom ein trekker ut årets inntektsførte premieavvik m/arbeidsgiveravgift på kr 17 461 000 hadde Giske kommune eit "korrigert netto driftsresultat på 15,1 mill. kr eller 1,8 %.

KOSTRA

	2022	2022	2021	2021	2020	2020
	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	7,1	1,8	5,4	3	2,1	0,6
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,1	1,7	4,5	3,6	-0,5	0,9
Frie inntekter i kroner per inbygger	66 028	67 213	63 118	64 828	58 235	60 403

Endring av kostragruppe frå 2019 til 2000 kjem av ein revisjon av kommunegrupperingane som følge av kommunereforma.

Giske har mindre i frie inntekter i kroner per innbyggar enn gjennomsnittet i kostragruppe 1, men kjem Giske betre ut både i brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter og netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter enn kostragruppe 1. Dette skriv seg i hovudsak frå den gode skatteinngangen Giske hadde i 2022.



Utdrag av Giske Kommune sin rekneskap for 2022

Økonomisk oversyn drift - inntekter

Økonomisk oversyn drift - Driftsutgifter

Utvikling i fordeling - driftsinntekter

Utvikling i fordeling - driftsutgifter

Sum driftsinntekter, sum driftsutgitfer, Disposisjonsfond

Oversynet viser forholdet mellom sum driftsinntekter, sum driftsutgifter og disposisjonsfond, og ein ser at dei siste åra har det blitt større avvik mellom driftsinntekter og driftsutgifter. Dette viser at kommunen har betra driftsnivået og kommunen sin evne til å handtere gjeld, finansiere investeringar og setje av midler til fond.

Giske kommune har framleis høg lånegjeld, og det er behov for ytterlegare styrking av disposisjonsfondet dersom kommunen skal ha ein berekraftig økonomi.

Løn og sosiale kostnader utgjer ein stor del av kommune sine utgifter. Det vart i 2022 utbetalt 263,8 mill. kr i fastløn, eib auke på 6,5% frå 2021, men ein nedgang på 1,83 % frå det opprinnelege budsjettet. Variabel løn (unnateke sjukevikar over 16 dagar og permisjonar med refusjonsrett) hadde eit meirforbruk på 47 mill kr, 96,4 % og ein auke på 8,1 % frå 2021. Meirforbruket vert dekt av sjukelønsrefusjon med 24,6 mill.kr som ikkje er budsjettert. Ein stor del av auken som ikkje er dekt gjennom sjukelønsrefusjon skriv seg frå auka utgifter knytt til koronapandemien. Sosiale kostnader vart ca 2,6 mill. kr (3,1%) over budsjett. Dette skriv seg i hovudsak frå auke i arbeidgjevaravgift og auka pensjonskostnader som følgje av auke i løn.

Teknisk Beregningsutvalget for inntektsoppgjørene (TBU) har rekna årslønsveksten for kommuneansatte frå 2021 til 2022 til 3,7 prosent.

Alle tal i heile 1 000

Netto driftsutgifter per rammeområde

		Rekneskap	Buds(end)	Avvik(per.)	%-	Budsjett	Rekneskap
		2022	2022	0	forbruk	2022	2021
1	POLITISK STYRING	4 484 224	4 640 339	- 156 115	97	4 533 339	4 420 566
2	KOMMUNELEIING - STAB	21 987 918	21 984 287	3 631	100	21 437 067	21 457 157
3	FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	- 6 671 834	10 346 367	- 17 018 201	- 64	10 926 807	6 080 306
4	DIVERSE TENESTEOMRÅDE	9 004 880	7 707 162	1 297 718	117	7 707 162	7 019 474
5	OPPVEKST	219 540 778	217 192 728	2 348 050	101	213 604 548	212 291 364
6	BARN, FAMILIE, HELSE	53 806 904	54 369 680	- 562 776	99	52 869 680	47 512 617
7	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	200 249 383	183 380 563	16 868 820	109	175 872 975	177 041 278
9	TEKNISK	64 557 731	60 457 863	4 099 868	107	56 586 820	62 109 458
10	KYRKJELEGE FØREMÅL	5 504 500	5 612 800	- 108 300	98	5 612 800	5 404 401
	Sum rammeområde	**572 464 484**	**565 691 789**	**6 772 695**	**764**	**549 151 198**	**543 336 621**

Detaljar kring dei enkelte rammeommråda kjem lenger bak under del 2 Einingar.

Det har gjennom heile året og vore arbeidd med tiltak for å ta ned drifta. Fokuset på tiltak frå økonomiplanen, samt nye tiltak har vore stort.

Auken i driftsnivået frå 2021 har vore 5%. Om ein samanliknar med rekneskap frå 2021 justert med konsumprisindeksen på 7,5 %, har driftsnivået hatt ein mindre auke enn konsumprisindeksen.



Skatt - rammetilskot - finans

Skatt og rammetilskott

Giske kommune fekk i 2022 kr 573 914 643 i skatt og rammetilskot gjennom inntektssystemet. Dette var kr 22 383 643 meir enn justert budsjett. Skatteinngangen for Giske kommune vart kr 12 317 204 høgre enn justert budsjett.

Gjennom rammetilskottet har Giske kommune motteke kr 9 622 000 i ekstra tilskott til å dekke utgifter knytt til korona.

Øvrige generelle statstilskot

Kommunen fekk i 2022 utbetalt kr 1 2 32 320 i rentekompensasjon frå skulepakke, kyrkjepakke og omsorgsbustader. Dette var kr 367 680 lågare enn justert budsjett, og kjem av den lave lånerenta.

Det vart utbetalt kr 4 103 523 frå Havbruksfondet. Det var budsjettert med kr 3 104 000.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt vart utskrive både på verk og bruk, bustad og fritidseigedommar. Ved fastsetjing av skatteverdien for bustadeigedommar vart formuesgrunnlag frå skatteetaten nytta, medan det vart leigd takstfolk for taksering av fritidseigedommar, verk og bruk samt bustadeigedommar der formuesgrunnlag ikkje var fastsatt av skatteetaten. Satsen for eigedomsskatt var 4 ‰, Inntektene frå eigedomsskatt vart 28 mill. kr, kr 500 000 mindre enn opprinneleg budsjett.

Finansinntekter / finansutgifter

Netto finansutgifter i 2022 vart kr 65 135 769. Finansplasseringar etter finansregl. § 8 gav ein tap på 3 901 317, denne var opprinneleg budsjettert med ein gevinst på 6 mill.kr, men justert i budsjettet til tap på 3 mill. kr. Renteugifter vart om lag kr 900 000 lavere enn budsjettert, dette som følgje av endringar i rentenivået. Avdragsutgiftene 1,8 mill.kr under budsjettet. Samla vart netto finansutgifter ca. 1,7 mill. kr lavere enn justert budsjett.

Alle tal i heile 1 000

Renter og avdrag på lån til investeringar	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Renter løpande lån	25 082	21 027	24 111	28 526	25 498	25 884
Avdrag løpande lån	37 790	39 442	39 084	34 322	31 882	31 132
Sum renter/avdrag	**62 872**	**60 469**	**63 195**	**62 848**	**57 380**	**57 016**

Nøkkeltal	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	7,95	7,98	9,22	9,61	9,15	9,39
Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	8,1	6,14	8,38	7,43	8,82	7,06

Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til tilbakebetaling av lån. Netto rente og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser ein nedgang frå 9,39 prosent i 2017 til 7,95 prosent i 2022.

Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til tilbakebetaling av lån, korrigert for finansinntekter. Det har vore ein auke frå 7,06 prosent i 2017 til 8,1 prosent i 2022. Oversikta over syner at avkastninga frå forvaltninga har stor påverknad på kor mykje av brutto dritsinntekter som er bunde til å dekkje finansutgifter.

Avkastning på kapital frå langsiktige kapitalplasseringar

Alle tal i heile 1 000

Bank / forvaltar:	Marknadsverdi/saldo pr. 31.12.2021	Renter / avkastning 2021
ODIN	40 805	- 1285
Sparebanken Møre bankinnskot, aksjar, obligasjonar, eigenkapitalbevis.	85 279	-1 109
Sum:	**126 084**	**- 3 901**

I tidsrommet 2000 – 2022 har Giske kommune hatt ei gjennomsnittleg årleg avkastning på 10,6 mill. kr pr. år, dvs. 191 mill. kr over 22 år.



Disposisjonsfond drift - bundne driftsfond

Alle tal i heile 1 000

Disposisjonsfond drift – bunde driftsfond	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Disposisjonsfond – fritt	36 719	3 988	0	2 623	2 623	2 948
Disposisjonsfond – til div. tiltak	17	17	17	139	163	173
Bunde driftsfond	20 038	21 675	20 679	12 256	15 693	15 347

Giske kommune sitt langsiktige mål er eit disposisjonsfond på 5 - 10 prosent av driftsinntektene og ei avsetning til disposisjonsfond på 3 - 5 prosent for å oppnå eit disposisjonnsfond som sikrar økonomisk berekraft.



Investering

Investeringsrekneskap - samandrag

alle tal i heile 1 000

Økonomiske oversikter	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap
	2022	2022	2022	2021
6 Sum investeringsutgifter	149 180	168 674	49 480	131 075
14 Sum investeringsinntekter	145 581	167 174	47 980	139 118
19 Netto utgifter videreutlån	1 035	-	-	- 1 275
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	- 4 634	- 1 500	- 1 500	6 768
27 Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)	**-**	**-**	**-**	**-**

Lånegjeld, renter og avdrag

	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Langsiktig lånegjeld(1.000kr)	1 187 692	1 130 630	1 049 528	1 067 584	1 055 919	1 039 234
Langsiktig lånegjeld, kroner per innbyggar *)	128 950	123 931	123 372	126 251	125 735	125 330
Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	139,5	139,04	150,59	160,68	165,73	168,57

**) Basert på innbyggartal pr. 31.12.2022: 8 692 innb.*

Langsiktig lånegjeld eigne lån var kr 1 120 829 970, formidlingslån var kr 66 861 674 per 31.12.2022.

Ubrukte lånemidlar eigne lån pr. 31.12.2022 var kr 39 563 282, og Startlån kr 21 320 298.

Langsiktig gjeld ekskl. formidlingslån har i 2022 auka med 57 mill. kr. Langsiktig gjeld formidlingslån har i 2022 auka med 1,67 mill.kr. Tabellen viser at kommunen si samla lånegjeld i perioden 2017 - 2022 har auka med 148,5 mill.kr.

Av langsiktig gjeld til investeringar kan ein rekne at 222,3 mill. kr gjeld lån innan vatn, avløp, slam og renovasjon, som restverdi pr. 31.12.22 og avskrivingsgrunnlag for VAR-området i 2022.

Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75% av driftsinntektene, KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100% er ugunstig. Giske kommune har ein gjeldsgrad på 147,8 % og er av dei høgste i landet.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Investeringsnivå og opptak av lån må rettas slik at lånegjelda ikkje er større enn at utgifter til renter og avdrag vert dekt gjennom løpande inntekter. Det er derfor viktig å ha kontroll på utviklinga av gjeldsnivået. Ein auke i lånegjelda indikerer at kommunen må bruke ein større del av inntektene til å dekkje renter og avdrag. Det historisk lave rentenivået dei siste åra har bidrege til at kommunen har unngått at renter og avdrag tek ein større del av inntektene. På lengre sikt med eit normalt rentenivå vil auka lånegjeld få betydning for rammene til tenesteproduksjon.

Tabellen ovom viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (eksklusiv pensjonsforplikterler) fratrukke formidlingslån. Nett lånegjeld har passert grensa i måltalet på maks 100%.

Netto lånegjeld per innbygger

Netto lånegjeld per innbygger var i 2022 kr 128 950 mot kr 123 931 i 2021. Netto lånegjeld per innbygger har hatt ein auke på 2,88 prosent sidan 2017.

Soliditet

Solididet måler evnen til å tåle tap. Gjeldsgrad og eigenkapitalprosent gir informasjon om dette. Gjeldsgraden viser forholdet mellom gjeld og eigenkapital. Ein gjeldsgrad på 1 vil sei at kommunen har like stor gjeld som eigenkapital. Til mindre dette forholdstalet er, til meir solid er kommunen. Gjeldsgraden korrigert for pensjonsforpliktelser var i 2022 2,75 mot 2,95 i 2021.

Eigenkapitalprosenten fortel noko om kor stor del av kommunen sine eigedeler som er finanseirt eg eigenkapital. Ved utgangen av 2022 var 19,16 prosent av eigendelane finansiert med eigenkapital, mot 18,12 prosent i 2021.

KOSTRA

	2022	2022	2021	2021	2020	2020
	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
Langsiktig gjeld ex pensj.forpl i prosent av brutto driftsinntekter	147,7	115,1	145	113,7	148	114,9
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	113 194	93 502	117 026	93 399	107 360	88 071
Arbeidskapital ex. Premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	27,7	21,2	28,1	20,1	22,7	18,8

Giske ligg i landstoppen i gjeld. Dette kjem av at det har vore satsa på store investeringar med nytt omsorgssenter og ny barneskule.

Netto lånegjeld i kroner per innbygger er har ein nedgang med kr 3 832 per inbyggar, eller 3,3 % medan kostragruppa har ein auke på kr 103 eller 0,1 %.

Dette viser at ei sterk prioritering av investeringane har gitt resultat i dempa gjeldsvekst. Giske kommune ligg fortsatt på eit høgt nivå i høve inntektene og det er fortsatt naudsynt å prioritere for å redusere gjelda ytterlegare.

Endring i arbeidskapital fortel i hovedsak om kommunen sin betalingsevne er bedra eller forverra. Den vert beregna som omløpsmidler med frådrag for kortsiktig gjeld, korrigert for endring i ubrukte lånemidler. Arbeidskapital er differansen mellom anskaffelse av midlar (inntekter og innbetalinger) og anvendelse (utgifter og utbetalinger) av midlar i regnskapet. Når anskaffelse er større enn anvendelse har arbeidskapitalen økt.

Begrepet arbeidskapital er misvisande då driftsregnskapet vert påverka av premieavvik (forskjellen mellom innbetalt pensjonspremie til livselskapa og beregna pensjonskostnad).

Oversikta syner at giske sin arbeidskapital er bedra frå 2021 til 2022, og at Giske kommune har betre arbeidskapital en gjennomsnittet i kommunegruppe 1.



Vurdering - oppsummering

Kommunerekneskapen for 2022 viser eit brutto driftsresultat på + kr 57 079 989 som er det kommunen hadde i 2022 til dekning av netto finansutgifter og til netto avsetningar. Kommunerekneskapen for 2022 viser eit netto driftsresultat på kr 32 594 647 som er disponert slik:

- Overføring til investering kr 1 500 000
- Netto avsetning til /bruk av bundne driftsfond kr 1 637 046
- Netto avsetning til disposisjonsfond kr 32 731 694

Finansieringsbehovet var kr 149 180 399.



1 Politisk styring og kontrollorgan

Politisk styring og kontrollorgan omhandlar fylgjande tenesteområde:

Kommunestyre og formannskap	Kommunerevisjon og kontrollutval
Livsløpsutval	Stortings- og kommuneval
Teknisk utval	Eldreråd
Økonomisk stønad til politiske parti	Diverse råd og utval

Alle tal i heile 1 000

	1 POLITISK STYRING	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste		2022	2022	2022	2021
1000	KOMMUNESTYRE OG FORMANNSKAP	2 787	2 291	2 291	2 659
1005	POLITISKE KOMITEAR	103	183	183	28
1010	DIVERSE UTVAL/STYRE/RÅD	144	414	354	223
1020	ELDRERÅD	26	29	29	2
1050	ØKONOMISK STØNAD TIL POLITISKE PARTI	94	97	50	-
1060	KOMMUNEREVISJONEN - KONTROLLUTVAL	1 322	1 626	1 626	1 134
1070	STORTINGS- OG KOMMUNEVAL	7	-	-	375
	Sum gruppeansvar: 1 POLITISK STYRING	**4 484**	**4 640**	**4 533**	**4 421**

Driftsrekneskap for Politisk styring og kontrollorgan viser eit mindreforbruk på kr 156 000 i høve justert driftsbudsjett. Meirforbruket på teneste 1000 kan kome av feilføringar og for lite belasta på teneste 1010. Nedgangen på teneste 1060 kommunerevisjonen - kontrollutval kjem av endring av betalingsstruktur av revisjonshonorar der det er gått over frå fastpris til medgått tid.

Kostra


		2022	2022	2021	2021	2020	2020
		1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
100 Politisk styring	Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde per innbygger (kr)	374	527	388	544	335	477
110 Kontroll og revisjon	Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde per innbygger (kr)	156	177	133	161	139	159

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til politisk styring og kontrollorgan. Data er vist i kroner per innbyggar. Utgifter knytt til eldreråd høyrer til kostrafunksjon 180 og er ikkje med i KOSTRA - oversikta.

Oppfølging av kommunestyrevedtak

Giske kommunestyre behandla i alt 85 saker i 2022. Av desse er det 3 **saker** som er under arbeid ved utgangen av året.

	Møte 2022	Saker 2022	Møte 2021	Saker 2021
Kommunestyret	7	85	8	104
Formannskapet	19	140	31	158
Næringsutvalet	3		4	8
Landbruksnemnda	2		1	2
Teknisk utval	11	64	8	63
Livsløpsutvalet	6	47	7	56
Eldrerådet	4	17	4	22
Råd for menneske med funksjons-nedsetting	4	18	4	21
Giske brukarutval	4	17	4	22
Viltnemnda	1	2	2	6
Valstyret	0	0	3	6
Kontrollutvalet	5	27	5	22



2 Kommuneleiing - Stab

Kommuneleiing – stab omhandlar desse tenesteområda

- Kommunedirektør og kommunalsjefar
- Personal og løn
- Økonomi
- Andre fellestenester

Eininga skal levere tidsrette støttefunksjonar etter dei krav og forventningar som er stilt til kommunen si kjerneverksemd og strategiske satsingar.

Drift

Alle tal i heile 1 000

	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Rekneskap	Buds(end)	Budsjett	Rekneskap
Teneste		2022	2022	2022	2021
1200	KOMMUNEDIREKTØR - KOMMUNALSJEFAR	5 256	4 923	4 323	4 940
1210	PERSONAL OG LØN	2 689	2 384	2 384	2 331
1220	ØKONOMI	3 043	3 101	3 101	2 879
1230	SERVICEKONTORET	2 506	2 669	2 669	2 363
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	18	-	-	3
1250	IKT	777	810	810	761
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	807	1 710	1 710	1 214
2110	BARNEHAGE	1 364	453	453	1 146
2120	GRUNNSKOLE	212	249	249	412
2310	AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE	50	350	350	10
2412	PSYKISK HELSEVERN	105	100	100	102
2423	MOT - PROSJEKTET	-	25	25	- 6
2440	BARNEVERNTENESTE	259	234	234	238
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	755	689	689	881
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	- 1	- 50	3	- 128
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	428	341	341	402
3100	FORMIDLINGSLÅN	- 165	- 100	- 100	- 82
3250	NÆRINGSKONTORET	710	183	183	687
3253	JORD- OG SKOGBRUK	538	543	543	518
3610	VILTFORVALTNING	128	133	133	161
3620	FRILUFTSLIV	193	266	266	203
3650	KULTURMINNEVERN	- 116	73	73	35
3700	BIBLIOTEK	924	1 088	1 088	827
3750	MUSEER	-	28	28	-
3770	KUNST OG KUNSTFORMIDLING	95	140	140	95

	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Rekneskap	Buds(end)	Budsjett	Rekneskap
Teneste		2022	2022	2022	2021
3810	IDRETT	285	250	250	265
3850	KULTURKONTORET	426	738	738	751
3851	ANDRE KULTURTILTAK	200	169	169	165
3852	Frivilligsentral	502	485	485	283
	Sum gruppeansvar: 2 KOMMUNE LEIING - STAB	**21 988**	**21 984**	**21 437**	**21 457**

Området er omlag i balanse. Meirforbruk på ei teneste vert kompensert med mindreforbruk på andre tenester og stillingar har vorte haldne vakante for å halde budsjettet.

Prosjektet Omstilling av fellesfunksjonar har gitt effekt gjennom fokus på arbeidsprosessar og digitalisering av tenester. Arbeidet vil halde fram i 2023.

Kostra

Netto driftsutgifter administrasjon per innbyggar.

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til administrasjon og styring per innbyggar. I indikatoren inngår administrativ leiing, stab- og støttefunksjoner. Data blir vist i kroner per innbyggar.

		2022	2022	2021	2021	2020	2020
Kostra funksjon	1532 Giske		Kostra gr. 1	1532 Giske	Kostra gr. 1	1532 Giske	Kostra gr. 1
120 Administrasjon		3 752	4 652	3 875	4 149	3 685	4 108
231 Aktivitetstilbod barn og unge		6	139	1	101	11	108
320 Kommunal næringsverksemd		1	-126	-11	-117	1	-91
325 Tilrettelegging og bistand for næringslivet		155	348	30	221	-107	105
370 Bibliotek		113	308	99	299	195	290
380 Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg		33	128	31	89	31	83
385 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andres kulturbygg		117	324	202	278	129	299

På kostrafunksjon 120 inneheldt tabellen ikkje berre utgifter knytt til rammeområde 2 Kommuneleiing - stab. Tenester som er knytt til rammeområde 3 Fellesutgifter/fellesinntekter, rammeområde 7 Pleie og omsorg og sjølvkostområda i rammeområde 9 Teknisk er også med i tabellen.

For kostrafunksjon 120 administrasjon syner tala at Giske kommune har ein reduksjon frå 2021 til 2022 med kr 123 per innbyggar.

Giske kommune bruker kr 900 mindre per innbygger enn gjennomsnittet for kostragruppe 1. Dersom Giske skulle bruke det samme som gjennomsnittet i kostragruppe 1 vil dette utgjort ein auke på 7,8 mill.kr.

2022 var også prega av at det har var pandemi i starten av året og mindre aktivitet når det gjeld kultur enn normalt. Nokre aktiviteter er også løyst på annan måte, noko som kan gi utslag i tala.

Bibliotektenesta i Giske kommune har også i 2022 blitt drifta på eit absolutt minimumsnivå. Opningstidene og tilbodet har vore redusert i perioden. Frå 1. januar 2023 er bibliotektenesta styrka med ei heil stilling. Giske kommune brukar kr. 195 mindre per innbyggar enn gjennomsnittet i kostragruppe 1.

Det vart fordelt koronamidlar til utsette bedrifter på starten av året.

Studier har vist at kommunar tolkar og definerar administrasjon ulikt i KOSTRA. Det inneber at tala ikkje er direkte samanliknbare mellom alle kommunar og er noko usikre.



Toppleiing

Giske kommune si administrative toppleiing består av

- Kommunedirektør
- Kommunalsjef oppvekst.
- Kommunalsjef helse- sosial og omsorg.
- Kommunalsjef plan og tekniske tenester. (Utgifter til denne er fordelt mellom ramme 2 og ramme 9)

Toppleiinga si viktigaste oppgåve er å sjå til at politiske vedtak og sentrale målsettingar for tenestene vert iverksette. Toppleiinga er bindeledd mellom dei folkevalde og administrasjon i kommunen.



Stab

Personal og løn

Personal- og lønsavdeling har 3,9 årsverk. Avdelinga sine hovudoppgåver er:

- Utvikling og vedlikehald av overordna arbeidsgivarpolitikk
- Støtte og rettleiing til einingane i utøving av arbeidsgivarpolitikken
- Lønsarbeid, lokale lønsforhandlingar og rettleiing til einingane i lønsarbeid og i relevant lov- og avtaleverk som gjeld personalområdet
- Bistå einingane i rekruttering og kompetanseutvikling
- Overordna ansvar for HMS/IA-arbeid
- Samarbeid med fagorganisasjonar og verneteneste

Avdelinga har nesten ikkje hatt sjukefråvær. Samarbeidet med tillitsvalde, verneteneste, topp- og einingsleiing fungerer godt. Avdelinga er framleis svært sårbar ved evt. sjukefråver, særlig gjeld dette lønsarbeidet.

Fagstab

Fagstaben består av

- Seniorrådgivar kvalitet og beredskap
- Pedagogisk rådgivar barnehage
- Pedagogisk rettleiar (utgiftene til denne er ført i ramme 5)

Økonomi

Økonomiavdelinga i Giske kommune har 3,7 årsverk. Avdelinga sine hovudoppgåver er:

- Føre rekneskap til Giske kommune og Giske kyrkjelege fellesråd, Gjelds- og finansfovaltning
- Utarbeide samla årsbudsjett og økonomiplan for kommunen og rapportering og oppfølging av dette
- Gi einingsleiarar m/fl. støtte og rettleiing innan økonomi, samt brukarstøtte for budsjettverktøy, økonomi- og e-handelssystem.
- Vere kommunen sitt kontaktpunkt i høve innkjøpsfelleskapet på Sunnmøre, Nordre Sunnmøre kemnerkontor, skatteoppkrevjing og arbeidsgjevarkontroll

Avdelinga leverer i hovudsak tenester til interne brukarar. Det er likevel ein del publikumskontakt knytt til fakturakopi og spørsmål om utsende faktura, lån og aktivitet kring innkrevjing. Avdelinga er avhengig av godt samarbeid med eksterne leverandørar, lån- og finansforvaltarar, samarbeidskommunar og andre samarbeidspartnarar.

Kultur, service og næring

Eining Kultur, service og næring har 10,7 stillingar fordelt på 12 personar. Avdelinga sine hovudoppgåver:

- Sentralbordteneste samt informasjon og rettleiing av innbyggaran knytt til kommunale avgifter, bustønad og startlån

- Giske kommunes felles saksarkiv
- Politisk sekretariat
- Ansvar for førebuing og gjennomføring av kommune- og Stortingsval.
- Bibliotekteneste
- IT ved systemintegrator
- Næringskontor
- Kulturkontor
- Frivillegsentralen

Hovudmål

Levere god service til innbyggarane og politisk leiing gjennom å vere godt oppdatert på det som skjer i kommunen. Sørge for at politiske saker vert sendt ut i rett tid. Gi god og nyttig informasjon til innbyggarane om ulike tenester og legge til rette for digital sjølvbetjening der det er mogleg. Gi gode bibliotektenester og samhandle med innbyggarane gjennom Frivillegsentralen.

Kulturkontoret

Det vart betalt ut kulturstøtte til frivillige lag og organisasjonar innan musikk, idrett og museum/historielag. UKM vart avvikla på Valderøy barneskule. Kultur- og miljøplanen vart ferdig behandla og vedteken i 2022. Arbeidet med plan for Friluftlivets ferdselsårer vart starta opp. Denne skal etter planen ferdigstillast i 2023.
Søknadar og oppfølging av det som gjeld spelemidlar til idretten skjer også gjennom kulturkontoret. Desse blir sendt vidare til Møre og Romsdal fylke for avgjerd.
Det blei også lagt ut oversikt over tilgjengelege livssynsnøytrale seremonirom på Giske kommune si heimeside.

Næringskontoret

Det har blitt gitt rettleiing til personar som vil starte ny næring og gründerar gjennom Hoppid. I tillegg er det tilbod om kursing for nyetablerarar gjennom Entreprenerdy. Det er også gitt støtte etter søknad frå Hoppidfondet. I starten av året vart det gitt koronastøtte til bedifter i samband med nedstenging og restriksjonar som gjekk ut over julebordsesongen.
Det er lagt ned mykje arbeid i samband med deltaking i utarbeiding av Utviklingsplan for næringsområdet på Gjøsund i samarbeid med PwC, som har vore prosjektleiar og næringslivet.

Frivilligsentralen

Den kulturelle spaserstokk har hatt fleire tilstellingar i 2022, mange i samarbeid med pensjonistlaga i kommunen. Har også vore med på eldredagen med bidrag. Sysselsetting med NAV på Frivilligsentralen har gått omtrent som normalt. Nokre har fått jobb, nokre har begynt på skule, og nokre er framleis med i prosjektet. Aktiv ferie vart arrangert som tidlegare år, før pandemien.

Klubb for PU har starta opp igjen etter koronaen.

- Arbeid med stiar er vidareført.
- Stor auke i hjelp til privatpersonar.
- Tv aksjonen og bøsseaksjon for demens
- Utdeling av matkasser til jul og påske i samarbeid med butikkar og privatpersonar. 46 familier fekk tilkøyrt desse. Fikk støtte fra MR fylke til dette i 2022
- Frivilligsentralen møter stor velvilje i lokalsamfunnet og har fått inn mykje midlar utanfrå til ulike prosjekt.
- Samarbeid med kriminalomsorgen om soning

Frivilligsentralen er til stor hjelp i utføring av ulike kommunale oppgåver som køyring og bringing, og hjelper både på skular, eldresenter, dagsenter, teknisk og NAV. Det siste har utgjort knapt halvparten av stillinga til medarbeidar på frivilligsentralen.

«Aktiv ferie» vart gjennomført med følgjande aktivitetar i og utanfor Giske kommune: Valldal klatrepark med middag og Atlanterhavsparken med mat og drikke.
Frivilligsentralen brukte mesteparten av pengane i 2022 på lokale tilbud, og fekk gjennom dette støtte lag og organisasjonar i kommunen med ca kr. 200.000.

Gjennom det kommunale sysselsetjingsprosjektet får ungdommar som står utanfor arbeidslivet god og variert erfaring med praktisk arbeid. Verdien av dette kan ikkje overdrivast.

Frivilligsentralen har ein unik posisjon i kommunen, og dei får gåvemidlar og anna støtte frå mange ulike kjelder. Sentralen gir eit lavterskeltilbod som blir set stor pris på.

Det ser ut som at einingane brukar frivilligsentralen meir enn før. Dette skjer sjølvsagt då dei ser at ein kan få meir ut av kvar krone ved eit samarbeid med frivillige. Men det er viktig at ein pleier forholdet til dei frivillige. Dei må ha føreseielege vilkår som passar inn med det andre dei er engasjert i. Og dei må bli sett og følt seg verdsett. Dette bør alle som er mottakar av eller samarbeider med frivillige, bite seg merke i.

Samarbeid også med Vigra pensjonistlag og grunneigarar om stien langs Blindheimsfjellet. Der har det hittil kome inn ca. 750.000 kroner i sponsormidlar og det er kome halvvegs på prosjektet. Arbeidet med del 2 av stien er starta, og det blir framleis søkt om tilskot frå både næringsliv og det offentlege.

Biblioteket

- Aktive lånarar: 522
- Institusjonslånarar: 142
- Besøk: 7 291
- Utlån: 14 317

Det var ein liten auke frå 2021 både i tal på lånarar og tal på utlån i 2022. Biblioteket var ope tre dagar i veka gjennom året. Besøk av barnehagar og skular var nesten ikkje-eksisterande og det var heller ikkje særleg aktivitet ut av huset. Første høve til å samanlikne normalår vil bli når statistikken for 2023 ligg føre og kan samanliknast mot førre normalår som var 2019.

Tabell styringskort og styringsindikator

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2022	Resultat 2022
Innbyggarar	**Kvalitet tilpassa dei økonomiske rammevilkåra**	**Plassering i forbrukerrådet sine testar av kommunal service**	**100 eller betre av kommunane i landet. 10 eller bedre av kommunane i Møre og Romsdal**	**Ikke publisert**
	Forenkling og effektivisering gjennom digitalisering		**Videreutvikle digitale verktøy for innbyggjarane**	**Flere digitale skjema for innbyggarane**
	Velfungerande informasjons- og kommunikasjonskanal	**Relevant informasjon er lett tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette døgnet rundt. System med digitale søknader mm fungerer godt**	**Videreutvikle og arbeide meir strategisk med informasjon til innbyggarane**	**Pågåande arbeid**
Medarbeidarar	Auke intern beredskapskompetanse	Gjennomførte øvingar	Øving på utvalde hendingar	Hatt øving med statsforvaltaren - hacking
	Velfungerande kvalitets- og internkontrollsystem	Gode tilbakemeldingar frå tilsette og innbyggjarar. Regelmessig rullering, og få avvik på tenestene som blir gitt	Jobbe vidare med rutine og prosedyrer for dei mest risikobelasta områda	Auka tal på innmeldte avvik indikerer auka bruk. Gjennomført gjennomgang med leiinga.
	Godt arbeidsmiljø og tilfredse medarbeidarar	Nærvær	98 %	
	Enkel og effektiv support og drift ved hjelp av digitale verkty	Gjennomført opplæring på nye digitale verkty	Ta i bruk support via Teams	Aktiv bruk av Teams i opplæring
	Fellesfunksjonar har rett kompetanse og eit godt fag- og arbeidsmiljø	God trivsel og gode tilbakemeldingar frå adm. Leiing og einingane	Plan for kompetanseheving er ferdig	Ikke igangsatt
Økonomi	**Lav andel av administrative ressurser. God økonomistyring**	**Alle ledere har kompetanse og forståelse for økonomi og økonomistyring**		**Kurs og opplæring er gjennomført**
		Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 administrasjon per innbygger	**≥ kr 3 500 per innbygger**	
		Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 som andel av totale utgifter	**6 %**	
		Avvik i % av netto driftsramme	**≤ 0**	**0**



3 Fellesutgifter - fellesinntekter

Fellesutgifter - fellesinntekter omhandlar fylgjande tenesteområde:

På dette ansvarsområdet blir det ført inntekter og utgifter som er felles for heile kommunen sin organisasjon og som ikkje kan knytast opp mot einskilde einingar eller stab. Døme på dette er:

- Felles personaltiltak / arbeidsmiljø
- Generelle arbeidsmiljøtiltak
- Diverse fellesfunksjonar:
  - Felles IT program, maskinvare og serviceavtaler.
  - Felles datakommunikasjon
  - Telefon og telefax
  - Frankering – porto
  - Kontingent til KS
  - Felles pensjonsutgifter/inntekter - premiefond.
  - Premieavvik blir samla her frå 2011.
  - Løn til lærlingar
  - Løn til hovudtillitsvalde og hovudverneombod
  - Utgifter til bedriftshelseteneste

Drift

Alle tal i heile 1 000

	3 FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	Rekneskap	Buds(end)	Budsjett	Rekneskap
Tenester		2022	2022	2022	2021
1212	GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	1 798	1 424	1 424	1 434
1215	GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	299	213	213	360
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	12 486	10 615	11 195	15 117
1700	ÅRETS PREMIEAVVIK KLP	- 23 147	- 4 000	- 4 000	- 1 503
1701	ÅRETS PREMIEAVVIK SPK	- 731	- 104	- 104	- 562
1710	AMORTISERT PREMIEAVVIK KLP	6 158	5 388	5 388	8 099
1711	AMORTISERT PREMIEAVVIK SPK	259	455	455	77
1720	PENSJON	177	-	-	150
1730	PREMIEFOND	- 27 776	- 5 135	- 5 135	- 29 511
2110	BARNEHAGE	1 976	223	223	905
2120	GRUNNSKOLE	2 583	263	263	1 096
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	496	243	243	282
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	1 888	258	258	1 703
2546	GISKE OMSORGSSENTER	1 598	213	213	1 232

	3 FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	Rekneskap	Buds(end)	Budsjett	Rekneskap
Tenester		2022	2022	2022	2021
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	2 911	290	290	1 489
	Sum andre tenester knytt til fordeling av pensjonskostnader	12 355	-	-	5 712
	Sum gruppeansvar: 3 FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	**- 6 672**	**10 346**	**10 927**	**6 080**

Rammeområde 3. Fellesutgifter – fellesinntekter viser eit mindreforbruk på kr 17 mill.kr.

Meirforbruket skriv seg frå ansvar 1300 Felles drift og dei største avvika finn ein i teneste 1240 Diverse fellesfunksjonar - med eit meirforbruk på 1,8 mill kr. Meirforbruket på tenesta stammar i stor grad frå utgifter til datakommunikasjon, lisensar og serviceavtalar. Avviket er større på ramme 3 enn kommunen samla og viser at tenesta fortsatt er ein samlepost for utgifter som tidlegare vart fordelt på rammeområda.

Pensjonskostnadane medførte at rammeområdet fekk eit mindreforbruk på 12,7 mill.kr.

Giske kommune gjorde endring i pensjonsporteføljа og har no portefølje med investeringsval. Dette frigjorde 50 mill.kr som vart tilført premiefondet. Midler på premiefond kan berre brukast til framtidig premiebetaling, og Giske kommune brukte 27 743 432 av premiefondet for å dekke premieinnbetalingar i 2022.

Som ein følge av endringa måtte kommuna betale inn 20 mill.kr i eit bufferavsetning, denne skal behandlast på same måte som ordinært innskot. For ikkje å belaste einingane ytterlegare er denne avsetninga i si heilheit ført i ramme 3.

Premieavvik vert budsjettert som inntekt – amortiseringa ei utgift, netto utgjorde det ei inntekt på 17,4 mill.kr. Premieavviket i KLP var budsjettert som inntekt med kr 4,1 medan det vart 23,8 mill.kr. Auken skriv seg frå bufferavsetninga som aukar premieavviket, men som vil kome som ei utgift gjennom armortiseringa dei neste 7 åra med ca 2,9 mill.kr per år. Bruk av premiefond vart 25,8 mill. kr, og er 23,3 mill.kr over budsjettet. Begge deler må ein sjå i sammenheng med auken i pensjonskostnadane som er fordelt på einingane, ser ein kommunen under ett vart det eit samla meirforbruk på 1,3 mill. kr for pensjonskostnadane og skriv seg hovudsklig frå auke i lønsutgiftene. Ser ein løn, sjukeløn og pensjonskostnader samla for alle rammeområda (heile kommunen) er der eit meirforbruk på ca 16 mill.kr.

Premieavviket er differansen mellom den berekna pensjons-kostnaden som vert ført i rekneskapen og premien som faktisk er betalt. Den betalte premien vil blant anna avhenge av avkastninga pensjonstilbydaren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønsnivået ved utgangen av året.

Dei øvrige tenestene gjeld stort sett lærlingløn for heile kommunen. Avvika kjem av at den faktiske fordelinga av lærlingane vart ulik den budsjetterte.

** Følgjande kan ikkje dekkes av midler fra premiefond:*
- Tilskudd AFP 62-64
- Tilskudd Sikringsordningen
- Adm. tilskudd SPK for OFA
- MVA adm.tilskudd til SPK for OFA
- Forsinkelsesrenter
- Egenkapitaltilskudd

Innestående på premiefondet er sikret en minimumsavkastning tilsvarende den garanterte renten. Hensikten er at forsikringstakeren skal kunne avsette ekstra beløp i «gode år» for å ha et fond å ta av til betaling av premier. Premiefond kan berre nyttast til

Kostra

Kostra funksjon		2022	2022	2021	2021	2020	2020
		1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
180 Diverse fellesutgifter	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	5	71	2	-116	2	72

Kostra funksjon		2022	2022	2021	2021	2020	2020
170 Årets premieavvik	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	-2 747	-1 936	- 240	- 2 298	-310	-908
171 Amortisering av tidligere års premieavvik	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	738	1 550	951	1 188	913	1 231
172 Pensjon	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	44	-41	29	22	21	4
173 Premiefond	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	- 3 192	-2 435	- 3 428	- 2051	-469	-556



4 Diverse tenesteområde

Diverse tenesteområde omhandlar tenesteområde NAV, sosiale tenester

Drift

Alle tal i heile 1 000

Teneste	4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste		2022	2022	2022	2021
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	3 515	3 299	3 299	2 281
2760	KVALIFISERINGSPROGRAM	1 105	1 209	1 209	1 151
2810	ØKONOMISK SOSIALHJELP	4 386	3 193	3 193	3 615
2851	NAV DRIFT - STATLEG DEL	-	7	7	- 28
	Sum gruppeansvar: 4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	**9 005**	**7 707**	**7 707**	**7 019**

NAV Giske, sosiale tenester

NAV Giske hadde eit samla meirforbruk i 2022 med kr 1 297 718. Dette har samanheng med auke i mottak av flyktningar. Det var ikkje budsjettert for denne auka og det vart ikkje gjort budsjettendring ila 2022 til ramme 4. Utgifter er knytt til meirforbruk sosialhjelp og ei stilling frå 01.08.2022 på grunn av auke i mottak av flyktningar.

Økonomisk sosialhjelp:

På tross av at det er god tilgang til arbeid har talet på personar som har motteke sosialhjelp i 2022 gått opp frå 2021. 123 personar mottok økonomisk stønad i 2022, og 35 av desse var under 30 år. Dette er ein nedgang på 10 personar frå 2021. I disse talla er også busette flyktningar som har motteke støtte i samband med etablering inkludert. Ein ser at ein del av flyktningane blir langtidsmottakar av sosialhjelp grunna alder.

Eit driftstiltak i 2022 var å tilsette ein jobbkonsulent i engasjement for å bistå med å skaffe og behalde arbeid. Ein ser også at levekostnader har auka. Dette gjelder utgifter til bustad, strøm mv.

Frå 01.09.2022 blei det lovfesta at barnetrygd skal holdast utanfor med beregning av økonomisk stønad.

Arbeidsløyse:

I 2022 var arbeidsløysa i Giske lav og i desember var 1,4% av arbeidsstyrken heilt ledig. NAV si erfaring er at det fortsatt er stort behov for kvalifisert arbeidskraft. Arbeidsløysa i Giske er særleg kjenslevar for aktiviteten i industrien, flyplassen og auka aktivitet/nedtrapping her gir også store ringverknader til underleverandørar og andre.

Framandspråklege innbyggjarar:

Kommunen fekk ei stor auke i framandspråklege innbyggarar. Dette gjeld både arbeidsinnvandrarar, flyktningar og familiegjenforeinte. NAV-kontoret har stor pågang frå framandspråklege brukarar. På grunn av språkutfordringar er det krevjande å kunne rettleie desse på ein god måte og

det krev mykje ressursar og mykje bruk av tolketenester, samstundes som ein del av desse brukarane slit med å kome inn på arbeidsmarknaden. Dette kan henge saman både med manglande språkkunnskapar i norsk og lite/ingen formell kompetanse.

Brukarar under 30 år

NAV Giske har en stor del brukarar under 30 år som slit med å få innpass i arbeidslivet og/eller varig tilknyting til arbeidslivet. Dette kan skuldast fleire forhold som til dømes fråfall i vidaregåande skule, helseutfordringar eller sosial arv. Desse kan vere aktuelle både for kommunale og statlege ytingar og tiltak. NAV Giske vil særleg prioritere brukarar under 30 år i høve oppfølging og arbeidsretta tiltak.

Digitalisering av tenestene

Tenesteytinga innan NAV har endra karakter dei seinare åra. Særleg gjeld dette innan dei statlege tenestene og ytingane. NAV-kontoret er ikkje lenger einaste «førstelinje» i etaten. Ein legg i større grad til rette for at brukarane kan finne informasjon og kommunisere med NAV digitalt eller via NAV kontaktsenter på telefon, i staden for å oppsøke NAV-kontoret. Dette frigjer tid og ressursar i NAV- kontora til å følgje betre opp dei brukarane som treng NAV mest. I 2020 fekk ein ta i bruk DIGISOS som er digital innbyggjartenester og det gjer at ein kan søke økonomisk sosialhjelp digitalt. Dette inneber at innbyggarar som er sjølvhjelpne i utfylling ikkje behøver å oppsøke NAV-kontoret for å levere søknad om livsopphald. Dess fleire innbyggarar som tar i bruk den digitale søknaden framfor papirutgava, desto mindre tid treng NAV å bruke på administrasjon av papir og scanning. Dette frigjer tid som NAV kan bruke til tettare brukaroppfølging. Søkjar som av ulike årsaker ikkje kan eller vil nytte seg av den digitale kanalen, skal fortsatt kunne møte opp på NAV-kontoret eller bruke papirsøknad.

Marknadsarbeid:

NAV Giske har også i 2022 hatt fokus på kontakt med bedrifter og næringsliv. Kontakt med lokale og regionale bedrifter er viktig relasjonelt arbeid i høve målsettingar om å få fleire personar ut i arbeid og aktivitet. NAV har hatt høg aktivitet på marknadsarbeid og har aktivt brukt tiltaksbudsjett til å gi fleire moglegheiter til arbeid og aktivitet. Ein ser diverre at personar som sto utanfor arbeid i starten på pandemien står lengre unna arbeid, trass for god tilgang til ledige stillingar. Dette er ofte personar som manglar formell kompetanse og utdanning.

Busette flyktningar:

NAV Giske har formelt samarbeid med flyktningtenesta i kommunen i høve busette flyktningar. Arbeidet har særleg hatt fokus på arbeid og aktivitet. Ein har også i 2022 arbeidd ilag med flyktningstenesta for å vidareutvikle samarbeidet og klarleggje korleis NAV kan bidra inn i introduksjonsprogrammet og auke grad av arbeidsretting av programmet. Vi erfarer at dei busette flyktningane har hatt større behov for sosiale tenester også under introduksjonsprogrammet enn det ein hadde sett føre seg.

Målekort

Mål	Kva er gjort?	Resultat 2021
Auke tal brukarar som nyttar digitale tenester. Mål 80%	For 2022 var 60% av søknader om økonomisk sosialhjelp sendt digitalt. Bakgrunn for at ein ikkje har kome nærare måltal er grunna mottak av fleire flykninger. For denne gruppa kan det ta tid før ein får høve til å nytte digital søknad.	60%. Målet er ikkje nådd
Oppretthalde fokus og satsing på gjeldsrådgjeving	På generelt grunnlag har ein ikke merka auka pågang frå privatpersoner som søker økonomisk rådgivning via NAV Giske gjennom 2022. NAV følger nøye med på utviklinga i samfunnet. Bidrar med råd- og veiledning i individuelle brukarsituasjonar. Frå mai 2022 har NAV Giske leigd ut 40% ressurs til Vestnes kommune.	Målet er nådd
Vurdere Kvalifiseringsprogrammet (KVP) for brukarane og tilby program til alle som fyller vilkåra	I snitt 5 personar i KVP gjennom året. Auka satsing på programinnhald.	Målet er nådd
Sette vilkår om aktivitet 2) ved tildeling av økonomisk sosialhjelp til brukarar under 30 år	Oppfølging av ungdom under 30 er ein av hovudprioriteringane til NAV. Det er viktig med tidleg og tett oppfølging av denne gruppa. Det gode samarbeidet NAV har med Giske Frivilligsentral har også hatt mykje å sei. Tiltaket blir brukt som aktivitetskrav for mottakarar av sosialhjelp. Det blir også brukt som arbeidsretta aktivitet for brukarar med krevjande og samansatte utfordringar. For brukarar med situasjonsbestemt innsats var 75% av brukarar i avtalt aktivitet.	Målet er nådd
Ein trygg og sikker arbeidsplass	ROS-analyser og vernerunde er gjennomført. Ein vurderer til ei kvar tid optimal organisering av arbeidet.	Kontinuerleg arbeid
Systematisk HMS-arbeid	Vernerunde og medarbeidarsamtalar er gjennomført. Ansattundersøkelse frå november viser stor arbeidsglede og trivsel.	Kontinuerleg arbeid
God økonomistyring	Meirforbruk kr 1 297 718, grunna mottak av fleire flyktningar enn budsjettert. NAV ville gått med balanse viss eininga hadde fått dekka utgiftene i høve flyktningar frå Ukraina.	Målet er ikkje nådd

Brukarar 2019-2022

Brukarar:	2019	2020	2021	2022
Arbeidssøkjarar og personar med nedsett arbeidsevne	408 personar	566 personar	481 personar	334 personar
Heilt arbeidsledige	1,4% (62 personar)	2,6% (118 personar)	1,3% (59 personar)	1,4 % (62 personar)
Sjukmelde	276 personar	283 personar	254 personar	322 personar
Økonomisk sosialhjelp	109 personar	102 personar	116 personar	123 personar
Gjennomsnittleg stønadslengd			93 dagar	121 dagar
Gjeldsrådgjeving	28 saker	24 saker	14 saker	17 saker.
Brukarar i kvalifiseringsprogram	8 personar	8 personar	7 personar	5 personar

Bærekraftsmål

1 og 2: Forebygge og redusere fattigdom, ta hensyn til barns beste. Tenesta arbeider kontinuerleg med oppgåver for å førebygge og redusere fattigdom.

8: Økt inkludering i arbeidslivet: Aktivitetar og samarbeid med ulike partar for å få fleire i aktivitet og arbeid.

17: Samarbeid mellom ulike enheter. Nav har gjennom året samarbeida med ulike tenester i kommunen, næringslivet og andre aktørar/partar. Samarbeidet har vore viktig for framgang og utvikling i brukarsaker.



5 Oppvekst

Drift

Alle tal i heile 1 000

	5 OPPVEKST	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste		2022	2022	2022	2021
1250	IKT	2	-	-	-
2110	BARNEHAGE	79 792	80 618	80 142	81 229
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	9 586	9 941	9 941	8 503
2120	GRUNNSKOLE	120 925	116 927	115 024	113 368
2121	PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	1 382	1 045	1 045	1 253
2130	VAKSENOPPLÆRING	611	3 721	3 721	1 339
2150	SKOLEFRITIDSTILBOD	3 713	2 718	1 510	2 416
2220	SKOLELOKALER	-	-	-	- 3
2230	SKOLESKYSS	2 249	1 657	1 657	2 341
2412	PSYKISK HELSEVERN	4	-	-	-
2423	MOT - PROSJEKTET	311	290	290	339
3830	KULTURSKULE	966	275	275	1 507
	Sum gruppeansvar: 5 OPPVEKST	**219 541**	**217 193**	**213 605**	**212 291**

Økonomi

Netto driftsresultat for oppvekstsektoren er 219 541 000

Også i starten av 2022 sette pandemien sitt preg på oppvekstsektoren. Einingane blei råka av smitte og dermed omfattande sjukefråvær både i barnegruppene og blant dei tilsette. Det omfattande fråveræt, saman med trange rammer som ikkje strakk til for lovleg drift, vanskeleggjorde spesielt den tidlege innsatsen og tilbodet til dei barna som trong kontinuitet, tett oppfølging og støtte - utan å ha særskildt rett til spesialundervisning.

Grunna sjukefråvær i skuleleiinga var det konstituerte leiarar på rektor og avdelingsleiarnivå. Dette fordra ekstra oppfølging og støtte og tilførte også sektoren læring, utvikling og eit styrka lag. Det har vore eit stort fokus på å utvikle varige betre praksisar i tråd med styringssignala. Retninga har vore fagleg og politisk forankra, noko som har styrka ei samlande framdrift.

"Det var bra eg kom" er den forankra visjonen for ein god oppvekst i Giske kommune, med David Mitchell sine 10 faktorar for ein inkluderande praksis, som sentralt og felles kunnskapsgrunnlag. Kommunestyret vedtok budsjettjustering for lovleg drift knytt til opplæring og fag, samt lærarnorm, frå august 2022. Vedtaket gav grunnlag for symjeopplæring, som blei igangsett i samarbeid med Bybadet og også Giske idrettslag. Det vart tilsett for lærarnorm frå hausten 2022.

Befolkningsframskrivinga viser at utgiftsbehovet i grunnskulen i Giske vil vekse fram mot 2030.

Teneste 2110 Barnehage

Dei kommunale barnehagane drifta med eit overforbruk på samla 6 %. Det har vore fleire småbarn i barnehagane i 2022. Teneste 2010 Førskule og private barnehagar drifta med eit underforbruk på 2,5 mill.

Teneste 2111 Styrka tilbod til førskolebarn

Området gjekk hadde eit resultat på -356 654,- Spesialpedagogane er knytt tett opp til den enkelte barnehage, bidrar i inkluderingsteam og også i avdelingsmøte for slik å skape betre samanheng mellom det allmennpedagogiske og det spesialpedagogiske, for slik å kunne utvikle betre praksisar. Spesialpedagogane har også støtta barnehagane i å utvikle den analytiske praksisen, bruk av analysemodellen.

Teneste 2120 Grunnskule

Grunnskule hadde eit overforbruk på knapt 4 millionar. Grunnskulane har hatt eit stort fokus på å utvikle eit likeverdig tilbod. Det har vore tett økonomioppfølging. Det meste av overforbruket er knytt til nye oppgåver og tilsetting for meir lovleg drift. Det er tilsett pedagogisk rettleiar, 4 rektorar og 6 nye avdelingsleiarar i grunnskulen dette året. Stillinga som pedagogisk konsulent står vakant gjennom 2021. Dette har medført mykje ekstraarbeid, noko som har gått på bekostning av den vanlege tenesteleveringa.

Teneste 3830 Kulturskule

Kulturskulen gjekk med eit større overforbruk i 2022. Drifta, og dermed tilbodet, i kulturskulen har vorte redusert år for år. Det var utfordrande å redusere drift i tråd med intensjonen. Det var gjort ei feilbudsjettering med tanke på foreldrebetaling.

Kulturskulen er eit viktig supplement til oppvekstmiljøet i Giske kommune, med bidrag for å gjere Giske kommune til ein god plass å vekse opp, gi opplæring og meistring, samt gi barn høve til å følgje sin draumar og ambisjonar. Ein av elevane fekk tildelt det prestisjefulle Draumestipendet, eit stipend som går til unge talentfulle utøvarar innanfor kunst og kultur. Kulturskulen er eit viktig bidrag til elever som vil utvikle talentet sitt, samt ei viktig støtte til kulturlivet i Giske kommune. Kulturskulen bidrar med kompetanse og støtte til ungdomskulen sin årlege musikal, og leverer tenester til andre etatar som fører livsglede og meistring.

Teneste 2121 Pedagogisk rettleiingsteneste

Pedagogisk rettleiingsteneste hadde eit overforbruk på ca 130 000. Den endra flyktningesituasjonen kombinert med at stillinga som pedagogisk konsulent står i vakanse gjer at det er estimert at ca 25 % av stillinga knytt til pedagogisk rettleiing grunnskule er knytt til arbeid med flyktningområdet, vaksenopplæring og grunnskule for vaksne. Dette har generert overtid. Tenesta er tett på utviklinga av varige betre praksisar for ein inkluderande oppvekst i Giske kommune.

Teneste 2130 Vaksenopplæring

Sidan hausten 2020 har Giske kjøpt vaksenopplæringstenester frå Hareid kommune. Avtalen har utløp i august 2023, og det vart valgt å sende ut nytt konkurransegrunnlag for å kunne vurdere tilboda i Ålesund kommune og Hareid kommune opp mot kvarandre.

Teneste 2150 Skolefrititdstilbod

Giske har den høgste foreldrebetalinga i fylket. Det blir gjort årlege utrekningar av sjølvkost i SFO-ordninga. Det manglar 20 % på at SFO-ordningane blir drifta til sjølvkost. Nettokostnaden går, i hovudsak, til ekstra tiltak for barn med særskilte behov. SFO fekk ny rammeplan gjeldande frå august 2021. Det vart gratis kjernetid i SFO for alle 1. klassingar frå 1. august.

Teneste 2230 skuleskyss

289 elevar hadde tilbod om skuleskyss hausten 2022 og det var eit overforbruk på vel 500 000 på dette området.

Andel barn (0-18 år) i prosent av samla folketal per 31.12.2022

Som grafen over syner, er Giske den mest barnerike kommunen i fylket. I 2022 vart det fødd 82 barn tilhøyrande Giske kommune. 26 % av innbyggarane er under 18 år. 45,3 % av kommunen sine netto driftsutgifter går til barnehage og skule. 16,9 % av kommunens går til barnehage, og 28,4 % til grunnskule.

Her finn du fleire fakta om Giske: Kommunefakta Giske - SSB

Mål	Kva er gjort	Resultat
Bærekraftsmål nr 17: samarbeide for å nå måla	Felles fokus og retning for heile oppvekstområdet, barnehage, skule og SFO. Inkluderande praksis, felles prosedyrer.	Leiargruppa i oppvekstsektoren framstår som eit samla lag. Felles handlingsplan for retten til eit trygt og godt miljø, felles fagdagar for alle tilsette. Felles fagsamlingar for leiarar.
Lovleg drift: -Lærarnormen krev auka lærarinnsats, symjeopplæring, fysisk aktivitet og leksehjelp skal være ein naturleg del av det ordinære tilbodet	Det vart løyvd midlar tilsvarande utrekna manglande lærarnorm frå hausten 2022	Skulane fekk tilsette på lærarnorm frå hausten 2022. Ressursar til tilstrekkeleg tidleg innsats etter §1-4 manglar ved skulane.
Fagfornyinga – nye læreplanar skal setjast i verk frå 2021	Arbeidet med fagfornyinga er i god gjenge, men har blitt utfordra av summen av endra styringssignal (Kompetansereform, Oppvekstreform mm)	Skulane har ikkje i tilstrekkeleg grad fått handlingsrom til å realisere Fagfornyinga.
Redusert omfang av spesialundervisning gjennom tidleg innsats	Fokus på kompetanseheving og samordning, manglande ressursprioritet til tidleg innsats, barnehageområdet har lågast ressursprioritet i landet	Det har vore ei uønska utvikling med større omfang av spesielt små vedtak seint i grunnskuleløpet, noko vi forstår som ein konsekvens av manglande tidleg innsats
Inkluderande praksis "Det var bra eg kom"	Felles fagdag for tilsette i skule og SFO knytt til Inkluderande praksis. Samarbeid mellom oppvekst/PPT/Statped og Regionrådet om kartlegging og kompetanseheving.	Oppvekstsektoren har fått eit samla fokus knytt til inkluderande praksis. Kompetansebehovet er kartlagt og tiltak for kompetanseheving iverksett.
Innføre programmet "På sporet" for elevar som står i fare for å utvikle lese- og skrivevanskar	Vidareført til også å gjelde arbeid med grunnleggande begrep BU-modellen	Arbeidet pågår
Vidare arbeid med digitalisering	Stillinga som pedagogisk konsulent står framleis vakant. det er krevjande å sette digital retning for fagleg utvikling i oppvekst utan denne ressursen	Det er lagt ein plan for overgang til INTUNE som flåtestyring for nettbretta.
God kvalitet grunnskule	Årleg tilstandsrapport for grunnskule vart utsett	Denne vart behandla først i 2023
Vidareføre arbeidet med TALK-prosjektet, sosiale læreplanar for menneske med høgtfungerande autismespekterforstyrrelse	Både barnehagane og helsetenestene er no med i prosjektet.	Barn med autismeutfordringar møter større fagleg kompetanse i barnehage og skule. Den tverrfaglege samhandlinga er satt på agendaen. Det er ønske om å oppretthalde driftinga av nettverk knytt til TALK-kompetansen
Nærvær - sjukefråvær under 6%	Sjukefråværet har ramma den enkelte eining i bølger knytt til smitteutbrot.	samla for oppvekstområdet 9,3 %
God økonomistyring	Månadleg rapportering og oppsummering per tertial.	Det er tett og systematisk økonomioppfølging. det er framleis utfordrande for einingsleiarane å ha lovleg drift innafor tildelte rammer.

Berekraft, berekraftsmål nr 17, saman for å nå måla

Tilsette i oppvekstsektoren erfarer å ha bruk for eit tettare samarbeid med fokus på å utvikle likeverdige tenestetilbod i barnehage og skule. Det har vakse fram ei forståing av at kapasiteten aukar når tilsette og leiing lærer saman og av kvarandre. Teknologisk kompetanse og erfaring med digitale møterom har opna opp for effektivt samarbeid internt i oppvekst, på tvers av einingar og også tverrfagleg. Eit tydeleg frampeik vil vere å utvikle god og effektiv samhandling til beste for barna som veks opp her. I denne samhandlinga vil det også vere rom for føresette, frivillige, lag og organisasjonar.



Barnehage og styrka tilbod (førskuletilbod)

Barn i barnehage 2012-2022

Oversiktsrapport	Kommunale barnehagar	Konserneigde barnehagar	Foreldreeigde barnehagar	Livssyns-barnehagar	Sum Giske kommune
Antal barnehagar	2	2	2	2	**8**
Antal barn totalt (0-6) år	110	218	94	139	**563**
Antal barn 0-2 år	56	95	36	44	**231**
Antal barn 3-5 år	54	123	58	97	**332**
Antal ansatte totalt	31,4	58,84	26,8	35,63	152,71
Antal styrarar og pedagogiske leiarar	13	26	12	16	**67**
Andel styrarar og pedagogiske leiarar med midlertidig dispensasjon	7,67	31,54	12,5	15,63	20,45
Andel styrarar og pedagogiske leiarar med varig dispensasjon	0 %	0 %	0 %	0 %	**0 %**
Andel styrarar med godkjend utdanning	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Andel pedagogiske leiarar med godkjend utdanning	90,91%	67,2%	81,48%	84,62%	**79,55 %**

Tal frå BASIL rapportportal per 15.12.2022.

Teneste 2110 Barnehage

Giske har 6 private og 2 kommunale barnehagar. 99,5 % av barna i barnehage har full plass.

Talet på barnehagebarn er auka frå 555 i 2021, til 563 i 2022. Talet på barn har auka i private barnehagar og minska i dei kommunale. Det er har blitt plass til fleire småbarn i barnehagane. Private barnehagar har 121,2 årsverk og dei to kommunale barnehagane har 31,4 årsverk.

Til saman utgjorde tilsette i barnehagane i Giske kommune 152,71 årsverk.

Det har totalt sett vore ein jamn nedgang i talet på dispensasjonar frå utdanningskravet, men rekruttering av barnehagelærarar er framleis svært utfordrande i og med at ein av 5 pedagogar manglar godkjend utdanning. Ved oppstart av nytt barnehageår i august 2022 arbeidde 20 % av pedagogane på dispensasjon i barnehagane. Giske kommune har rettleiingsgrupper for pedagogar på dispensasjon og tek del i kurs i regi av

Sunnmøre regionråd. Giske kommune fekk ikkje til å tilby rettleiing for nyutdanna barnehagelærarar i 2022. Frå 2025 skal 50% av dei tilsette i barnehagane vere barnehagelærarar, noko som fordrar auka bemanning og gode strategiar for rekruttering.

Utviklingsarbeidet i barnehagane har vore konsentrert om inkluderende praksis, basert på Mitchell sine 10 faktorar. Det er oppretta inkluderingsteam i alle barnehagar. Spespedteam og helsestasjon har bidratt med tverrfagleg blikk inn i analysearbeidet i inkluderingsteama. PPT har ikkje hatt disponibelt personell til å ta del i inkluderingsarbeidet i barnehagane.

Alle barnehagar har fått tilbod om å vere med på regional kompetanseutvikling. To av barnehagane har teke del i dette arbeidet. Det blir peika på at låg grunnbemanning kombinert med høgt sjukefråvær gjer det vanskeleg å frigjere personell til til utviklingsarbeid og kompetanseheving.

Teneste 2111 Styrka tilbod til førskulebarn

Styrka tilbod til førskulebarn omfattar både spesialpedagogiske tiltak og tilrettelegging for barn med særlege behov. Spesialpedagogane i førskule er tilsett i kommunen, med 5,1 årsverk i 2022. Av dette går 0,3 årsverk til arbeid med minoritetsspråklege barn, finansiert av øyremerka tilskot. Det er avsett 0,4 årsverk til teamleiar, som har ansvaret for å fordele arbeidsoppgåvene for spesialpedagogane og følgje opp arbeidet med tilbodet i barnehagane. Spesialpedagogane bidrar i utviklingsarbeid som BU modellen, TALK (nettverk for barn med autisme) og nettverk for barn med forseinka utvikling. Det er fagleg vurdert som tenleg å knytte spesialpedagogane tettare opp mot barnehagane for at deira kompetanse kan bidra inn i å forbetre kvaliteten i det allmennpedagogiske, utvikle betre samanheng mellom det spesialpedagogiske og det allmennpedagogiske og slik styrke den inkluderande praksisen.

I vedtak om spesialpedagogisk hjelp blir det, etter sakkunnig vurdering, sett inn spesialpedagog. I tråd med enkeltvedtak og vedtak om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne styrker barnehagen si bemanning. Dei private barnehagane får refusjon frå kommunen når dei etter vedtak tilsett ressursassistent.

Kostra barnehage

Nøkkeltall 2022	Eining	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggarar 1-2 år	prosent	87,7	88,0	98,2	87,9	87,8
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggarar 1-5 år	prosent	94,2	94,3	99,2	93,1	93,6
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggarar 3-5 år	prosent	98,3	98,5	99,7	96,4	97,3
Andel barn i kommunale barnehagar i forhold til alle barn i barnehage	prosent	19,5	31,2	43,8	55,9	49,7
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehagar	antall	6	5,8	5,9	5,7	5,7
Andel barnehagelærarar i forhold til grunnbemanning	prosent	34,2	40,1	39,8	44,0	42,1
Andel barn i kommunale barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp	prosent	5,5	6,1	6,5	3,7	4,1
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehagar (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehagar	kr	103,0	90,1	82,6	85,4	89,0
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år	prosent	92,6	83,6	87,4	82,1	84,5
Netto driftsutgifter barnehagar i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	prosent	16,9	14,6	17,3	13,1	13,7
Netto driftsutgifter barnehagar, per innbyggar 1-5 år	kr	163 713	179 222	187 047	183 871	187 559
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehagar	kr	73,4	66,9	65,1	69,1	69,7



Grunnskule, SFO og skuleskyss

Grunnskular

Giske har 5 grunnskular: Godøy skule ,Vigra skule, Valderøy barneskule, Giske skule og Giske ungdomsskule.

Elevtalsutvikling

Elevtal per 1. oktober 2022

	1.-4. klasse	5.-7. klasse	8.-10. klasse	SUM
Vigra skule	111	72	0	183
Valderøy barneskule	262	180	0	442
Giske skule	57	32	0	89
Godøy skule	74	53	0	127
Giske ungdomsskule		0	386	386
Totalt	**502**	**339**	**386**	**1227**

Grunnskule

Grunnskuletenestene kosta i 2022 netto 120 mill. kroner.

Kostnaden til funksjon 202 grunnskule netto driftsutgiftar pr. innbyggar 6-15 år, var i 2021 96 779 kroner og i 2022 var denne kostnaden 102 528. Dette er blant dei lågaste i fylket.

Kostnaden per innbyggar 6-15 år på skulebygg var om lag på gjennomsnitt for vår kommunegruppe med 21 012 kroner.

Grunnskulane hadde ikkje lovleg drift knytt til fag og lærarnorm i vårhalvåret, noko som gjekk ut over tidleg innsats og graden av tilpassa opplæring.

- Lærarnorma blei oppfylt frå hausten 2022. Leksehjelp, fysisk aktivitet og symjeopplæring vart iverksett.
- Skulane opplyser å ha store utfordringar med å prioritere tidleg innsats i form av ulike intensivkurs i t.d. lesing og matematikk etter § 1-4

- Alle einingane i oppvekst har vore med på leiarutvikling i regi av IMTEC og også KS si leiarutvikling knytt til 10-faktor
- Det er gjennomført kartlegging av kompetansen til alle tilsette knytt til inkluderande praksis for å realisere kompetanseløftet for ikluderande praksis og spesialundervisning. Høgskulen i Volda, og også interne ressursar, har bidratt for å kunne utvikle varige betre praksisar. Denne kompetanseutviklinga vil også være kostnadseffektiv på sikt.
- Det er sett i gang eit større arbeid med uteområdet til Godøy skule.
- Forprosjekt til ny skule på Vigra vart igangsett hausten 2022.
- Det vart investert i nye PC-ar til ungdomssteget.

Korona

Pandemien prega også oppvekstsektoren dei første månadane av 2022. Særleg sjukefråværet hos elevar og i personalgruppene gjorde drifta krevjande etter pandemiåra.

Spesialundervisning - varige betre praksisar

I løpet av hausten 2022 starta PPT med utedagar i skule, med avtale om å bruke 50 % av tida ute i einingane til systemarbeid og 50% til individarbeid. Det blei etablert inkluderingsteam på alle skulane frå hausten 2022. Både PPT og Helsesjukepleiarane vil ta del i både det systemretta og det individretta arbeidet noko som bidreg til eit tverrfagleg og analytisk blikk inn i arbeidet for auka kompetanse hos dei som møter elevane kvar dag, ein betre inkluderande praksis.

Manglande kontinuitet og redusert omfang i den tidlege innsatsen, td lesekurs, låg grunnbemanning i barnehage, matematikk-kurs og to-lærarsystem, synes å bidra til å generere auka spesialundervisning i Giske kommune. Auken skjer i hovudsak hos dei eldste elevane i form av mange små vedtak. Gjennom å betre kvaliteten og gjennom å utvide omfanget av den tidlege innsatsen, i tråd med § 1-4, vil behovet for spesialundervisning bli redusert på sikt.

Det har i 2022 vore fokus på kompetanseutvikling knytt til inkluderande praksis for alle tilsette i oppvekstsektoren og med utgangspunkt i leiargruppene. Det er også lagt eit godt grunnlag for betre tverrfagleg innsats gjennom utvikling av BTI-modellen. Timar gitt til spesialundervisning i 2022 tilsvarar 25 % av det totale undervisningstimetalet, noko som må sjåast i samanheng med den låge prioriteringa av ressursbruken i grunnskule. Dei nasjonale tala er 18,2%.

Andel elevar med vedtak om spesialundervisning

Andel av undervisningstimar til spesialundervisning av undervisningstimar totalt

SFO - Skulefritidsordning

Det er SFO-ordning ved alle barneskulane i kommunen. SFO er meint å vere sjølvfinansierande med unntak av ekstra kostnader til barn som treng særskild tilrettelegging. Det manglar ca 20 % på sjølvkost. Månadsprisen er 3.585 kroner for full plass. Dette er den høgaste foreldrebetalinga i

fylket, noko som *kan* vere ei medverkande årsak til at ein relativt mindre del av elevar i 2.-4. årstrinn har SFO. Berre 7% av 4. klassingane nyttar seg av SFO-tilbodet, 34 % på landsbasis. (sjå grafen nedanfor).

I samarbeid med selskapet Envidan blir det kvart år gjort sjølvkostkalkyler i høve til SFO-tilbodet. Kostnader til stabsfunksjonar og ekstra tiltak for barn med særlege behov blir haldne utanfor.

Frå 1. august 2020 vart det innført to moderasjonsordningar: Redusert foreldrebetaling for foreldre med barn på 1. og 2. klassetrinn. Foreldrebetalinga per barn skal maksimalt utgjere seks prosent av inntektene til hushaldninga. Barn med særskilte behov på 5.-7. trinn har rett til gratis SFO.

Frå august 2022 fekk alle 1. klassingar gratis kjernetid med 12 timar i veka. Dette gjer at nesten alle 1. klassingar tek plass i SFO.

Nettokostnadene til SFO har auka kraftig dei siste åra frå om lag 1,5 mill. kroner til nesten 2,7 mill. kroner. Den viktigaste grunnen er ein sterk auke av elevar som har større behov for hjelp og tilsyn.

Foreldrebetalinga for SFO var med 3.585 kroner for heil plass den høgaste i fylket.

	Tal på barn i SFO	Kor mange av desse har full plass	Tal på barn i SFO	Kor mange av desse har full plass	Tal på barn i SFO	Kor mange av desse har full plass
Skule \ år	**20-21**	**20-21**	**21-22**	**21-22**	**22/23**	**22/23**
Giske skule	22	17	35	17	39	16
Godøy skule	37	25	39	15	37	18
Valderøy barneskule	131	65	124	50	124	64
Vigra skule	58	30	55	33	55	30
SUM	**248**	**137**	**253**	**115**	**255**	**128**



Skuleskyss

Fylkeskommunen organiserer både ordinær skyss og tilpassa skyss for elevar med særlege behov. Kommunen betaler ein eigenandel som tilsvarer enkeltbillett på buss etter ordinær takst, både for ordinær skyss og tilpassa skyss. Dette gjeld óg skyss for elevar ved private skular, der kommunen betaler skyss til kommunegrensa. Elevar med delt bustad kan ha rett til skyss frå begge heimane. For elevar i 1. klasse er skyssgrensa 2 km, for eldre elevar er skyssgrensa 4 km.

I hausthalvåret hadde til saman 289 elevar rett til skyss. Totalkostnaden var 2.249.000 kroner. Budsjettet var på 1.657.000.

Kostra grunnskule 2022

Nøkkeltal	Eining	Giske	Sula	Ålesund	Kostragr. 1	Landet utan Oslo
Årstimar til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	Antal	26,1	95,0	25,6	47,0	36,4
Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning	Antal	141,1	117,6	150,1	136,2	145,1
Elevar i kommunale og private grunnskular som får særskilt norskopplæring	Prosent	3,8	1,3	6,6	3,9	5,3

Nøkkeltal	Eining	Giske	Sula	Ålesund	Kostragr. 1	Landet utan Oslo
Elevar i kommunale og private grunnskuler som får spesialundervisning	Prosent	10,8	8,0	9,7	9,3	7,9
Elevar på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn	Prosent	79,7	69,3	71,0	71,9	73,3
Elevar på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn	Prosent	78,0	81,2	66,3	70,2	70,5
Gruppestorleik 2	Antal	17,1	17,3	16,9	15,3	15,6
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	Antal	42,2	42,2	43,7	42,5	43,1
Netto driftsutgifter grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samla netto driftsutgifter	Prosent	28,3	24,3	22,6	23,7	22,5
Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggar 6-15 år (kr)	Kroner	129 019	112 339	123 837	137 868	133 106



Pedagogisk rettleiingsteneste

Pedagogisk rettleiingsteneste har ei 100% stilling for å arbeide med kvalitetsutvikling i skulen, innovasjon og oppfølging av driftsoppgåver som verksemdsplan, tverrsektoriell samhandling, skuleleiarmøte og regionsmøte i SR-Oppvekst (Sunnmøre regionsråd, oppvekst). Pedagogisk rettleiar har også ei sentral rolle i arbeidet med å samle oppvekstsektoren om å utvikle ein inkluderande praksis. Kompetansereformen fordrar varige betre praksisar og valgt visjon er "Det var bra eg kom". Arbeidet med Oppvekstreform og Fagfornying er også fokusområde i pedagogisk rettleiing. Ca 25 % av denne stillinga har i 2022 gått til arbeid med opplæringstilbod til flyktningar.

Stillinga som pedagogisk konsulent i rådmannens stab har stått vakant sidan hausten 2018. Vakansen har særleg fått konsekvensar for kritisk oppfølging for digitalt pedagogisk systemarbeid. Vakansen har gått ut over kapasiteten til å løyse lovpålagde oppgåver, samt å vere ein nødvendig støttefunksjon for skulane. Vakansen har også redusert kapasiteten for lovpålagd tverrfagleg samhandling knytt til m.a kompetansereform, oppvekstreform.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar **opplæring i norsk og samfunnskunnskap** for innvandrarar og flyktningar med rett til opplæring etter § 17 i introduksjonslova, og **grunnskuleopplæring for vaksne**, eventuelt realkompetansevurdering på grunnskuleområdet etter opplæringslova kap. 4A. Per 15. oktober 2022 var det 30 deltakarar på norskopplæring og 5 deltakarar på grunnskuleopplæring.

Giske kommune forlenga ikkje avtalen med Hareid kommune knytt til kjøp av vaksenopplæring, med ønske om å sende ut nytt konkurransegrunnlag til Ålesund og også Hareid kommune.

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

IMDI (Innvandrings- og mangfoldsdirektoratet) betaler ut tilskot til norskopplæring. Kommunar med meir enn 4 personar med rett til norsk og samfunnskunnskap fekk i 2022 eit tilskot på totalt 2 079 077 kroner. Persontilskot utgjorde 1 452 877,- Grunntilskot 626 200,-

I tillegg får kommunane utbetalt persontilskot etter fastlagde satsar i inntil 3 år.

Mottekne tilskot 2022	
Grunntilskot for 30 personar	1 452 877
Persontilskot for 5 personar	626 200,-
Ekstra tilskot pga. korona	
Samla tilskot 2022	2 079 077



6 Barn, familie og helse

Drift

Alle tal i heile 1 000

	6 BARN, FAMILIE, HELSE	Rekneskap	Buds(end)	Budsjett	Rekneskap
Teneste		2022	2022	2022	2021
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	114	105	105	106
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	904	1 302	1 302	874
2120	GRUNNSKOLE	2 509	2 565	2 565	2 151
2130	VAKSENOPPLÆRING	201	382	382	223
2320	FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	5 713	6 493	6 143	5 024
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	756	754	754	708
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	1 141	1 231	1 231	1 391
2410	DIAGNOSE OG BEHANDLING	14 969	13 301	13 301	14 412
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	5 650	4 617	4 617	4 887
2412	PSYKISK HELSEVERN	1 342	16	16	1 394
2413	FRISKLIVSSENTRAL				1
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	- 140	- 72	- 72	- 103
2421	FLYKTNINGKONTOR	3 154	2 242	1 092	1 142
2440	BARNEVERNTENESTE	6 817	7 555	7 555	4 703
2510	BARNEVERNTILTAK I FAMILIEN	2 479	2 443	2 443	3 386
2520	BARNEVERNTILTAK UTANFOR FAMILIEN	4 285	6 120	6 120	3 453
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	2 542	2 514	2 514	2 293
2750	INTRODUKSJONSORDNINGEN	1 371	2 800	2 800	1 468
	Sum gruppeansvar: 6 BARN, FAMILIE, HELSE	**53 807**	**54 370**	**52 870**	**47 513**

Økonomi

Rekneskap for ramme 6, Barn, familie og helse, viser eit meirforbruk kr 937 000 ut frå opprinneleg budsjett, men eit mindreforbruk kr 563 000 ut frå endra budsjett. Eininga vart tilført, via budsjettendring, kr 1 500 000 grunna mottak av fleire flyktningar, frå vedtak på 10 til nytt vedtak på 55 nye flyktningar. Flyktningtenesta fekk tilført 1,5 årsverk for å handtere oppgåvene. Barneverntenesta har eit mindreforbruk med om lag 2,5 mill. Tenesta har brukt mindre på barnevernstiltak utanom familien enn budsjettert. Legetenesta og fysio/ergo har eit meirforbruk, medan flyktning, helsestasjonstenesta og introduksjonsprogrammet har eit mindreforbruk. Pensjonskostnadane vart lagt til ramma seint på året. Kostnadane var ikkje budsjettert. Inntektene ligg til ramme 3.

Oppvekstreforma/barnevernsreforma tredde i kraft frå 1.1.2022. Kommunen har fått ansvar for institusjon og fosterheimsarbeid som barneverntenesta må handtere, ut over det ligg reforma til heile organisasjonen å følgje opp. Det krev mellom anna tett samarbeid mellom ei rekke tenester. Mange av oppgåvene vert løyst gjennom satsinga Betre tverrfagleg samhandling (BTS) Kommunen og barneverntenesta fekk tilført kr 2,8 mill i budsjett 2022 gjennom reforma, samtidig fall tilskotsordninga, som tenesta har fått gjennom mange år, bort med same beløp.

Kommunestatestikken viser at 28% av innbyggjarane i Giske kommune er mellom 0-20 år. Det er framleis nasjonal satsing på helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste. Desse tenestene søkjer vi tilskot til frå stat for å styrkje bemanninga. Betre tverrfagleg samarbeid (BTS) er eit overordna satsingsområdet i Giske kommune. Prosjektet vert finansiert gjennom tilskot frå Bufdir. Arbeidet er forankra både politisk og administrativt. Arbeidet skal treffe fleire lovkrav og reformer som er retta til kommunen å handtere. Kommunen vil framover ha stort fokus på tidleg innsats og førebyggande arbeid til barn og unge ein er bekymra for.

Giske kommune deltek i interkommunalt samarbeid og kjøper tenester hjå andre kommunar knytt til legevakt natt, barnevernvakt, krisesenter og overgrepsmottak.

Kommunen har fått tilført nye og fleire oppgåver dei siste åra. Det følgjer ikkje alltid med økonomiske midlar til å gjennomføre oppgåvene, kommunen må handtere dette med eksisterande ressursar. Tenestene gir tilbakemelding om stor arbeidsmengd og slitasje over tid.

Fastlegeordninga, som er krevjande i mange kommunar i landet, har vore stabil i Giske kommune i 2022.

Dei største utfordringane for eininga i 2022:

- Fleire stillingar i tenestene har stått vakante i store deler av året for å nå målet om innsparing, Dette har ført til stor belastning på tilsette og leiarar.
- Rekruttere og behalde fagpersonell.
- Auka sjukefråvær, 10% i 2022. Auka slitasje i tenestene.
- Styrke den tverrfaglege og koordinerte innsatsen til utsette barn og unge.

Mål/resultat

Utfordringar/mål	kva er gjort	Resultat/effekt 2022
Opplevd god kvalitet i barnevernstenesta	Utarbeiding av rutiner for saksbehandling. Rutiner for betre internkontroll er sett i verk og dokumentert i Compilo. Fleire kompetansehevande tiltak for tilsette er sett i verk.	Ingen fristbrot i tenesta. Kontinuerleg arbeid. Totalt mottatte meldingar: 96 Henlagt etter undersøking: 32. Fristbrot i undersøking: 0% Barn med tiltak : 1.halvår: 47, 2.halvår: 46. Barn under omsorg: 5 . Barn på åtferd institusjon: 2. Tilsyn:11
Kapasiteten i fastlegeordninga skal vere tilstrekkeleg til å sikre alle innbyggjarane fastlege gjennom heile 2022	Rekruttering av vikarar har vore utfordrande. I korte perioder behov for kjøp av vikarbyrå for å sikre tilbod om fastlege til alle. Det er oppretta ei ny fastlegeliste i 2022.	Målet om tilgjengeleg fastlege til alle innbyggjaraen er nådd.
Betre koordinerte tenester	Prosjekt Betre tverrfagleg samhandling (BTS), overordna prosjekt, under arbeid. Utarbeidd BTS veiledar og modell for tverrfagleg samhandling, både på individ og systemnivå. Dette publisert på heimesida til Giske kommune. Her vil tilsette og innbyggjarar få informasjon om korleis handtere ein situasjon der ein er bekymra for eit barn/ungdom. Rutiner og prosedyrer for samhandling mellom helse og oppvekst er etablert. PPT og helsestasjonen deltek i skulen/barnehagane sine inkluderingsteam. Giske kommune har anskaffa felles digitalt samhandlingsverkty, DIPS, som skal gjere det enklare og betre å samarbeide om å yte best mogleg koordinerte tenester til barn/unge. BTS arbeidet er forankra politisk og administrativt, overordna styringsgruppe er etablert, vidare er ulike samhandlingarena under utprøving.	Målet er delvis nådd. Prosjekt pågår. Dette er eit kontinuerleg arbeid.
Digitale søknader til omsorgstenestene	Prosessen vart avslutta då det viste seg at fagsystema ikkje tilfredstilte krava til sikkerheit for behandling av sensitive helseopplysningar ved eit digitalt søknadsskjema.	Målet er ikkje nådd
Oppvekstreforma/barnevernsreforma trer i kraft frå 1.1.2022. Gode system for å fange opp tidleg tegn på skeivutvikling.	Oppgåver- og ansvarsoverføring frå stat til kommune både økonomisk og fagleg. Interkommunalt samarbeid er etablert for å møte krava om ansvar for oppfylging av fosterheimar. Alle tenestene har vore involvert i arbeidet med prosjektet Betre Tverrfagleg Samarbeid som har som tidleg innsats og betre koordinerte tenester som hovudmål. Det er utarbeid ein modell for tverrfagleg samhandling både på system og individnivå. Rutiner og prosedyrer for samahandling mellom helse og oppvekst er etablert. PPT og helsestasjonen deltek i skulen/barnehagane sine inkluderingsteam.	Målet er delvis nådd, kontinuerleg arbeid.
Kompetanseutvikling i alle tenester	Tilsette i barnevern har gjennomført relevant vidareutdanning i regi av Bufetat. Auka bruk av e- læring i alle tenester. Felles kompetanseplan for eininga er utarbeida. Alle tenester har definerte mål om kompetanseutvikling innafor sitt fagområde. Delvis gjennomført tiltaka i felles kompetanseplan.	Målet er delvis nådd. Kontinuerleg arbeid.
Sjukefråvær skal ikkje overstige 5%	Det er hovudsakleg langtidssjukefråveret som har auka. Kartlegging og analyse av situasjonen i eininga sitt HMS-utval er gjennomført. Årsakane er ofte samansette og etter tilbakemelding frå dei tilsette er det i liten grad arbeidsrelatert.	Målet ikkje nådd. Sjukefråveret i eininga i 2022: 10,00 % Kortidsfråver: 1,8% Langtidsfråver: 8,2%
Effektivisere drifta i eininga	Prosjektgruppe etablert for å digitalisere søknader til helse og omsorgstenestene. Utarbeiding av modell for bedre samhandling mellom tenestene. Etablering av nye rutiner for tverrfagleg drøftingsmøte. Gjennomgang av tildelingskriterier for oppretting av individuell plan.	Målet er delvis nådd. Kontinuerleg arbeid.

Utfordringar/mål	kva er gjort	Resultat/effekt 2022
Digitalisering av tenestene	Barnevernet er fullelektronisk og nytter SvarUt i fagprogrammet. Fleire tenester nytter digitale møter både i møte med brukarane og til internt/eksternt samarbeid.	Målet er delvis nådd.
God økonomistyring	Gode rutiner for rapportering frå dei ulike tenesteområda er etablert.	Regnskapet for 2022 viser eit mindreforbruk på kr 563 000. Dette skuldast i hovudsak mindreforbruk på løn på grunn av høgt sjukefråver.

Oversikt tal årsverk i eining Barn, familie og helse

Teneste	2019	2020	2021	2022	Merknad
PPT, logoped	4	3,8	4,3	4,3	Reduksjon logoped 2020
Helsestasjon, jordmor	10.3	10,3	10,3	10,3	7,5 er faste stillingar, 2,8 prosjektstilling
Legetenesta	2,58	2,58	2,58	2,58	Kommunale årsverk
Fysio/ergo/kvardagsrehab/velferdstekn.	7,6	6,6	6,6	6,6	2,6 kvardagsrehab, 1 hjelpemiddellager
Psykisk helseteam barn og unge	3	2	2	2	
Barnevernstenesta	8	7	7	8	
Tildelingskontor	4,7	3,7	3,7	3,7	
Flyktningtenesta	1,63	1	1	2,5	Auka 1,5 grunna auka mottak av flyktningar Ukraina
Totalt årsverk	**41,79**	**36,98**	**37,48**	**39,68**	

Bærekraftsmål

Bærekraftsmål 3: God helse og livskvalitet. Eininga har sett i verk ulike rutiner og retningslinjer og følgt nasjonale krav og føringar. Giske kommune har god dekking av allmenne helsetenester. Kommunen samarbeider med Helseføretaket, politiet og kommunane rundt for å møte utfordringar på best måte. Giske kommune har eit godt samarbeid med Giske kommunale legesenter for å yte best mogleg samanhengande tenester.

Bærekraftsmål 17: Samarbeid for å nå måla. Prosjekt "Betre tverrfagleg samhandling" og "TALK" er viktig arbeid mellom oppvekst, helse og omsorg. Elles samarbeider tenestene både internt i einina og med tenester i andre sektorar.

Kostratal 2020

Kostratal vert presentert under tenesteområda.

Barnevernstenesta

Barnevernet har i 2022 hatt ei satsing på auka internkontroll etter avvik på området etter tilsyn frå Statsforvalteren i 2021. Tenesta har gjennomgått alle stega i saksbehandlingskrava og utarbeidd rutinar for å hindre avvik. Tenesta hadde ingen fristbrot i saksbehandlinga i 2022. Tenesta har fått fleire nye oppgåver som fylgje av barnevernsreforma og har m.a. arbeidd mykje med oppfylging av fosterfamiliar, noko som tidlegare låg til Bufetat. Giske kommune har i samarbeid med andre kommunar utarbeidd eit felles fagleg tilbod til målgruppa.

Kostra, barnevern 2022

Nøkkeltall	Eining	Giske	Kostragruppe	Landet utan Oslo
Netto driftsutgifer til barneverntenesta per innbyggjar	kr	1 695	2 559	2 700
Barn med melding i barnevernet ift talet på innbyggjarar	Prosent	2,8	3,9	3,9
Brutto driftsutgifter pr. barn med undersøking eller tiltak	kr	76 545	84 027	75 312
Netto driftsutgifter pr. barn som er plassert av barnevernet	kr	306 357	432 360	481 985

Kostra nøkkeltal for 2021 var ikkje publisert ved levering av årsmelding, difor ligg kostratal frå 2020.



Fysio-ergoterapiteneste, kvardagsrehabilitering, velferdsteknologi, hjelpemiddellager

- Kvardagsrehabilitering: 96 brukarar
- Ergoterapi: 70 brukarar
- Fysio: 150 brukarar
- Kommunal hjelpemiddelformidling: 231
- Hjelpemiddel frå NAV: 2591

Kvardagsrehabiliteringsteamet har gjennomført førebyggjande tiltak som balansegruppe til om lag 55 personar mellom 75-95 år. Teamet har også eit tett samarbeid med omsorgstenesta for å auke fokus på hjelp til sjølvhjelp i utøving av tenestene. Eininga har midlertidig ei 50% stilling som koordinator for velferdsteknologi. Satsinga er viktig for å sikre at investeringar og utvikling innan velferdsteknologi held fram. Koordinator arbeider tett ilag med omsorgstenestene for å styrke kompetansen i bruk av velferdsteknologi, samt sikre at dei er trygge i bruk, både teknisk og i høve personvern. Giske kommune har to fysioterapeutar med driftstilskot.

Kostratal fysioterapi 2022

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe 01	Landet utan Oslo
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere	Årsverk	6,3	9,7	9,6

Skulehelseteneste, helsestasjon og jordmorteneste

Ca 1500 barn mellom 0-18 år får oppfølging av helsestasjon, 120 får oppfølging av jordmor.

I 2022 var det 82 fødslar og 6 nytilflytta barn.

Ut frå helsestasjonen sine register:

- **63** born 0-15 år (46 familiar) har flytta **til** Giske kommune i 2022
- **26** av borna er utanlandske (18 familiar).
- **36** born 0-15 år (23 familiar) har flytta **frå** Giske kommune i 2022

Helsestasjonen mottok også i 2022 tilskotsmidlar tilsvarande 2,6 stillingar for styrking av mellom anna skulehelsetenesta og jordmortenesta. Kompetansen til helsesjukepleiarane blir nytta meir strukturert i dei oppretta inkluderingsteama på skulane og sikrar det helsefaglege perspektivet i det tverrfaglege arbeidet med å styrke det inkluderande arbeidet i skulen. Tenesta har også hatt ei satsing på foreldrestøttande og foreldreførebuande tilbod og har gjennomført fleire ulike kurs i 2022. Styrking av jordmortenesta har også gjort det mogleg å fylgje opp måla om tidleg oppfølging til barselkvinner etter utskriving frå sjukehuset.

Fødde

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Fødde i løpet av året (antall)	82	120	99	99	108	119	113
Fødde per 1000 innbyggarar (per 1000)	9,4	14,0	11,6	11,7	12,9	14,4	13,8

Kjelde: SSB 11820: Utvalgte nøkkeltall befolkningsprofil , etter region, statistikkvariabel og år

Kostratal helsestasjon- og skulehelseteneste, 2022

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe 01	Landet utan Oslo
Avtalte årsverk i helsestasjon- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggerer	Årsverk	45,4	54,0	51,8



PPT og logopedteneste

PPT

Brukarar: 109

PPT har i samarbeid med oppvekst lagt opp til eit tettare samarbeid ved at PP-rådgjevar har to faste dagar ute i skulane. Målet er ein meir inkluderande praksis og at kompetansen til PP-rådgjevar skal vere lettare tilgjengeleg for skulen. Kontoret har fire årsverk der ein av stillingane er tillagt avdelingsleiarfunksjon. Frå november 2022 har kontoret vore utan avdelingsleiar. Etter oppseiing av stilling som PP-rådgjevar ved årsskiftet har ein prøvd å rekruttere ny avdelingsleiar utan å lukkast. Tenesta har også hatt høgt sjukefråver i 2022 og fristbrot på behandlingstid i 14 saker. Fristbrota gjeld i hovudsak på barnehageområdet. Det er inngått avtale om kjøp av tenester i 2023 for å unngå vidare fristbrot.

Logopedteneste

Giske kommune gjennomførte kutt i logopedtenesta i 2021. Kommunen har per i dag ikkje tilsett logoped, men kjøper denne tenesta. Kommunen er pliktig til å yte tenester til barn og unge med rett etter opplæringslova.



Legetenesta

Brukarar av legetenesta: 8000 listepasientar

Det vart oppretta ein ny legeheimel i Giske i 2022 og kommunen har no 10 fastlegeheimlar og ein turnuslege. Vi har nådd målet om å ha dekking av alle fastlegelistene i løpet av året. Ved permisjonar har det vore utfordrande å rekruttere vikar og kommunen har i nokre tilfelle sett det som naudsynt å bruke vikarbyrå for å oppfylle lovkrava. Kontorkapasiteten ved legesenteret er i ferd med å bli sprengt og ved oppretting av ny heimel i 2023 vil ein ha utfordring med kontorplass.

Psykisk helsearbeid

Tenesta blir drifta av to stillingar, ein psykolog og ein familiterapeut. 95 born og unge fekk tilbod av teamet i 2022. Tal viser ei ganske stor breidde i saker som blir henvist frå lettare til moderate angst- og depresjonsplager, til meir alvorlege plager som vanskar med å gå på skule, traumer, overgrep og kjønnsidentitet. Støtte til foreldre og andre omsorgspersonar er ein viktig del av arbeidet i teamet.



Flyktningtenesta og introduksjonsprogrammet

Giske kommune vedtok i årsbudsjett 2022 å ta i mot 10 nye flyktningar. Grunna krigen i Ukraina vedtok Giske kommune å ta i mot 55 nye flyktningar i 2022. Flytningtenesta hadde 1 årsverk og fekk tilført 1,5 årsverk for å klare å følgje opp oppgåvene.

2022 har vore eit svært krevjande år for flyktningtenesta. Aldri før har kommunen tatt i mot så mange flyktningar på eitt år. 49 nye flyktningar kom i 2022. Kommunen har ikkje tilstrekkeleg kapasitet på kommunale bustadar. Dei fleste av flyktningane har inngått private leigeavtalar. Tilsette rapporterer om ein stadig meir utfordrande leigemarknad på grunn av det høge talet på flyktningar som kjem samtidig. På grunn av krigen i Ukraina er det venta ein auke i etterspurnaden etter kommunale tenester i tida som kjem. Giske kommune har vedtatt mottak av inntil 50 nye flyktningar i 2023. Flyktningtenesta samarbeider tett med fleire tenester både i kommunen, NAV, legesenteret og vaksenopplæringa.

7 Pleie og omsorg

Drift

Alle tal i heile 1 000

	7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	Rekneskap	Buds(end)	Budsjett	Rekneskap
Teneste		2022	2022	2022	2022
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	1 330	1 428	-	3 288
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	3 632	3 688	3 688	3 275
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	1 170	1 605	1 605	1 036
2412	PSYKISK HELSEVERN	2 502	2 700	2 700	2 432
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	1 817	1 581	1 581	1 571
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	9 762	9 484	9 484	9 491
2531	INSTITUSJONSKJØKKEN	371	402	402	345
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	55 765	50 209	47 329	50 823
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	13 919	12 122	10 772	10 101
2543	AVLASTNING	16 501	17 842	17 842	14 778
2544	BRUKERSTYRT PERSONLEG ASSISTENT	6 942	8 302	7 202	5 111
2545	RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	11 411	9 825	9 825	9 671
2546	GISKE OMSORGSSENTER	30 590	26 563	26 563	27 390
2547	Godøy Bukollektiv	9 107	8 253	8 253	7 818
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	34 881	28 199	27 449	29 059
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	549	1 179	1 179	848
2650	OMSORGSBUSTADAR				4
	Sum gruppeansvar: 7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	**200 249**	**183 381**	**175 873**	**177 041**

Tenestene innan ramme 7 vert ytt av Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt , Valderøy omsorgsdistrikt, eining Meistring og psykisk helse. I tillegg ligg eit ansvarsområde knytt til avdeling smittevern, utskrivingsklare brukarar og øyeblikkelig hjelp døgntilbod (ØHD).

Økonomi

Rekneskapet viser eit samla meirforbruk på kr 24,3 mill i ramme 7 ut frå opprinneleg budsjett, ut frå endra budsjett eit meirforbruk kr 16,8 mill. Ramme 7 fekk eit meirforbruk knytt til koronainnleige og avtale inngått med KS med kr 6,5 mill. Kostnaden var lagt til staten å dekke. Inndekkinga til kommunen kom så seint på året at ein ikkje rakk å gjere budsjettendring. Kommunen fekk inntekta, men den vart ikkje overført til ramme 7. Pensjonskostnader og -inntekter kom seint på året. Kostnadane vart lagt til rammeområda, medan inntektene vart lagt til ramme 3. Sjå meir informasjon under ramme 3.

Om ramme 7 hadde fått budsjettendring for koronautgifter og pensjon, ville resultatet sett heilt annleis ut.

Ramme 7 hadde driftstiltak på om lag kr 8 mill i 2022, Leanprosjekt pleie- og omsorgstenester i takt med framtida.

Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050 vart vedteken i Giske kommunestyre juni-22. Det vart lagt ned eit omfattande arbeid med god representasjon. Det vart gjennomført folkemøte, workshop og alle partar fekk høve til å medverke i arbeidet.

Følgjande startegiar vart vedteke:

- Heilskapleg bustadpolitikk for helse, meistring og trivsel
- Heilskapleg tenesteutvikling
- Samskapingskommunen Giske

Sjå strategien her: strategi-bu-og-tenestetilbod-helse-og-omsorg-2050.pdf (giske.kommune.no)

Kommunen har jobba intenst gjennom leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida, for å operasjonalisere strategiane og iverksette tiltak som skulle få effekt allereie i 2022 og vidare i åra som kjem. Kommunen har arbeidd ut at dekningsgrad for heildøgn somatikk er 16,5%, ein nedgong frå 21%. Dette utgjer bruk av inntil 60 heildøgnsplassar ved omsorgssentra. Kommunen har utarbeidd tydelege tildelingskriterier, der ein no tildeler tenester etter behov og ikkje fordi kommunen har ledig kapasitet. Likeverdig behandling av innbyggjarane har stort fokus i dette.

Tildelingskriterier er også utarbeidd for heimebaserte tenester, heildøgn psykiatri/rus og ambulant tenester. I leanprosjektet vert det arbeidd med områder som pasientflyt og samhandling, turnus og vaktinnleige, turnus, organisering, døgnrytme. Leanprosjektet skal arbeide med alle tre brukargruppene, andre i hovudsak eldre, psykiatri/rus og mennesker med nedsett funksjonsevne.

Einingane har arbeidd kontinuerleg med å justere drifta etter kvart det har kome til ikkje budsjetterte utgifter. Likevel dekkjer ikkje tiltaka dei auka utgiftene. Kommunestyret vart gjennom heile 2022 informert om dei økonomiske utfordringane som låg i ramme 7. Nye ressurskrevjande brukarar som er kome til ila året som ikkje er budsjettert for, er og vil framover bli ein stor økonomisk risiko for kommunen. Høgt sjukefråvær i enkelte avdelingar har ført til auka bruk av overtid. Overbelegg og kompliserte brukarsituasjonar har ført til auka behov for ekstra personell ut over normal bemanning. I tillegg har vi i enkelte tenester utfordring med å rekruttere kompetanse og generelt personell.

Giske kommune gjennomførte ei økonomisk kartlegging av pleie og omsorgstenestene i januar 2022, utført av Agenda kaupang. Dette gav grunnlagsinformasjon til Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050. Rekneskap 2021 vart lagt til grunn. Kartlegginga har gitt kommunen god dokumentasjon som vi må nytte vidare i arbeidet for å møte framtida sine utfordringar på best mogleg måte. Om vi fortset å yte pleie og omsorgstenestene som i dag er det venta ein vekst i behov for pleie og omsorgstenester dei neste 30 åra med om lag 150%.

Dei frie inntektene til Giske kommune er lavare enn landsgjennomsnittet, det betyr at kommunen må bruke mindre ressursar enn andre kommunar. Giske kommune har ein lavare andel innbyggjarar under 67 år og over 80 år. Behovsnøkkelen innan pleie og omsorg er lav. Behovsnøkkelen for psykisk utviklingshemma er lav, dette omhandlar innbyggjarar over 16 år med diagnosen psykisk utviklingshemma som mottar helse- og omsorgstenester. Giske kommune har netto driftsutgifter innan pleie og omsorg som ikkje samsvarer med dei frie inntektene kommunen får. KOSTRA-nøkkeltal 2021, viser at Giske kommune har lavare netto kostnader enn andre kommunar i KOSTRA-gruppe 1 og lavare enn snittet i Noreg. Grunna at vi er ei lavinntekstkommune, må kostnadane til kommunen vere lave.

Giske kommune har ei høg bustadgjering av tenestene og lav ressursbruk inn i dei tidlege trinn i omsorgstrappa. Giske kommune har lav andel sjukeheimsplassar med forholdsvis lav kostnad. Kommunen si samla utgift til eldre er lav. Dekningsgrad innan tilbod om bustad med moglegheit for døgnteneste er høgre enn samanliknbare kommunar. Kostnadane er høgare enn samanliknbare kommunar. Giske kommune har høge driftsutgifter til barn og unge med utviklingshemming. Hovudvekta av utgiftene vert nytta i barnebustad. Vi har få plassar og lav bemanning i avlastning institusjon barn og unge under 18 år. Bruttoutgiftene oppleves å vere høge og hovudvekta vert nytta på tenester i bustad.

I underkant av 60% av utgiftene til pleie og omsorg vert brukt på brukargruppa andre i hovudsak eldre. 35% av utgiftene til denne målgruppa går til ulike bustadtilbod med moglegheit for døgntenester. I 2021 gjekk rundt 34% av utgiftene innan pleie og omsorg til mennesker med psykisk utviklingshemming. Hovudvekta vart nytta til vaksne. I underkant av 6% av dei totale utgiftene innan pleie og omsorg vart nytta til mennesker med psykiske helseplager og rusrelatert sjukdom.

Giske kommunestyre har vedteke driftstiltak på kr 22 mill for ramme 7 i 2023. For at Giske kommune skal klare å levere lovpålagte tenester i tida framover, vert framhald i leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida, som starta opp i 2022, svært viktig.

Mål og resultat

Utfordringar/mål	Kva er gjort	Resultat/effekt 2021
Utvikle dagtilboda både ved Giske omsorgssenter, Vigra omsorgssenter og Kingelveven	Utvikling av dagtilboda vert kontinuerleg arbeidd med.	Kontinuerleg arbeid
Sikre framtidig bu- og tenestetilbod til barn og unge med særlege utfordringar	Det vert kontinuerleg arbeidd med å yte lovpålagde tenester. Prosjekt BTS, Betre tverrfagleg samhandlig.	Kontinuerleg arbeid
Imøtekome vekst tal brukarar innan psykisk helse og rustenesta. Auke kompetanse og bruk av velferdsteknologi	Strategi bu-og tenestetilbod helse og omsorg 2050. Leanprosjekt Pleie og omsorgstenester i takt med framtida. Det vert arbeidd med igongsetting av tiltak for å dreie tenestene mot meir ambulant tenester og brukar skal i større grad bu heime og få tenester der. Dekningsgrad heildøgn 5 plassar. Oppretting av ambulant teneste. Ny driftsform Løkevegen bufellesskap 27.mars-23.	Arbeid leanprosjekt Pleie og omsorgstenester i takt med framtida pågår.
I møtekome veksten innan omsorg, tal brukarar og tal tenester innan tildelt budsjett	Giske kommue følgjer vedteken plan, Strategi Bu-og tenestetilbod helse og omsorg 2050. Leanprosjekt: Pleie og omsorgstenester i takt med framtida. Dekningsgrad heildøgn somatikk 16,5 %, inntil 60 heildøgnsplassar. Bygge opp heimebasert teneste til å handtere fleire brukarsaker i eigen heim. Tildelingskriterier heildøgn og heimebasert/ambulant teneste. Samle korttidsbehanding på ei avdeling. Reindyrke langtid og korttid. Korttid demens på Vigra.	Målet er delvis nådd. Under arbeid. Kontinuerleg arbeid. Mål om dekningsgrad 16,5 % er nådd.
Sjukefråvær 7 %	Det er arbeidd kontinuerleg med oppfølging av den sjukmelde. Iverksett nærverkstiltak. Omstillingsarbeid oppleves krevande for tilsette og leiarar, dette påverker også nærværet. Samla fråvær i einingane: 10,2%.	10,2 %. Målet er ikkje nådd
Gjennomføre kompetansehevingsprosjekt: ABC demens og PRO-Act. Elles auke kompetanse på dei områda som treng særleg fokus.	Tilsette er i gong med kurspakke innan ABC-demens. Auke kompetanse i høve vald, truslar og utfordrande adferd. Vergekurs.	Målet er nådd. Kontinuerleg arbeid.

Utfordringar/mål	Kva er gjort	Resultat/effekt 2021
Vi klarer å rekruttere nødvendig kompetanse som sjukepleiar, vernepleiar og helsefagarbeidar. Vi klarer å rekruttere gode leiarar.	Store vanskar med å rekruttere sjukepleiarar i ledige stillingar innan alle tenester i pleie og omsorg, særleg utfordrande å rekruttere sjukepleiarar til Vigra omsorgssenter og Godøy omsorgssenter.	Eit kontinuerleg arbeid. Målet er ikkje nådd ved alle avdelingane.
Redusere ufrivilleg deltid. Heiltidskultur	Auke i stilling til fleire som har redusert stilling.	Målet er delvis nådd. Dette er eit kontinuerleg arbeid.
Ta i bruk dei velferdsteknologiske verktya fullt ut. Gi tilsette nødvendig kompetanse innan området.	Prosjekt velferdsteknologi og prosjekt MiSu. Styringsgruppa har 4-5 møter i året. Leiarane er tett på arbeidet. Etablert ressursperson velferdsteknologi i alle einingar/avdelingar. Koordinator for velferdsteknologi 50 %, velferdsteknikar 100%. Elektrisk dørlåsar, smarte dører for demente har stor effekt i tenestene. Det er sett ned ei delprosjektgruppe som skal jobbe med velferdsteknologi til barn og unge med særlege behov.	Dette er eit kontinuerleg arbeid.
Kostnad for inneliggande pasientar i Helseføretaket skal ikkje overstige budsjett	Budsjett 460 000. Rekneskap kr 270 000. Mindreforbruk kr 190 000	Målet er nådd.
God økonomistyring	Rekneskapet syner eit meirforbruk kr 16,8 mill, korrigert for ikkje overført inntekter korona kr 10,3 mill. Pensjonsinntektene, som kom seint på året, vart ført på ramme 3. Desse ville redusert meirforbruket ytlegare.	Målet er ikkje nådd

Tal brukarar innan helse og omsorg 2010 -2022

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Brukarar med tenester	448	462	448	466	500	510	531	734	878	946	951	929	1024
Tal tenester	1560	1690	1760	1923	2185	2185	2506	2820	3199	3626	3675	3716	4212
E-meldingar	0	0	0	2283	9201	13 097	14 186	14 374	14 374	16 605	18 346	21 535	21 185

Tal brukarar på tenesteområde

Tenesteområder	Tal brukarar 2019	2020	2021	2022
Storkjøkkenet	182	192	178	184
Heimesjukepleie	307	321	300	299
Brukarstyrt personleg ass. (BPA)	8	9	10	11
Aktivisering av eldre og funksjonshemma, dagtilbod	70	59	51	61
Praktisk bistand	211	215	187	188
Bukollektiv korttid/langtid	98	134	105	109
Rehabilitering	44	35	36	35
Psykisk helse og rusteneste	259	263	230	291
Kingelveven	13	13		13
Løkevegen bufellesskap	13	13	12	14
Avlastning barn	13	15	12	19
Støttekontakt	63	60	58	59
Bufellesskap for funksjonshemma	14	15	15	15
Institusjon	11	13	11	11
Avlastning eldre	5	4	1	7
Psykisk helse barn/unge	103	73	59	95

Tal brukarar og gjennomsnittleg timetal denne dagen

Teneste	25.10.2021	31.12.2021	14.10.2022	31.12.2022
Brukarstyrt personleg assistanse brukarar	10	10	11	8
Timetal per veke	359 timar	359 timar	361 timar	279 timar
Praktisk bistand/opplæring brukar	117	122	112	104
Prakisk bistand/opplæring timetal per veke	2 378 timar	2 716 timar	2 308 timar	2 267 timar
Heimesjulepleie brukarar	150	200	219	214
Heimesjukepleie timetal per veke	2 114 timar	2 202 timar	2 113 timar	1 822 timar

Bærekraftsmål

Berekraftsmål 3: God helse og livskvalitet. Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uavhengig av alder. Hindre smittsommer sjukdommar, korona, har vore arbeidd mykje med også i 2022. Giske kommune har god dekking av allmenne helsetenester. Kommunen samarbeider med Statsforvaltar, Helseføretaket, politiet og kommunane rundt for å møte utfordringar på best måte.

Bærekraftsmål 17: Samarbeid for å nå måla. Det er eit tett samarbeid mellom helse- og omsorgstenestene, NAV, oppvekst, og andre aktuelle tenester, Helseføretaket og andre kommunar. Samarbeidsprosjekt som TALK og Betre tverrfagleg innsats (BTS). Giske kommune har eit godt samarbeid med legesenteret for å yte best mogleg samanhengane tenester.

Kostra, omsorg 2022

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Kostragruppe 1	Landet utan Oslo
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester pr.innbyggjar	kr	33 521	35 762	34 500
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjar	Årsverk	270,2	341,1	322,0
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i % av kommunen sin samla netto driftsutgifter	%	36,9	35,9	34,6
Andel brukarretta årsverk i omsorgstenesta med helseutdanning	%	79,7	79,2	78,0
Årsverk per brukar av omsorgstenester	Årsverk	0,82	0,51	0,58
Andel innbyggjarar 80 år og over som brukar heimetenester	%	31,1	30,8	27,9
Andel brukarar av heimetenester 0-66 år	%	33,0	50,5	49,0
Andel innbyggjarar 80 år og over som bur ved institusjon	%	1,6	9,3	10,4
Andel brukartilpassa einerom med eige bad/wc	%	100	94,9	93,6
Utgifter per opphaldsdøgn i institusjon	kr	4 353	4 421	4 752
Andel innbyggjarar 67-79 år med dagaktivitetstilbod	%	1,38	0,87	0,70

Institusjonstenester

Giske kommune har åtte institusjonsplassar ved Vigra omsorgssenter, avdeling for demente, Skogly. Vi ser ei stadig auke i behov for plass. Plassane er til ei kvar tid fylt opp. Dei tilsette har høg kompetanse innan demens og utviklar seg i takt med behov, lover og forskrifter. Giske kommune leverer eit tilbod av høg kvalitet. Det er auka vekst i tal demente, om lag 50 nye vert diagnostisert kvart år i Giske kommune. Frå 2021 til 2030 er det venta ei auke i tal demente med 44%, frå 2030 til 2050 vil det auke ytlegare med om lag 90%. Bruk av velferdsteknologi og behov for ulike bustadar vil auke i tida framover. Dagtilbod for demente ved Vigra omsorgssenter starta hausten 2019. Dette viser seg å vere eit svært viktig og godt tilbod til mange, noko som mellom anna gjer at brukaren kan bu lenger heime og betrar livssituasjonen til pårørande.



Kjøkkentenester

Kjøkkentenester

Kjøkkenet leverer tenester til omsorgssentera, institusjon og heimebuande. Kjøkkenet leverer møtemat, mat til barnehagar og deltek i høve dagaktivitetar og andre sosiale tilstellingar på dei ulike omsorgssentra. Giske har sidan oppstart av storkjøkken 2012 nytta kok-kjøl metoden. Dette gir svært god og næringsrik mat, i tillegg er det svært kostnadseffektivt. Kjøkkenet har kun 3,5 årsverk. Dei har eit tett og godt samarbeid med NAV og andre tenester. I tillegg bidreg kjøkkenet med arbeidspraksis og er lærlingstad.

Heimebaserte tenester

Det vert levert heimebaserte tenester både i bukollektiv, bufellesskap, omsorgsbustader og i heimen til brukaren. Tenestene er heimesjukepleie, praktisk bistand, BPA (brukarstyrt personleg assistanse), kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. Heimebasert teneste er den største tenesta i omsorgsdistrikta og Meistring og psykisk helse, og vert gitt til alle brukargrupper, barn,unge og eldre. Den står føre ei tid med stort fokus på omstilling, tenesteutvikling, tverrfagleg samarbeid, digitalisering og nye arbeidsmetodar. Tenestene er i tett samarbeid med tildelingskontoret om kartlegging, vurdering og utmåling av teneste. Målet er at brukaren vert sjølvhjelpt så langt som råd og vere meir aktiv i eige liv. Kvardagsrehabilitering er implementert som fast teneste i kommunen og heimebaserte tenester har fått opplæring i modellen som skal vere ein aktiv del av tenesteytinga. Det vert framover ei nøye vurdering av kva ein kan tildele av velferdsteknologiske løysingar som første val.

Nye måtar å yte teneste på vert avgjerande for at kommunen skal klare å møte framtidige behov. Heilskapleg bustadpolitikk, tenesteutvikling og samskaping vil vise seg å vere viktige og avgjerande strategiar i tida framover.

Spesialisthelsetenesta vurderer stadig sine tenester og kommunen merkar godt at brukarane kjem raskare heim og er dårlegare enn tidlegare. Dette fører til eit stort press på korttid- og heildøgnsplass og auka krav til meir tenesteyting i heimane. 2022 har vore prega av svært pressa drift med krevjande brukarsituasjonar med stort behov for oppfølging og kompetanse. Kommunen har vanskar med å rekruttere sjukepleiarar og helsefagarbeidarar, og fleire signaliserer at dei ikkje maktar å gå i 100% på grunn av stort arbeidspress. Sjukefråværet er i enkelte avdelingar høgare enn tidlegare år, samstundes har vi også avdelingar med eit lavare sjukefråvær enn tidlegare.

Utfordringa vidare vert å ha økonomisk berekraftige tenester, yte fagleg forsvarlege tenester, rekruttere rett og god kompetanse, handtere auka innan bu- og tenestetilbod til barn og unge med spesielle behov, møte auka innan tal demente, auka forventing til kva kommunale tenester skal yte og halde tritt med nye lover, krav og forskrifter. Strategi bu-og tenestetilbod helse og omsorg 2050 og leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida, vert svært viktig for korleis kommunen skal møte utfordringane i tida framover.

› Avdeling smittevern

Grunna pandemien og oppgåvene som vart lagt til kommunen, vart avdeling smittevern etablert november 2020. Grunna oppgåver vidareført til 2022, vart drift i avdelinga opprettholdt i 2022. Avdelinga har hatt om lag 2,5 årsverk i midlertidig stilingar. Frå august 2022 om lag 0,5 årsverk, dette for å sikre pålagt beredskap på flyplassen og vaksinering.

Avdeling smittevern har hatt følgjande oppgåver:

1. TISK (Testing - Isolering - Smittesporing - Karantene):

    1. Drifte teststasjonar på Ålesund Lufthamn Vigra og ved rådhuset
    2. Legge til rette for karanteneopphald og isoleringsopphald for tilreisande i samarbeid med Ålesund kommune
    3. Motverke og slå ned smitteutbrot

2. Drive løpande informasjonsarbeid til innbyggarane
3. Samarbeid med omkringliggande kommuner, statsforvaltar, Avinor, politi, Røde kors m.fl.
4. Rapportering til Statsforvaltar og Helsedirektoratet
5. Vaksinering

Giske kommune har hatt ei godt fungerande smittevernavdeling, som har handtert oppgåvene etter kvart dei har kome til. Beredskapsleiinga har gjennom året vore tett på situasjonen og leia arbeidet saman med aktuelle partar.

Kostnader knytt til drift av teststasjon på Vigra flyplass er blitt dekka i si heilhet gjennom tilskotsordning ved Helsedirektoratet. Kostnader til vaksinering og TISK-arbeid er blitt dekka via skjønnstilskot frå Statsforvaltar.

Rekneskap 2021, avdeling smittevern

Via tilskot frå Helsedirektoratet, har Giske kommune fått dekka alle utgifter knytt til drift av teststasjon Vigra flyplass.

Drift av teststasjonen på Valderøya er blitt dekka gjennom skjønnstilskot frå Statsforvaltar.

Avdeling smittevern leverte i 2021 rekneskap i balanse.



9 Teknisk

Drift

Alle tal i heile 1 000

	9 TEKNISK	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Budsjett
Ansvar		2022	2022	2022	2021
5000	BYGGESAK (Sjølvkost)	2 832	1 014	214	1 304
5100	EIGEDOMSAVDELING	37 694	36 736	36 159	37 703
5300	BRANNVERN	9 283	9 524	9 370	8 593
5310	FEIING OG TILSYN (Sjølvkost)	-	44	44	- 0
5400	KOMMUNALT KARTVERK	2 893	3 196	2 139	1 739
5410	OPPMÅLINGSFORRETNING (Sjølvkost)	- 51	-	-	17
5500	REGULERING	915	1 196	1 208	1 691
5510	PLAN	1 073	1 067	1 067	749
5520	GRUNNKJØP	1 610	1 236	1 236	1 436
6000	OPPARBEIDING UTBYGGINGSOMRÅDER	- 1 341	- 1 814	- 2 814	- 1 343
6100	VEGANLEGG	7 833	7 914	7 964	8 131
6200	VASSFORSYNING (VAR)	220	313	-	593
6300	AVLØP OG RENSING (VAR)	756	364	-	1 114
6350	SLAMTØMMING (VAR)	- 10	- 461	-	- 591
6400	RENOVASJON (VAR)	852	129	-	973
	Sum gruppeansvar: 9 TEKNISK	**64 558**	**60 458**	**56 587**	**62 109**

Eininga omfattar ansvarsområda som vist i rekneskapsoversikta ovanfor. Avviket i regnskapet som gjer at sjølvkostområda ikkje går i null etter avsetning/bruk av fond, skuldast forskjellen mellom bokførte avskrivingar og avskrivingar i sjølvkostmodellen.

Merknad eigedomsavdelinga: Det er formannskapsvedtak på at inntekter frå sal av Giske kvileheim skulle styrke budsjettet til bygg og eigedom med kr. 1 400 000. Formålet var vøling av utleigebustader og frittliggande omsorgsbustader. Budsjettendringa er ikkje iverksett då det ved ein feil ikkje har vore vedteke av kommunestyret, samt at kostnadane er vurdert som vedlikehaldskostnader som skal belaste drifta.

I tillegg har eigedomsavdelinga hatt utgifter til korona i 2022 på kr 440 000 som ikkje er refundert.

I tillegg har eigedomsavdelinga hatt kostnader for ombygging av gamle Daggry barnehage til ombygging for Ukrainske flykningar på kr 350 000 som ikkje er refundert.

Tilsaman utgjer dette kr 2 190 000 i manglande inntekter/budsjettendring for eigedomsavdelinga i tabellen over.

Overblikk - utfordringar

Gjøsund næringsområde.

Målsettinga for området - *nasjonal fiskerihamn* - er politisk avklart i gjeldande reguleringsplan for området. Mudringsprosjektet er no i sluttfasen etter store utfordringar når det gjeld grunnforhalda våren 2022. Fristen måtte forlengast og blir fullført våren 2023. Dei vanskelege grunnforhalda samt ekstraordinær lønns- og prisstiging har ført til overskridingar i forhald til ramma i forskutteringsavtalen på over 50 million kroner.

I april 2022 bad kommunestyret i k-027/22, kommunedirektøren arbeide fram ein plan for utvikling av Gjøsundet hamn og nye næringsområde og at utviklinga skulles skje i samsvar med føringane for berekraftig utviklin i samfunnspalnen og etter formuesbevaringsprinsippet i kommunelova.

I august 2022 vart mandat for prosjektarbeidet vedteke og at det skulle etablerast ein breidt samansett prosjektorganisasjon. PwC vart leigd inn som prosjektleiar og arbeidet skulle fullførast i januar/februar 2023. Det kortsiktige målet var å utvikle ein prosjektplan som skulle beskrive korleis området skal utviklast på kort- og lang sikt. Det skulle også lagast ein plan for organisering og utviklings- og driftsfase, og under det vurdere selskapsform og eigarstruktur. På lengre sikt er målesetjingane å etablere ei grøn nasjonal fiskerihamn med breidt servicetilbod, eit nasjonalt knutepunkt for trafikk langs sjøvegen, attraktive næringsareal som kan bidra til etablering av både sjø og landbasert næring og dermed skape nye arbeidsplassar, auka kommunale inntekter som skal bidra til betre tenester og innbyggarane og å skape ein attraktiv bu- og arbeidskommune.

Utviklingsplanen er no i sluttfasen og skal til politisk behandling i løpet av våren. Sjølv om prosjektet vert avslutta kan ikkje arbeidet med forvaltning av Gjøsundet stoppe opp og kommunen må i 2023 rigge seg for å forvalte eigarskapet- gjennom selskapsform, gjennom sal eller utleige/bortfeste eller ein kombinasjon av dette. Å få på plass nødvendig infrastruktur vil vere avgjerande for å utvikle heile området. I dette ligg også behovet for djupvasskai som ligg i planane til Ålesundregionens havnevesen.

Bygg- og eigedomsforvaltning.

Kommunen har eit bygningsmessig vedlikehaldsetterslep på om lag kr. 170 mill, fordelt mellom investeringsbehov og driftsbehov. Etterslepet er eit resultat av notorisk underfinansiering over mange tiår i ein målestokk og omfang som med rette kan kallast *styrt forfall*.

Kommunestyret bad om ein forvaltningsrevisjon i 2021 som syner at kommunen underfinansierer drifta med kr 8 mill i året - noko som er nødvendig for å utføre verdibevarande vedlikehald. For å ta igjen etterslepet meiner bygg og eigedom det er nødvendig å auke drifts og vedlikehaldsbudsjettet med 10 million kroner.

Bygningskvalitet har direkte påverknad på tenestekvaliteten som utførast i same bygg.

I eit bærekraftsperspektiv fordrar rasjonell byggforvaltning meir enn rein funksjons-/verdibevarande vedlikehald. Gitt at ein skal kunne maksimere det enklete bygg sin brukstid/nytteverdi må ein ha midlar til oppgradering for for å møte endra krav til funksjon (brukstilpasning) og energibruk. Pr. i dag har ein ikkje resursar til dette - og har heller ikkje hatt dette over lang tid. Samla sett "forbruker" ein bygningsmassen mykje raskare enn forventa levetid, med tilsvarande hyppigare- og totalt sett fordyrande syklus av sanering/nybygg.

Kommunen forvaltar ikkje bygningsmassen på ein berekraftig måte. Utgiftene som skal til for å bevare verdiane må tilpassast det økonomiske handlingsrommet. Finansiering av verdibevaring for heile bygningsmassen må skje over fleire kommunestyreperiodar.

Organisatorisk må ein endre fokus- og arbeidsmåte frå *driftsfinansiert*- til *formuesbevarande forvaltning*. Dagens organisering av byggforvaltninga må difor revurderast og sjåast i samanheng med kommunens totale eiendomsporteføljge i eit næringsperspektiv. Ein bør starte opp dette arbeidet i løpet av 2023. Arbeidet vart starta i teknisk utval våren 2022 og vart tatt til vitande i kommunestyret sommaren 2022.

Vidare er det behov for avklaringar i overordna planar for framtidig tenestestestruktur både innanfor skule og helse. Det er difor viktig at det gis politiske styringssignal i den pågåande rulleringa av kommuneplanens samfunnsdel. Tilsvarande har teknisk eining klare forventningar om konkrete prioriteringar i arealdelen.

Kommunen må vurdere alternative måtar å dekke behovet for omsorgsbustader og – institusjonar tilpassa endrinane i alderssamansetninga vi har i vent. Kommuneplanen sin samfunnsdel må ta opp i seg føringar for ei slik venta utvikling.

Sjølvkostområda - generelt.

Ansvarsområda er, med unntakl av veiledningsplikta etter lova, sjølvfinansierande. Det enkelte sjølvkostområde påvirkar difor i liten grad kommunens drifts-/innvesteringsbudsjett. Ein føresetnad er imidlertid at gebyrnivået over tid dekker kostnadane.

Sjølvkostområda er del av det samla kostnads-/avgiftsnivået for innbyggarar og næringsverksemder i kommunen. Vi er no inne i ei periode med stor kostnadsuke for privathushaldningar og næringsverksemder. Opptrapping av gebyrnivå/aktivitetsnivå bør så langt råd er skje gradvis etter ein overordna plan.

Finansieringsregime sjølvkost VAR – utbyggingstakt samt kvalitetsheving.

VAR- området vil vere eit nasjonalt «vekstområde» i åra framover - jf. auka krav til rensing, utbedring av tilstand på eksisterande leidningsnett, forsyningssikkerhet mm. Innvesteringstakt og nivå på driftskostnader påverkast også av utvikling i kommunens busetnadsstruktur – jf samfunnsdel-/arealdel kommuneplan.

VAR (Vatn, Avløp, Renovasjon) er eit av sjølvkostområda og vert finansiert gjennom årsgebyr frå abonnentane. Opprusting- og utbyggingstakt forutset vesentleg auke i gebyra dei komande åra. Det er behov for ein tettare prosess mellom politikk og administrasjon gjennom budsjettåret for å

sikre tilstrekkeleg kunnskaps- og beslutningsgrunnlag.

I snitt utgjorde gebyrnivået for VAR-området i Giske kommune (året 2021) 71 % av landsgjennomsnittet, 71% av kostragruppe 01 (Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, lave frie disponible inntekter), 60 % av gebyrnivået til Sula kommune og 86 % av gebyrnivået til Ålesund kommune.

Akutt behov for oppbemanning sjølvkost Byggesak

Situasjonen på byggesak har over lengre tid vore kritisk med store utfordringar i forhold til restansar. Etter ein periode med sjukefråver, oppsigelse og permisjonar har ein gått frå vondt til verre. Våren 2022 stod vi att med 1 byggesaksbehandlar og det vart lyst ut etter 3 nye. Desse kom på plass i august 2022 . Situasjonen har betra seg men framleis greier ikkje byggesak å ta etterslepet. I 2023 kjem det på plass ein ny saksbehandlar og håpet er å ta unna saksmengda samt gamle restansar.

Nivået på antal dispensasjonar som gis er alarmerande høgt – både i forhold til tilsvarande nivå i nabokommunene og nasjonalt nivå. Dispensasjonssaker er særs arbeidskrevjande. Antalet dispensasjonar som gis vurderast som ein viktig forklaringsfaktor på manglande evne til å forsere saksmengda.

Behov for retning og prioritering i overordna planar.

Det er behov for større grad av prioritering/spissing av retningsval i overordna planar - både for det som gjeld framtidig busetnads- og næringsstruktur samt kommunal tenestestruktur. Politisk *eigarskap* er ein føresetnad for *implementering* av retningsvala i planperioden.

Utfordringar og måloppnåing

Utfordringar	Kva er gjort (maks 3 linjer)	Resultat og/eller effekt (maks 3 linjer)
Korona	A. Heimekontor – periodevis. B. Forsterka reinhald gjennom innleige av vikarar	A. Sømløs overgang – minimal innvirkning. B. Redusert fare for smittespreiing.
Bemanning byggesak særs kritisk grunna sjukdom, permisjon, oppseiing.	Maksimalt fokus på sakshandsaming samt kjøp av tenester frå privat firma. Etter juni-juli er bemanningssituasjone bedra seg grunna permisjonsperiode avslutta.	Tidsbruk pr. sak på same nivå som 2021. Noko tap av gebyrinntekter grunna oversitting av fristar.
Tilrettelegging for utvikling av Gjøsund næringsområde	A. Mudringsprosjektet er godt i gang og skal etter framdriftsplan ferdigstillast hausten 22. B. Prosess starta opp med målsetting om utarbeidng av masterplan i løpet av 22 C. Tidlegare solgt tomt er tilbakeført til kommunen frå HTR Eiendom AS	A. Ein kan starte opp arbeidet med etablering av sjøfront i form av kaier. Fleire av aktørane i sundet har starta opp førebuande arbeid. B. Masterplan er ein føresetnad for målretta utvikling av Gjøsund hamn som ei nasjonal - grøn - fiskerihamn. C. Tomta er no fristilt og framtidig bruk kan planleggast som del av kommunens øvrige areal.
Midlar til forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg er kritisk lågt.	Driftsrelaterte oppgåver prioriterast.	Manglande verdibevarande forvaltning/vedlikehald er over tid ikkje berekraftig.
Fullføring av skuleprosjektet - endring skulestruktur	Ombygging av Godøy skule samt etablering av skule-/klasseromspaviljonger på Valderøya	Bygningsmessige endringar - del av strukturendringr gjennom flytting av ungdomsskuleelevar frå Godøya til Valderøya samt flytting av barneskuleelevar frå Alnes til Godøya. Godøy barneskule nedlagt.

Bærekraftsmål

Overordna planarbeid: Rasjonell disponering av tilgjengelege areal til utbyggingsføremål. Langsiktig forvaltning av LNF-områda. Betre grunnlag for planlegging- og forvaltning av sjøområda gjennom kartlegging (marine grunnkart).

Regulering: Rasjonell utnytting av byggeområda samtidig som ein fortsatt legg til rette for gode bumiljø og lengst mogleg butid i eigen bustad.

Utbygging- og vedlikehald av teknisk infrastruktur: Dimensjonering av teknisk infrastruktur som stettar framtidige krav/behov (rensing av kloakk, handtering av overvatn/flomvatn, reduksjon av lekkasjer i vassforsyninga).

Gjennom myndighetsutøvelse i konkrete søknadspliktige tiltak; oppfylle lova sin føremålsbestemmelse om bærekraft - jf plan- og bygningslova § 1.

Forvaltning av bygningsmasse: Gjennom god forvaltning å realisere det enkelte bygg sin ibuande levetid/potensiale.

Grøn havn - Gjøsund nasjonale fiskerihavn: Legge til rette for "grøne løysingar" på kommunens næringsareal som td straum, gass, hydrogen, ballasthandtering (tømming/rensing/fylling), internlogistikk.

Koronaåret

Reinhald har vore krevjande, men totalt sett løyst på ein god måte - både gjennom anskaffelse av smitterobot og tilkallingshjelp. Etter tilbakemelding frå reinhaldsleiar er det imidlertid eit generelt behov for større fokus- og opplæring/kursing av reinhaldspersonellet i smittevern. Dette både som kompetanseaukande tiltak for tenesta og som tiltak for å trygge den enkelte tilsette gjennom bedre å kunne vurdere eigen smitterisiko. Særleg i starten av pandemien var det mange spørsmål og tildels uro blandt enkelte av dei tilsette.

Det har vore eit krevjande år også for bygg- og eigedomsavdelinga med auka arbeidsmengde grunna ombyggingar og andre bygningsmessige tilpassingar.

Dei øvrige tenestene har så og seie vore upåverka. For kontortilsette kunne ein så og seie omgåande gå over til heimekontor med fasilitering av intern-/eksternmøter via teams. Pr. i dag er det kun unntaksvis-/periodevis at enkelte tilsette har heimekontor.

UTVALDE KOSTRATAL

Kommunalt avløp

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
Årsgebyr for avløpstenesta - ekskl. mva. (kr)	Kr.	3074	3394	6454	4761	4435

Kommunal vassforsyning

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
Årsgebyr for vassforsyninga - ekskl. mva (kr.)	Kr	2459	2566	4053	3814	4033

Husholdningsavfall

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
Årsgebyr avfallstenesta - ekskl. mva. (kr)	Kr	2 690	3 320	3318	3001	3140

Samferdsel

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
Brutto driftsutgifter til gatebelysning pr kilometer belyst veg (kr)	Kr	22 829	14 777	14 482	21 420	25 553
Netto driftsutgifter til kommunale vegar og gater pr km (kr)	Kr	77 368	168 590	184 603	115 170	165 922

Utgifter til vedlikehald av formålsbygg

Eigedomsforvaltning

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
Utgifter til vedlikehald pr. kvadratmeter (kr)	Kr	36	76	19	90	107
Herav utgifter til reinhald	Kr	143	71	125	172	166
Herav energi- kostnader pr. kvadratmeter	Kr	49	97	59	103	99



Sjølvkostområder - gebyrfinansierte tenester

5000 Byggesak

Byggesak - teneste 3020

Rekneskap 2022: Meirforbruk kr. 1 230 123

Kapasiteten på byggesak har vore - og er fortsatt kritisk. Byggesøknadsomfanget i kommunen er prega av mange dispensasjonssøknader og fleire tidkrevjande saker i tillegg, ras Valdervoll. Situasjonen vart teke opp med toppleiinga og politisk nivå. Personalsituasjonen var vanskeleg med permisjon, sjukmeldingar og oppseiing. Arbeidsmiljøet var utfordrande og påverka helsa til dei tilsette på teknisk. Det vart sett inn tiltak i form av einingsleiarstilling og løyving til ein byggesaksbehandlar til. Dermed vart det tilsett 3 nye byggesaksbehandlarar i august 2022. På grunn av manglande ressursar har ikkje kommunen utført lovpålagt tilsyn i det heile i 2022.

Gebyrinntektene (byggesakshandsaming) er på kr. **1 845 121 som utgjer 88% av budsjetterte inntekter.**

Teneste 3021 -Veiledning: meirforbruk kr 552 844, skuldast feilbudsjettering som vi ikkje fekk retta opp i 2022.

Teneste 3025 - Eigarseksjonering: meirforbruk kr 32 457

Totalt meirforbruk på 5000 Byggesak: kr 1 815 424

5310 Feiing og tilsyn

Regnskap 2022 : Avsetning til fond kr. 140 046

Fond pr. 31.12.22 er på kr. 980 851

Feietenesta vert kjøpt frå Ålesund kommune, og det vert feia annakvart år. Feiing er ikkje gjennomført i 2022.

5410 Oppmålingsforretning

Regnskap 2021 : Avsetning til fond kr. 309 673

Fond pr. 31.12.21 er på kr. 1 431 120

Kommunen kjøper oppmålingstenester frå privat landmålarforetak. Pr. i dag utgjer kjøp av slike tenester halve oppmålingsgebyret. Øvrig halvdel av gebyrinntektene dekker kommunens eige arbeid med med mottak av krav til matrikkelføring, kontroll av måleprotokoll samt matrikkelføring/tinglysing.

Det er meirinngang i gebyrinntekter på 209 078 i høve til budsjett.

Det er pr i dag ingen restansar.

6200 Vassforsyning

Regnskap 2022: Bruk av fond kr 1 451 287

Fond pr 31.12.22: kr 5 793 687

Tilstand i forsyningsnettet fører til om lag 40% lekkasje/svinn. Ein har difor auka utskiftingstakta og frnying av ledningsanlegga dei siste åra. Ein er i gang med å etablere målekummar for å betre omfang og lekkasjepunkt i ledningsstrekka. Vi har etablert 3 målekummar på Roald, der vi har hatt problem med framandvatn. Dette arbeidet viser resultat i form av at vi ikkje treng å kjøpe så mykje vatn frå Ålesund lenger.

Utført oppgradering på leidningsnettet	2020	2021	2022
Antal nye meter leidningsnett	2 100 m	3000 m	1350 m
Antal meter fornya	2 663 m	4334 m	2230 m
Antal lekkasjereparasjonar	15 hendingar	10 hendingar	5 hendingar

Vassmengde eigenproduksjon og kjøp

Vassmengde levert på nettet	2020	2021	2022
Vassmende frå Alnesvatnet	927 011 m3	969 237 m3	958 838 m3
Vassmengde levert frå Ålesund	128 100m3	87 431 m3	64 582 m3
Totalt forbruk inkludert lekkasje	**1 055 111 m3**	**1 056 668 m3**	**1 023 420 m3**

6300 Avløp og rensing

Regnskap 2022 : Bruk av fond kr. 441 261

Fond pr. 31.12.22 er på kr. 5 065 394

Utskifting avløpsrør: 329 m

Nye avløpsrør: 132 m

Hovudplan for VA vart ferdigstilt og vedteken i 2022. Planlegging av renseanlegg og plassering av dei var ein viktig del av dette arbeidet. Planlegging av vatn og avløpsløysing for næringsområdet på Gjøsundet har tatt mykje tid. Fleire pumpestasjonar på Roald har hatt problem med framandvatn og kartlegging av omfang og tiltak vert sett i gang i 2023.

6350 Slamtømming

Kommunen kjøper teneste hjå ÅRIM /Bingsa Gjenvinning AS. I tillegg er det tilsett ein person på tilsyn i 50% stilling, men som ar slutta og stillinga er førebels vakant.

Teneste 3540 Slamtømming: Avsett til fond kr 207 718. Fond pr 31.12.22 kr 654 893

Teneste 3022 Tilsyn: Avsett til fond kr 357 477. Fond pr 31.12.22 kr 636 313

6400 Renovasjon

Regnskap 2022: Meirforbruk på kr. 852 011 i høve budsjett. Dette resultatet saman med negativt resultat frå 2021 gir eit negativt fond pr 31.12.22 på kr 1 721 299.

I høve til budsjett har ein i 2022 hatt auke i kostnadane med kjøp av tenester frå ÅRIM på om lag kr. 300 000.
Kommunen har starta kartlegging av den gamle fyllplassen på Gjøsundet med tanke på at området kan bli seld/leigd ut. Dette arbeidet er tenkt avslutta i 2023.



Kommunalt kartverk

5400 Kommunalt kartverk

Regnskap 2022: Mindreforbruk på kr. 302 639.

Mindreforbruket skuldast at større andel av lisensar frå kartleverandør (Norkart) fordelast på sjølvkostområda.

Kommunen har delteke i pilotprosjekt for etablering av marine grunnkart. Presjektet ferdigstillast på vårparten 2023. Kartdata produsert i prosjektet kan ein finne på Marinegrunnkart (avinet.no)

Vidare har kommunen inngått intensjonsavtale med fylkeskommunen for utarbeiding av regionalt program for å styrke det marine kunnskapsgrunnlaget i fylket. Arbeidet er eit ledd i å kunne posisjonere Møre og Romsdal inn mot ei nasjonal satsing på marin kartlegging langs kysten.

I 2022 har det ikkje vore investert i modular knytt til det kommunale kartet. Det vil imidlertid bli ein del investeringar i 2023 og 2024.



Regulering - behandling av private planforslag

5500 Regulering

Regnskap 2022 : Meirforbruk kr 281 121

Det er gjort vedtak om at ansvarsområdet skal være *sjølvfinansierande* gjennom gebyra. Tidlegare år har sjølvkostgraden vore god: Året 2020 var dekningsgraden heile lag 83 %. Veiledningsplikta er ein kostnad for kommunen som ikkje kan dekkast inn gjennom gebyr. Ein vil difor aldri ha 100 % kostnadsdekning.

Antal (årlege) planar som skal finansiere kostnadane er etter måten lågt - stipulert til +/- 10 årlege planforslag. Ikkje alle planar vert ferdig handsama- og fakturert innanfor regneskapsåret. Planarbeid som av ulike grunnar tek lengre tid, eller som av privat forslagstillar vert sett på vent - får difor negativ innverknad på inneverande års inntekter og tilsvarande positiv innverkand påfølgjande år.

For året 2022 er det vedtatt oppstart av 7 planar, ein plan er ferdigstilt og ga gebyrinntekter.

Planar vedteke oppstart i 2022:
Olmannsvika (kommunal)
Hjallismarka
Jussbakken
Leitebakk
Ytterland nord for Demma 2022
Giske Bg 5
Kabbertavegen
Planar vedtekne i 2022
Skjong/Ytterland nord for dekka/Ytterland hage

Plan - kommuneplan mm

5510 Plan

Regnskap 2022 : Resultatet viser om lag balanse, med eit lite meirforbruk på kr. 6 096

Kommuneplanen

Det har vore arbeidd med samfunnsdelen 2023-2033. Kommunestyret sende saka tilbake til formannskapet som ønska å diskutere meir rundt sentera i kommunen. No har formannskapet vedteke planen og den skal opp i kommunestyret i april.

Områdeplan for Sætra og Gjøsund – kommunens sitt handelssenter

Formannskapet støttar ikkje lenger planskissa for omlegging av Valderøyvegen ved Sætra med rundkøyring på riksvegen, men går for gjenbruk av dagens kryss. Formannskapet har vedtatt å sette planarbeidet på vent i påvente av konstruktiv avklaring frå statleg vegmynde knytt til løysing av dei problematiske vegtilhøva i området.

PAKT

PAKT er vedtatt av kommunestyra i Ålesund, Sula og Giske, og planen er vedtatt i fylkesstyret som regional plan.

Interkommunal sjøarealplan

Kommunestyra i Ålesund, Sula og Giske vedtok i 2021 eit forprosjekt med sikte på å utarbeide felles kystsoneplan for dei tre kommunane. Møre og Romsdal fylkeskommune støttat prosjektet økonomisk. Grunna økonomiske avklaringar har saka stoppa opp, men det er venta at planarbeidet vil bli starta opp i 2023.03.06

Veteranplan

Kommunane Giske, Sula og Ålesund har etter initiativ frå kommunedirektørane gått saman om å lage ein interkommunal veteranplan. Målet er at det skal verte betre å vere veteran i desse sunnmørskommunane.

Veteranplanen bygger vidare på Regjeringa sin oppfølgingsplan for veteranarbeidet, og tiltaka er sortert på følgande område: Anerkjenning, ivaretaking og oppfølging.

Grunnkjøp

5520 Grunnkjøp

Regnskap 2022 : Meirforbruk kr. 185 000

Ansvarsområdet handsamar alle tingsrettslege problemstillingar knytt til kommunens eigedomar - både for det som gjeld tidlegare saker, pågåande- og framtidige erverv/avhendingar. Grunna bemanningssituasjonen (permisjonar og sjukdom) har ein ikkje kunna gitt arbeidsområdet tilstrekkeleg prioritet.

I det aller vesentlegaste har ein jobba med utvikling av gjøsund næringsområde – generelt for området under eitt og særskilt for kommunens eigedomar/areal. Vidare har ein forsøkt å bistå inn mot prosjektleiar for mudringsprosjketet.

Ein legg opp til å prioritere grunnkjøpsarbeidet med heil stilling i det vidare.

Ferdigstilling av pågåande rulleringsarbeid med kommuneplanens *samfunnsdel* samt rullering av *arealdelen* er ein føresetnad for vidare planlegging- og gjennomføring av avhending av (større) kommunale eigedomar.

Kjøp av grunn til eigne utbyggingsprsojekt gjennomførast som avtaleskjøn – etter frivillig avtale om grunnavståing med prisfatsetting i rettsleg skjøn. Planlegging, gjennomføring og oppgjør følgjer av fastsett produksjon-/prosjektløype (jf. tidlegare LEAN-arbeid).

Bygg- og eigedomsavdelinga

5100 Eigedomsavdelinga

Regnskap 2022 : Meirforbruk på om lag kr 950 000.

Meirforbruk utgjer 2,5 % av totalbudsjettet for avdelinga. Då er det ikkje lagt inn inntektssidene som gjeld flykning og korona på tilsaman kr 790 000 og heller ikkje sal av Giske kvileheim. Budsjettendringa er ikkje iverksett då det ved ein feil ikkje vart vedteke av kommunestyret, samt at kostnadane er vurdert som vedlikehaldskostnader som skal belaste drifta.

Der er overforbruk på lønnssida på kr 748 000 - dette er i stor grad knytt til reinhald og koronasituasjonen. I 2022 fekk vi finansielt utbytte på straum på om lag kr 3 500 000. I tillegg hadde vi og forsikringsoppgjer etter 2 brannar på om lag kr 600 000. Midla har gått til å dekke utbetring av fleire utleigeboligar og frittliggande omsorgsboligar. Dette har sett oss i stand til å utbetre fleire utleige- og frittliggande boligar for om lag kr 2 mill. Dette viser at ein sum på kr 2 mill ekstra har styrka vedlikehaldet mykje i 2022.

Forvaltningsmessig er situasjonen fortsatt særs kritisk. Kommunen slit med eit totalt etterslep på nær 170 mill., fordelt mellom investeringsbehov (50%) og driftsbehov (50%). Tiltak som vert tatt inn i investeringsplan, vil krevje auka vedlikehaldsbehov og driftsbudsjett.

Kommunestyret gjennomførte ein forvaltningsrevisjon i 2021 og den syne at kommunen årleg underfinansiere driftsmessig verdibevarande vedlikehald med ca. kr. 8 mill. Rapporten viser også underfinansiering på drift med om lag kr 2 mill.

For enkelte av bygga er situasjonen pr. dags dato slik at konsekvensane av tidlegare manglande/mangelfullt vedlikehald verkar sjølvforsterkande. Ein må rekne med at vedlikehaldsetterslepet komande år vil eskalere og tilsvarande forkorte det enkelte bygg sin levetid.

I eit bærekraftsperspektiv fordrar rasjonell byggforvaltning meir enn rein funksjons-/verdibevarande vedlikehald. Gitt at ein skal kunne maksimere byggets brukstid/nytteverdi må ein ha midlar til oppgradering for for å møte endra krav til funksjon (brukstilpasning) og energibruk. Pr. i dag har ein ikkje ressursar til dette - og har heller ikkje hatt dette over lang tid. Samla sett "forbruker" ein bygningsmassen mykje raskare enn forventa levetid.

Bygg og eigedom brukar verksemdplanen aktivt og forsøker å levere i forhald til den. Der er likevel område vi ikkje klarer å levere på grunna økonomi - og manglande avklaringar mellom tenestene.

Reinhald

Regnskap 2022: overforbruk lønn på vel kr 700 000 også etter lønnsrefusjon. Skuldast i hovudsak manglande overføring av koronaeffekt på kr 440 000. Elles mindreforbruk på andre driftsutgifter med knappe kr 100 000.

Tal tilsett er knapt- vi har i dag 15 fast tilsette (14,07 årsverk). Det trengs fleire tilsette for å dekke reinhald i formålsbygga.

I verksemdplan for 2022 følgjer ein opp behovet for kompetanseplan med tilrettelegging for individuelle løp fram til fagbrev. 8 reinhaldarar har tatt fagbrev (teorien) i 2022. Arbeidgivar har tilrettelagt for opplæring i kommunen.



Brannvern

5300 Brannvern

Regnskap 2022 : Mindreforbruk Kr 241 146

Kjøp av tenester frå Ålesund brannvesen KF - Brannvesenet for Ålesund, Sula og Giske.

Ålesund brannvesen KF /Giske kommune har gitt brannbil til Ukraina i 2022.

Veganlegg, parkar og plassar

Regnskap 2022 : Mindreforbruk kr. 81 258

Drift 6100 VEGANLEGG:

Under ansvarsområdet 6100 veganlegg er det tre tenesteområder. Dette er 3320 kommunale vegar, 3341 gatelys og 3350 parkar, plassar m.m. Rekneskapen for 6100 veganlegg for 2022 har vore 7 832 652 kroner. Budsjettet for 6100 veganlegg i 2022 var på 7 913 910 kroner. Dette vil seie at ansvarsområdet 6100 veganlegg har hatt eit mindreforbruk på 81 258 kroner.

3320 Kommunale vegar:

Tenesteområdet 3320 Kommunale vegar har i 2022 eit rekneskap på 6 194 669 kroner. Budsjettet for 3320 Kommunale vegar i 2022 var på 5 673 663 kroner. 3320 Kommunale vegar hadde i 2022 eit meirforbruk på 521 006 kroner. Meirforbruket skuldast vinterdrift. Vinterdrifta var budsjettert for lavt. Det kom også meir snø enn forventa.

På første gang på mange år var det avsett midlar til asfaltering, og det vart brukt kr 1,2 mill i 2022 i tråd med budsjettet- midla vart tekne frå planlagt hovudplan for veg, dette arbeidet blei utsett til 2023.

3341 Gatelys:

Tenesteområdet 3341 Gatelys har i 2022 eit rekneskap på 1 306 621 kroner. Budsjettet for 3341 Gatelys i 2022 var på 1 802 008 kroner. 3341 Gatelys hadde i 2022 eit mindreforbruk på 495 387 kroner. Mindreforbruket skulde lave straumutgifter. Straumutgiftene var vesentleg lavare enn forventa - mykje grunna finansielt utbytte utbetalt i 2022. Det vart skifta til ledlys for kr 160 000 i 2022 (investeringsbudsjettet).

Størsteparten av drifts- og vedlikehaldskostnadane er naturleg nok i vinterhalvåret med tilsvarande reduserte kostnader i sommarhalvåret.

3350 Parkar, plassar m.m.:

Tenesteområdet 3350 Parkar, plassar m.m. har i 2022 eit rekneskap på 331 361 kroner. Budsjettet for 3350 Parkar, plassar m.m. i 2022 var på 438 239 kroner. 3350 Parkar, plassar m.m. hadde i 2022 eit mindreforbruk på 106 878 kroner. Utgiftene for 3350 Parkar, plassar m.m. i 2022 var på 1 657 651 kroner. 1 160 004 kroner av desse er dekt av kyrkja. Dette er midlar som kompenserer for drift av kyrkjegardane.



10 Kyrkjelege føremål

Kyrkjelege føremål omhandlar fylgjande tenesteområde:

Kyrkjer

Andre religiøse føremål

Kyrkjegardar

Drift

Alle tal i heile 1 000

	10 KYRKJELEGE FØREMÅL	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste		2022	2022	2022	2021
3900	KYRKJER	4 345	4 345	4 345	4 244
3930	GRAVPLASSAR	1 160	1 268	1 268	1 160
	Sum gruppeansvar: 10 KYRKJELEGE FØREMÅL	**5 505**	**5 613**	**5 613**	**5 404**

Driftsutgifter til kyrkjelege føremål:

		2022	2021
Driftstilskot frå kommunen til kyrkjeleg fellesråd	kr	4 184 500	4 084 401
Tilskot til trudomssamfunn	kr	0	0
Tenesteytingsavtale mellom kommunen og kyrkjeleg fellesråd stipulert til	kr	160 000	160 000
Drift av gravplassar - driftstilskott	kr	0	0
Drift av gravplassar - tenesteytingsavtale med kommunen	kr	1 160 000	1 160 000

Driftsrekneskapen for 2022 viser eit mindreforbruk på kr 108 300 og skriv seg frå mindre overføring til teneste gravplassar enn budsjettert. Når det gjeld drifta elles viser ein til fellesrådet si årsmelding.

Tilskot til andre trudomssamfunn er frå 2021 overført til Staten.

11 Interkommunale avtalar

Oversikt interkommunale avtalar i 2022

	Merknader/endring i 2022
Ålesund kommune - ekommune Sunnmøre (it)	Avtale fornya med nye Ålesund Kommune. Fordeling per kommune 30% lik fordeling og 70% etter folketal.
Ålesund kommune - innkjøpssamarbeid	Avtale fornya med Nye Ålesund Kommune. Avtalt pris som blir indeksregulert årleg.
Ålesund kommune landbruksavtale	Kostnaden vert delt etter årsverk rekna ut frå kriteria som ligg til grunn for statlege overføringar til kommunane i landbruksnøkkelen.
Ålesund kommune - krisesenter	Ny avtale i 2020
Ålesund kommune - overgrepsmottak	Ny avtale i 2020
Ålesund kommune - interkommunal legevakt natt	Ny avtale i 2020
Ålesund kommune - nødnett	Ny avtale i 2020
Ålesund kommune - juridisk avtale (barnevern)	Ny avtale i 2021
Ålesund kommune - øyeblikkelig hjelp dagtilbod	Avtale inngått i 2020
Ålesund kommune - barnevernsvakta	Ny avtale med Ålesund, Barnevernsvakt på Sunnmøre, med verknad frå oktober-19.
Møre og Romsdal 110-sentral KF - tryggleiksalarmer	Denne vart avslutta i 2019. Vi kjøper tenester med Telemark alarmsentral. Endringar knytt til nye digitale tryggleiksalarmar.
Sunnmøre friluftsråd	Ny avtale frå 2020
Møre og Romsdal 110-sentral KF - brannalarm	Avtale inngått i 2016.
Ålesund brannvesen KF - branntenester	Ny avtale frå 2020, inkluderer alle brannteneste inkl feiing og branntilsyn justert avtale 29.11.22.
Bingsa Gjenvinning AS (renovasjon og slam)	Inngått avtale 15.9.22 om innsamling av hushaldningsavfall og slam.
Sunnmøre regionråd IKS	Videreført eksisterande avtale
Destinasjon Ålesund og Sunnmøre	Videreført eksisterande avtale
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS	Årleg tilskot pr. kommune blir fastsett av representantskapet. Halvparten av utgiftene til fordeling blir fastsett i følge eigardel etter §, den andre halvparten vert fordelt utfrå medgått tidsbruk.
Møre og Romsdal Revisjon SA	Avtale frå 2021. Timespris ut frå faktisk tidsbuk
Region Ålesund	Viderefører eksisterende avtale
Hareid kommune - grunnskule for vaksne	Ny avtale frå hausten 2020
Hareid kommune - norsk og samfunnskunnskap til vaksne innvandrarar og flyktningar	Avtalen gjeld til 2023
Ålesund kommune, kjøp av vatn	Videreført eksisterande avtale

Del 3 Investeringar - oversikt over prosjekt

Oversikt prosjekt 2022

Dei største prosjekta vert nærare kommentert nedom tabellen.

Prosjekt	Prosjekt	Vedtatt	Reknesk.ført	Årets	Reknesk.ført	Sum rekne-	Gjenstår av	Kommentar
nr		utgiftsramme	tidlegare år	budsjett	i år	skapsført	utgiftsramme	
1301	OMSTILLING GJENNOM BRUK AV IKT, DIGITALISERING OG NY TEKNOLOGI			2 000 000	364 765		1 635 235	Budsjettramme pr år 1)
1304	EIGENKAPITALINNSKOT KLP			1 500 000	1 216 679		283 321	Budsjettramme pr år 1)
2302	IKT-UTSTYR SKULAR			480 000	375 540		104 460	Budsjettramme pr år 1)
2324	NY BARNESKULE PÅ VALDERØY			0	-2 750 000		2 750 000	
2336	Giske Ungdomsskule Oppgradering skulekjøkken			1 600 000	0		1 600 000	
3101	FORMIDLINGSLÅN			0	-2 288 132		2 288 132	Budsjettramme pr år 1)
5122	Kjøp/sal tomter			0	-1 282 850		1 282 850	
5123	SAL GISKE KVILEHEIM - BURMAVEGEN 13			0	-1 411 023		1 411 023	
5130	NÆRMILJØTILTAK	2 780 000	858 449	2 000 000	94 690	953 139	1 826 861	
5168	Vigra Skule tilbygg/påbygg			1 000 000	134 300		865 700	
5304	Tankbil brannvesen/vassforsyning	2 735 000	2 365 678	275 000	4 083	2 369 761	365 239	
5410	FELLES TEKNISK UTSTYR			120 000	146 072		-26 072	Budsjettramme pr år 1)
5605	SKULEVEGEN GISKE	38 470 753	41 138 979	0	165 059	41 304 038	-2 833 285	
5702	YTTERLAND NÆRINGSOMR.			0	1 459 333		-1 459 333	
5756	Utvikling av Gjøsund hamne- og næringsområde.			3 500 000	1 446 962		2 053 038	
5857	MUDRING GJØSUNDET	86 500 000	51 736 551	86 500 000	91 284 015	143 020 566	-56 520 566	
5858	Opparbeiding av næringsområde Gjøsund			3 500 000	6 137 326		-2 637 326	
6201	MINDRE VEGANLEGG			400 000	93 968		306 032	Budsjettramme pr år 1)
6202	GATELYS			160 000	160 000		0	Budsjettramme pr år 1)
6204	TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK			160 000	0		160 000	Budsjettramme pr år 1)
6212	Transportmidlar og maskiner til uteseksjonen			1 200 000	512 110		687 890	Budsjettramme pr år 1)
6213	Utstyr og lisensar til prosjektleiarane			100 000	0		100 000	Budsjettramme pr år 1)
6221	Asfaltering kommunale vegar			1 200 000	1 199 406		594	
6250	Modernisering av leidningsanlegg/lekasjered/Hovudplan			1 200 000	1 296 786		-96 786	
6252	Overføringsledning Godøy - Giske	9 092 077	7 283 220	1 500 000	610 198	7 893 418	1 198 659	
6253	Vassledning Giske - Staurneset	3 197 511	336 128	3 000 000	2 256 669	2 592 797	604 714	
6256	Bytte av generator			240 000	0		240 000	
6257	Naudstraumsagregat på henger			720 000	0		720 000	
6309	Overvatn Rokkevegen			2 600 000	540 650		2 059 350	
6372	Nytt hovudnett på Molnes	5 000 000	1 835 128	3 200 000	3 262 373	5 097 501	-97 501	
6373	Leidningsnett og pumpestasjonar			13 000 000	0		13 000 000	
6380	Tilbygg Alnes renseanlegg			120 000	0		120 000	
6381	MINDRE LEIDNINGSANLEGG			1 100 000	751 962		348 038	Budsjettramme pr år 1)
6383	FORNYING LEIDNINGSANLEGG			10 000 000	6 917 377		3 082 623	Budsjettramme pr år 1)

Prosjekt nr	Prosjekt	Vedtatt utgiftsramme	Reknesk.ført tidlegare år	Årets budsjett	Reknesk.ført i år	Sum rekne-skapsført	Gjenstår av utgiftsramme	Kommentar
6386	HOVUDPLAN VATN/AVLØP	1 700 000	1 528 332	0	422 875	1 951 207	-251 207	
6388	Ny pumpestasjon Molnes med forskyvingsleidning			1 500 000	0		1 500 000	
6390	Renseanlegg Roald			1 800 000	51 558		1 748 442	
7101	Giske Kyrkje - forprosjekt murverk			200 000	200 000		0	
7300	VALDERØY KYRKJEGARD	7 600 000	6 800 000	800 000	800 000	7 600 000	0	
8701	BRUK AV LÅN			-145 175 000	-112 672 749		-32 502 251	Låneopptak pr år
8801	INT. FINANSTRANS.			-1 500 000	-1 500 000		0	Pr år

1) Budsjettramme pr år: årsbudsjett er ei konkretisering av ei løyving, dette er prosjekt som vert avslutta årleg og skal dei fortsette må det setjast av nye løyvingar.

Kommentar til investeringsprosjekt 2022

1301 Omstilling gjennom bruk av ikt, digitalisering og ny teknologi

Framhald av omstillingsarbeid, startlisens for nye ikt-program mm.

1304 Eigenkapitalinnskot KLP

Eigenkapitalinnskot KLP (pensjonsfond).

2302 Ikt-utstyr skular

Digitalisering og ikt-omstilling på skule.

2324 Ny barneskule på Valderøy

Mottatt spelemidlar frå fylkeskommunen til gymsal.

3101 Formidlingslån

Vidareformidling av startlån frå Husbanken til vanskelegstilte. Prosjektet er sjølvfinansierande ved at innbetalingar og utbetalingar er like store.

5122 Kjøp/sal tomter

Sal av diverse tomter, Roald Småbåtforeining og molo Giskegjerde.

5123 Sal av Giske kvileheim – Burmavegen 13

Sal av Giske kvileheim.

5130 Nærmiljøtiltak

Innleigd landskapsarkitekt v/Nordplan. Prosjekt blir vidareført.

5168 Vigra skule tilbygg/påbygg

Det er gjennomført moglegheitstudie som syner investeringsbehov. Til handsaming i formannskap og kommunestyre vår 2023 for å avklare vidare framdrift. Forventa start investering frå 2024.

5304 Tankbil brannvesen/vassforsyning

Tankbil til brann vart levert i slutten av 2021, forsinka pga. korona. Restbetaling i 2022.

5605 Skulevegen Giske

Utbetalingar for grunnkjøp etter kva som har blitt fastsett i skjønnssak for tingretten, innkjøp av trafikkskilt og vegnamnskilt med utstyr og utredning av setningsskader ved ein eigedom.

5702 Ytterland næringsområde

Dette gjeld tap av utestående krav til Ytterland Port AS. Gjeld opprinneleg anleggsbidrag til ny industriveg.

5756 Utvikling av Gjøsund hamne- og næringsområdet

Kjøpte tenester for hjelp til utvikling av området og utarbeide plan forankra med næringslivet. Bruk av interne ressurser er ført i driftsrekneskapet.

5857 Mudring Gjøsundet

Utgifter i samband med forskotteringsavtalen med Samferdselsdepartementet for å gjennomføre mudring av Gjøsundet nasjonale fiskerihamn. Dette er lønnskostnader til prosjekt- og byggeleiar samt kjøp av diverse tenester i samband med gjennomføring av prosjektet.

5858 Opparbeiding næringsområde Gjøsund

Opparbeiding og klargjering av Gjøsund næringsområdet. Utlegging av sprengstein og arrondering. Arbeid utført på området og planlegging.

6212 Transportmidlar og maskiner til uteseksjonen

Kjøpt diverse maskiner og utstyr.

6221 Asfaltering av kommunale vegar

Asfaltering av eksisterande kommunale vegar, deler av Øvstevegen (ca. 400 lengdemeter) og deler av Vikevegen (ca. 290 lengdemeter).

6250 Modernisering av leidningsanlegg/lekkasjereduksjon/plan

Etablert målekummer til flyplass, Roald og Synes nord og sør. Rydda opp i leidningar for å få kontroll på forbruk og lekkasjar på Vigra.

6252 Overføringsleidning Godøy - Giske

Gjeld vassleidning i sjø mellom Giske og Godøya. Skifta i 2021 og diverse små arbeider gjensto til ferdigstilling i 2022.

6253 Vassleidning Giske Staurneset

Skifting av gamal 40 mm vassleidning for å etablere brannvatn mot Staurneset og sikre vassforsyning til området. Forventa ferdigstilt i 2022.

6309 Overvatn Rokkevegen

Utskifting av siste rest med overvass rør til sjø og opprydding spillvatn. Det vart noko mindre arbeid enn først antatt. Ferdigstilt i 2022.

6372 Nytt hovudnett på Molnes

Prosjekt for etablering av rundkøyring på vassnettet mot Molnes-Roald. Ny vassleidning frå Mjølner til krysset Fjellfoten med nokre stikk for å koble saman på Roald/Molnes. Ferdigstilt våren 2022.

6381 Mindre leidningsanlegg

Bygging av mindre nye leidningsanlegg som er påkravd for å løyse utfordringar på vass- og avløpsnettet der vi ikkje har leidningar frå før.

6383 Fornying leidningsanlegg

Løpande skifting av gamle/oppbrukte rørsystem på vass- og avløpsanlegg. Vert utført kvart år for den summen som blir satt av til slikt arbeid.

6386 Hovudplan vatn/avløp

Ny hovudplan for vatn og avløp vart forsinka pga. korona utfordringar med leverandør. Forventa ferdigstilling og sendt til politisk godkjenning i 2023.

7101 Giske kyrkje – forprosjekt murverk

Kommunal eigendel til forprosjekt undersøking av mur på Giske kyrkje. Resten er dekka av tilskot frå Riksantikvaren.

7300 Valderøy kyrkjegard

Fullføring av parkdel til utviding av Valderøy kyrkjegard.

Løyvingsoversikt - Drift 2022

Alle tal i heile 1 000

Økonomiske oversikter	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Løyvingsoversikt - drift (regnskap)	**2022**	**2022**	**2022**	**2021**
1 Rammetilskudd	262 905	252 839	260 139	257 470
2 Inntekts- og formueskatt	311 009	298 692	273 692	285 156
3 Eiendomsskatt	28 024	28 500	28 500	27 939
4 Andre generelle driftsinntekter	24 894	17 353	11 353	10 267
5 Sum generelle driftsinntekter	**626 833**	**597 384**	**573 684**	**580 832**
	-	-	-	-
6 Sum bevilgninger drift, netto	529 102	525 395	510 002	500 744
7 Avskrivninger	40 650	40 650	39 503	39 503
8 Sum netto driftsutgifter	**569 753**	**566 046**	**549 505**	**540 247**
9 Brutto driftsresultat	**57 080**	**31 339**	**24 179**	**40 586**
	-	-	-	-
10 Renteinntekter	2 518	2 725	2 725	2 232
11 Utbytter	93	50	50	68
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	- 3 901	- 3 000	6 000	11 771
13 Renteutgifter	26 055	26 952	26 952	21 689
14 Avdrag på lån	37 790	39 655	39 655	39 442
15 Netto finansutgifter	**- 65 136**	**- 66 832**	**- 57 832**	**- 47 060**
	-	-	-	-
16 Motpost avskrivninger	40 650	40 650	39 503	39 503
17 Netto driftsresultat	**32 595**	**5 157**	**5 850**	**33 029**
	-	-	-	-
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	-	-	-	-
18 Overføring til investering	1 500	1 500	1 500	1 400
19 Avsetninger til bundne driftsfond	4 406	177	177	7 674
20 Bruk av bundne driftsfond	- 6 043	- 5 235	- 5 235	- 6 678
21 Avsetninger til disposisjonsfond	33 829	9 812	2 005	3 988
22 Bruk av disposisjonsfond	- 1 097	- 1 097	-	-
23 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	7 403	26 646
24 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	**32 595**	**5 157**	**5 850**	**33 029**
	-	-	-	-
25 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	**-**	**-**	**-**	**-**

Løyvingsoversikt Drift B 2022

Alle tal i heile 1 000

	Bevillingsoversikt drift B	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
	Alle tal i heile 1 000	**2022**	**2022**	**2022**	**2021**
1	POLITISK STYRING	4 484	4 640	4 533	4 421
2	KOMMUNE LEIING - STAB	22 868	22 641	22 041	21 899
3	FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	- 8 722	8 504	8 504	3 327
4	DIVERSE TENESTEOMRÅDE	8 547	7 707	7 707	7 019
5	OPPVEKST	221 252	218 150	214 442	213 075
6	BARN, FAMILIE, HELSE	54 470	54 370	52 870	47 115
7	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	199 758	183 160	175 732	175 279
8	MILJØ OG KULTUR	-	-	-	-
9	TEKNISK	27 731	26 515	24 465	26 578
10	KYRKJELEGE FØREMÅL	5 505	5 613	5 613	5 404
12	SKATT, RAMMETILSKOT, FINANS	- 6 789	- 5 905	- 5 905	- 3 374
	Fordelt til drift T O T A L T	**529 102**	**525 395**	**510 002**	**500 744**

Økonomisk oversikt drift 2022

Alle tal i heile 1 000

Økonomiske oversikter	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Regnskap i fjor
Økonomisk oversikt - drift	**2022**	**2022**	**2022**	**2021**
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	262 905	252 839	260 139	257 470
2 Inntekts- og formuesskatt	311 009	298 692	273 692	285 156
3 Eiendomsskatt	28 024	28 500	28 500	27 939
4 Andre skatteinntekter	-	-	-	-
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	24 894	17 353	11 353	10 267
6 Overføringer og tilskudd fra andre	94 095	57 206	57 206	108 291
7 Brukerbetalinger	19 787	21 331	21 331	20 823
8 Salgs- og leieinntekter	62 683	61 385	62 385	56 360
9 Sum driftsinntekter	**803 398**	**737 306**	**714 606**	**766 307**
	-	-	-	-
Driftsutgifter	-	-	-	-
10 Lønnsutgifter	365 756	336 048	325 696	342 908
11 Sosiale utgifter	86 448	87 433	86 214	83 819
12 Kjøp av varer og tjenester	223 985	219 856	217 180	231 149
13 Overføringer og tilskudd til andre	29 479	21 981	21 834	28 343
14 Avskrivninger	40 650	40 650	39 503	39 503
15 Sum driftsutgifter	**746 318**	**705 967**	**690 427**	**725 721**
16 Brutto driftsresultat	**57 080**	**31 339**	**24 179**	**40 586**
	-	-	-	-
Finansinntekter	-	-	-	-
17 Renteinntekter	2 518	2 725	2 725	2 232
18 Utbytter	93	50	50	68
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	- 3 901	- 3 000	6 000	11 771
20 Renteutgifter	26 055	26 952	26 952	21 689
21 Avdrag på lån	37 790	39 655	39 655	39 442
22 Netto finansutgifter	**- 65 136**	**- 66 832**	**- 57 832**	**- 47 060**
	-	-	-	-
23 Motpost avskrivninger	40 650	40 650	39 503	39 503
	-	-	-	-
24 Netto driftsresultat	**32 595**	**5 157**	**5 850**	**33 029**
	-	-	-	-
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:	-	-	-	-
25 Overføring til investering	1 500	1 500	1 500	1 400
26 Avsetninger til bundne driftsfond	4 406	177	177	7 674
27 Bruk av bundne driftsfond	- 6 043	- 5 235	- 5 235	- 6 678
28 Avsetninger til disposisjonsfond	33 829	9 812	2 005	3 988
29 Bruk av disposisjonsfond	- 1 097	- 1 097	-	-
30 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	7 403	26 646
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	32 595	5 157	5 850	33 029
	-	-	-	-
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	**-**	**-**	**-**	**-**

Oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner - drift

	§ 5-9.Oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Regnskap i fjor
	Disposisjonene som er foretatt i samsvar med § 4-1 til § 4-4 skal for driftsregnskapet stilles opp slik:	**2022**	**2022**	**2022**	**2021**
1.	Netto driftsresultat	32 594 647	5 156 894	5 849 894	33 028 938
2.	Avsetninger til bundne driftsfond	- 4 406 276	- 177 084	- 177 084	- 7 673 995
3.	Bruk av bundne driftsfond	6 043 323	5 235 161	5 235 161	
